

Høringsnotat

Forskrift om Statens kunstnarstipend

Innhald

1	Innhaldet i høyringsnotatet.....	5
2	Bakgrunnen for forslaget	6
2.1	Om Statens kunstnarstipend.....	6
2.2	Historisk bakgrunn	6
2.3	<i>Kunstnarkår</i>	7
2.4	Proessen til no.....	7
3	Struktur og oppbygging i utkastet til forskrift.....	8
4	Formålet med ordninga.....	9
4.1	Gjeldande rett	9
4.2	Departementets vurdering	10
5	Føresegner om stipend.....	11
5.1	Innleiing.....	11
5.2	«Kunstnarleg aktivitet og kvalitet»	12
5.3	Kven kan få stipend	13
5.3.1	Bu- og virkekrav	13
5.3.2	Kunstnarar under utdanning	13
5.3.3	Andre arbeidsforhold	14
5.4	Forholdet mellom mottakar av stipend og forvaltninga	16
5.4.1	Bruken av stipendet og rapportering.....	16
5.4.2	Kontroll, bortfall av stipend og tilbakebetaling	17
5.4.3	Klage.....	19
5.5	Permisjonar	20
5.5.1	Gjeldande rett	20
5.5.2	Departements vurdering.....	21
5.6	Dei enkelte stipenda.....	22
5.6.1	Innleiing	22

5.6.2	Arbeidsstipend	23
5.6.3	Arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar	24
5.6.4	Stipend for etablerte kunstnarar og stipend for seniorkunstnarar...	25
5.6.5	Diversestipend	32
5.6.6	Etableringsstipend for unge kunstnarar	32
6	Føresegner om forvaltning og organisering	35
6.1	Innleiing	35
6.2	Utvalet for Statens kunstnarstipend	36
6.2.1	Gjeldande rett	36
6.2.2	Departementets vurdering	37
6.3	Stipendkomitéane	38
6.3.1	Innleiing	38
6.3.2	Statens ansvar for forvaltning og ressursbruk	39
6.3.3	Gjeldande rett	39
6.3.4	Departementets vurdering	40
6.4	Oppnemning av medlemmer i stipendkomitéane	43
6.4.1	Innleiing	43
6.4.2	Rett til å oppnemne komitémedlemmer	44
6.4.3	Kven kan bli oppnemnt?	52
6.5	Reglar om forvaltning som ikkje blir vidareført	54
6.6	Sekretariat for stipendkomitéane	55
6.6.1	Gjeldande rett og bakgrunn	55
6.6.2	Departementets vurdering	55
6.6.3	Delegering	57
6.7	Kvotefordeling	58
6.7.1	Innleiing	58
6.7.2	Gjeldande rett	59

6.7.3	Departementets vurdering	59
6.8	Årshjulet for søknadsbehandlninga	60
7	Overgangsregler for utfasa stipendtypar	61
8	Økonomiske og administrative konsekvensar	62
9	Merknader til dei enkelte føresegnene	62
10	Utkast til forskrift	71
I		71
	Forskrift om Statens kunstnarstipend	71
II		78

1 Innhaldet i høyringsnotatet

Kultur- og likestillingsdepartementet legg i dette høyringsnotatet fram utkast til ny forskrift om Statens kunstnarstipend.

Forslaget er forankra i Meld. St. 22 (2022–2023) *Kunstnarkår*, jf. Innst. 217 S (2023–2024), der det blei gjort ein heilskapleg gjennomgang av forvaltninga av Statens kunstnarstipend.

Forslaget har to hovudformål. For det første å gjere nødvendige endringar for å sikre ei ryddig og fleksibel forvaltning av Statens kunstnarstipend i tråd med omtala i *Kunstnarkår*. I tillegg er det behov for ei ny forskrift for ordninga som følgjer dagens standardar for lovteknikk. Den gjeldande forskrifta er utdatert, har eit svært høgt detaljnivå, byr på tolkingsutfordringar og gjer forvaltninga lite fleksibel.

På mange område foreslår departementet å vidareføre dagens praksis. Departementet foreslår i tillegg ein del nye reglar om forvaltning og organisering, inkludert reglar om stipendkomitéane. Vidare er reglane om dei enkelte stipendtypane forenkla, og fleire av reglane er samla i fellesføresegner. Departementet foreslår òg nye reglar om etableringsstipend for unge kunstnarar, tildigare kalla diversestipend for nyutdanna kunstnarar.

Med forslaget ønskjer departementet å styrkje ordninga sin legitimitet ved å balansere omsynet til grundig søknadsbehandling med omsynet til effektiv ressursutnytting i forvaltninga.

Bakgrunnen for forslaget er omtalt under punkt 2. Punkt 3 handlar om strukturen og oppbygginga av forskriftsutkastet. Formålet med ordninga er omtalt under punkt 4. Forslaget til føresegnar om stipenda er omtalt under punkt 5, medan punkt 6 gjeld forslaget til føresegnar om organisering og forvaltning. Punkt 7 gjeld overgangsreglar for utfasa stipendtypar, inkludert garantiinntekt. Økonomiske og administrative konsekvensar av forslaget er omtalt under punkt 8, medan punkt 9 inneheld merknader til kvar enkelt føresegn. Sjølv utkastet til forskrift er tatt inn til slutt, under punkt 10.

2 Bakgrunnen for forslaget

2.1 Om Statens kunstnarstipend

Statens kunstnarstipend er ei statleg ordning der kunstnarar får økonomisk tilskot i form av stipend. Stipenda skal sørgje for at kunstnarane kan ha kunstnarleg aktivitet som hovudvirke og dermed bidra til å nå måla i den statlege kulturpolitikken. Ordninga blir finansiert over statsbudsjettet.

Vedtak om tildeling av stipend blir fatta av utvalet for Statens kunstnarstipend, eit organ med fem medlemmer som er oppnemnt av Kultur- og likestillingsdepartementet. Utvalet fattar vedtak på bakgrunn av innstilling frå 20 sakkunnige stipendkomitéar som er samansett av fagfellar frå kvar sine kunstretningar. Utvalet arbeider på armlengds avstand frå staten, og departementet kan ikkje overprøve utvalets kunst- og kulturfaglege skjønn.

Fordelinga av midlane mellom dei ulike kunstnargruppene (kvotefordelinga) blir fastsett av departementet etter forslag frå utvalet.¹ Kulturdirektoratet er sekretariat for utvalet.

Stipenda har ein varigheit frå eitt til ti år (med atterhald om Stortinget sitt årlege budsjettvedtak). Dei fleste stipenda blir utbetalte som løn, og staten betaler arbeidsgivaravgift og trekkjer skatt av stipenda.

2.2 Historisk bakgrunn

Ordninga med statleg finansierte kunstnarstipend blei etablert i 1963, som ei vidareutvikling av det som den gongen heitte kunstnarløn. Om lag 130 norske kunstnarar fekk kunstnarløn i perioden 1862 til 1962. Endringa i 1963 innebar eit systemskifte frå ein premierande til ein stimulerande kunstnarpolitikk.

I 1998 blei *forskrift om statens stipend og garantiinntekter for kunstnere* fastsett.

Forskrifta har blitt endra fleire gonger, ofte i samanheng med at stipendstrukturen har blitt endra. Dei siste større endringane skjedde i 2013.

Departementet har over tid fått innspel om forbetringar og forenklingar knytt til prosedyrar for oppnemning, stipendkomitéstruktur, stipendstruktur og kvotefordeling. Allereie St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014* peikte på behovet for endringar i forvaltninga som følge av samfunnsutviklinga på kulturfeltet. Ytterlegare innspel kom i *Forenklet, samordnet og uavhengig* (Løken-utvalet, 2008), Meld. St. 23 (2011–2012) *Visuell kunst* og NOU 2013: 4 *Kulturutredningen 2014*, og dessutan frå utvala for Statens kunstnarstipend i fleire periodar.

Med innspela som grunnlag, varsla departementet Stortinget om ein gjennomgang av forvaltninga av Statens kunstnarstipend i Prop. 1 S (2017–2018). Her heiter det mellom anna:

¹ [Prop. 1 S \(2024–2025\)](#) s. 50–51.

«Basert på forslag i rapport fra Utvalget for statens kunstnerstipend, vil departementet gi utvalget i oppdrag å utvikle og modernisere forvaltningen. Målet er blant annet at ny komité- og stipendstruktur skal forenkle søknadsprosessen for kunstnerne og bedre reflektere dagens kunstnerpraksis. Endringene vil også innebære at utvalget foretar kvotefordelingen og oppnevner komitéer etter innstilling fra kunstnerorganisasjonene.»

Kunstnarorganisasjonane var usamde i forslaget om at utvalet skulle oppnemne medlemmer av stipendkomitéane etter innstilling frå organisasjonane. Dei meinte at det var meir demokratisk å vidareføre at organisasjonane stemte inn kandidatar, enn at dei fem medlemmane i utvalet skulle gjere dette. Stortinget bad regjeringa om å kome attende med ei eiga kunstnarmelding der forvaltninga av Statens kunstnarstipend blir sett inn i ein større, heilskapleg samanheng (Innst. 14 S (2017–2018)).

2.3 Kunstnarkår

Med bakgrunn i det som er gjennomgått over, fekk forvaltninga av Statens kunstnarstipend stor plass i Meld. St. 22 (2022–2023) *Kunstnarkår*. I meldinga foreslo regjeringa følgjande prioriteringar om forvaltninga av Statens kunstnarstipend,² som Stortinget i det vesentlege slutta seg til, jf. Innst. 217 S (2023–2024):

- sikre at forvaltninga av Statens kunstnarstipend, så vel som kvotefordelinga, er fleksibel nok til å møte utviklinga i kunstnarbefolkninga, i kunstfeltet og i kunstuttrykka
- leggje til rette for at medlemene i komitéane får honorar på lik linje med fagutvala i Kulturrådet og Fond for lyd og bilete, der oppdrag frå staten vert honorerte av staten³
- revidere forskrift om statens stipend og garantiinntekter for kunstnere, mellom anna med sikte på å sikre ei ryddig forvaltning og ein demokratisk og mangfaldig representasjon av kunstnarar og organisasjonar i stipendkomitéane
- utvida aldersgrensa for nye stipend for seniorkunstnarar og etablerte kunstnarar til 70 år
- greie ut opptening av pensjon på langvarige stipend⁴

2.4 Prosessen til no

Departementet har hatt dialog med kunstnarorganisasjonane som er sekretariat for, og oppnemner medlemmer til, stipendkomitéane. 15. oktober 2024 blei det halde eit ope møte der mange av kunstnarorganisasjonane kom med innspel til arbeidet med ny forskrift.

² Meld. St. 22 (2022–2023) *Kunstnarkår* s. 57–58.

³ Det er ikkje reglar om honorering i forskrifta, og spørsmålet om honorering er difor ikkje behandla i denne høyringa.

⁴ Punktet om pensjon må utgreiast nærmare. Spørsmålet om pensjon blir difor ikkje behandla i denne høyringa.

Departementet har òg hatt gruppevisе møte med organisasjonane, delt opp etter kunstfelt, om overføring av sekretariatet for stipendkomitéane. Vidare har departementet hatt møte med Den norske Forfatterforening og Forfatterforbundet, om retten til å oppnemne medlemmar av stipendkomitéen for skjønnlitterære forfattarar. Departementet har òg mottatt ei rekkje skriftlege innspel.

Departementet har òg fått innspel frå utvalet for Statens kunstnarstipend og Kulturdirektoratet. Utkastet til forskrift har blitt lagt fram for begge organa før høyringa.

3 Struktur og oppbygging i utkastet til forskrift

Departementet foreslår ei forskrift som er delt i fem kapittel. Kapittelinnndelinga har som formål å skape ein logisk samanheng i regelverket, men òg å fungere som eit pedagogisk hjelpemiddel for sѳkjarar av ordninga.

Utkastet til forskrift om Statens kunstnarstipend kapittel 1, «Innleiande føresegner», inneheld ei føresegn om formål og ei om verkeområde.

Utkastet kapittel 2, «Fellesføresegner», inneheld reglar som gjeld for alle eller ei gruppe stipend. I gjeldande forskrift var mange av desse reglane tatt inn i føresegner om kvart enkelt stipend, gjerne i litt ulike utgåver. Dei ulike ordlydane har bydd på både tolkingsutfordringar og unødvendig arbeid for sѳkjarar og forvaltninga. Departementet foreslår difor at føresegner som gjeld fleire stipend, blir samla i kapittel 2, medan det som er særskilt for berre ein stipendtype, blir plassert i kapittel 3 «Føresegner om dei enkelte stipenda». For sѳkjarar og tilskuddsmottakarar er kapittel 1–3 dei sentrale delane av forskrifta.

Utkastet kapittel 4 har overskrifta «Forvaltning og organisering». Kapittelet inneheld mellom anna føresegner om utvalet for Statens kunstnarstipend, dei sakkunnige stipendkomitéane, og kvotefordelinga av stipendheimlane. Kapittelet inneheld altså ikkje føresegner som har direkte betydning for sѳkjarane eller mottakarane av stipend.

Departementet har vurdert om kapittelet om forvaltning og organisering bør kome før kapitla om stipend. Av pedagogiske omsyn til sѳkjarane og stipendmottakarane har departementet landa på at reglane om stipend bør kome først. Det er desse reglane dei må kjenne til. Reglane gir ein tydeleg inngang til kva Statens kunstnarstipend er, og kva som skal til for å få stipend. Reglane om forvaltning og organisering er på si side omfattande og retta mot forvaltninga og kunstnarorganisasjonane. Departementet meiner det er naturleg at desse reglane kjem etter reglane om stipend.

Utkastet kapittel 5 inneheld reglar om ikraftssetjing, nokre overgangsføresegner, samt reglar for dei utfasa stipenda; stipend for eldre fortente kunstnarar og garantiinntekt.

Departementet gjer merksam på at forskrifta ikkje står i eit vakuum som rettskjelde. Reglar som gjeld sѳkjarane og stipendmottakarane sine rettar og plikter må stå i forskrifta dersom dei ikkje følgjer av andre rettskjelder, som forvaltningsloven. I tillegg kjem instruksar frå utvalet for Statens kunstnarstipend, som er bindande for arbeidet i stipendkomitéane. Utvalet og Kulturdirektoratet kan òg gi relevant informasjon på

nettsider, i søknadsskjema og i vedtak. Detaljnivået i forskrifta er forsøkt tilpassa denne verkelegheita, og inneheld ikkje detaljerte krav om til dømes innhaldet i søknaden og søknadsfristar.

4 Formålet med ordninga

4.1 Gjeldande rett

I gjeldande forskrift er formålet med ordninga regulert i punkt 3, som lyder:

«Stipend- og garantiinntektsordningen skal bidra til at målene i den statlige kunstnerpolitikken nås ved å legge forholdene til rette for at enkeltkunstnere, gjennom å motta direkte tilskudd fra staten, skal kunne bidra til et mangfoldig og nyskapende kunstliv.»

Vidare har kvar enkelt stipendtype si eiga formålsføresegn.

Arbeidsstipend (AS), jf. punkt 13.1 første ledd:

«Arbeidsstipend skal gi kunstnere anledning til å videreutvikle sitt kunstneriske virke og til å kunne ha kunstnerisk aktivitet som sin hovedbeskjeftigelse.»

Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar (ASY), jf. § 14.1:

«Arbeidsstipendet skal gi yngre/nyetablerte kunstnere i etableringsfasen anledning til å utvikle seg kunstnerisk og sette dem bedre i stand til å leve av sitt virke som kunstner.»

Stipend for etablerte kunstnarar (SEK), jf. punkt 22.1:

«Stipend for etablerte kunstnere skal gi kunstnere anledning til å utvikle sitt kunstneriske virke over en lengre periode og til å kunne ha kunstnerisk aktivitet som sin hovedbeskjeftigelse.»

Stipend for seniorkunstnarar (SSK), jf. punkt 23.1:

«Stipend for seniorkunstnere skal sikre mottakerne økonomisk trygghet, slik at de kan ha kunstnerisk aktivitet som sin hovedbeskjeftigelse.»

Diversestipend (DIV), jf. punkt 15.1:

«Diversestipend skal være et bidrag til den enkelte søkers kunstneriske virksomhet. Det kan bl.a. gis støtte til etablering, kurs, reiser, studier, fordypning, materialer, utstyr, markedsføring, konsulentbistand osv. Det gis ikke støtte til ordinær utdanning, prosjekter eller utgifter man har hatt før tildelingsåret.»

Diversestipend for nyutdanna kunstnarar (DIVU) 16.1:

«Diversestipend for nyutdannede kunstnere skal bidra til å lette overgangen til yrkeslivet for kunstnere som har gjennomført kunstutdanning på bachelor- eller masternivå.

Kunstnere med høyeste grad innenfor sitt fagområde skal prioriteres.

Bestemmelsen i punkt 15.1, Formål/målgruppe gjelder tilsvarende.»

I tillegg er det egne føresegner om formål for dei utfasa stipenda for eldre fortente kunstnarar (21.1) og garantiinntekt (20.1), samt stipenda for covid-19 (24.1) og mellombelse arbeidsstipend (25.1) som blei innført i samband med covid-19-pandemien.

4.2 Departementets vurdering

Departementet meiner regelen om formål i dagens forskrift punkt 3 er treffsikker og skildrar formålet med Statens kunstnarstipend på ein god måte. Føresegna inneheld fleire viktige element. Ordninga skal bidra til å nå måla i den statlege kunstnarpolitikken. Dette skal gjerast ved å leggje til rette for at kunstnarar gjennom stipend kan bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Med stipenda får enkeltkunstnarar ei sikker inntekt i ein avgrensa periode og dermed tid og rom til å utforske og utvikle sitt kunstnarlege virke og sine kunstnarlege uttrykksformer. Ei slik fordjuping bidrar til frie kunstnarlege ytringar som mellom anna er sentrale byggjesteinar i eit sunt demokrati.

Føresegna slår òg fast at stipenda skal tildelast direkte frå staten til kunstnarane. Stipendmottakarane skal bruke pengane til kunstnarlege formål i sitt kunstnarskap, og det følgjer ikkje detaljerte føringar om korleis stipendet skal brukast. Dette skil Statens kunstnarstipend frå mange andre ordningar for tilskot på kulturfeltet, der midlane typisk blir tildelt som øyremerkt prosjekt- eller driftsstøtte og/eller til ei samanslutning (til dømes eit selskap).

Departementet foreslår å vidareføre innhaldet i føresegna om formål, jf. gjeldande forskrift punkt 3, i ny § 1 første ledd. Departementet foreslår nokre språklege endringar for å forenkle språket.

Vidare foreslår departementet å samle føresegna om dei enkelte stipenda sine formål i eit nytt andre ledd i utkastet § 1. Dei ulike stipendtypane har litt ulike formål, men føresegna om formål for AS, ASY, SEK og SSK er til forveksling like og har neppe vesentleg betydning for tolkinga av kven som skal tildelast stipend. Vidare legg departementet til grunn at det framleis vil vere mogleg å ta omsyn til dei ulike formåla med stipenda. Dette følgjer av at forskrifta har egne føresegner om kvar stipendtype med ulike målgrupper, jf. utkastet til forskrift kapittel 3.

Føresegna om formål med diversestipend skil seg frå dei andre, jf. gjeldande forskrift punkt 15.1 Departementets vurdering er at det eigentleg ikkje er tale om ei formålsføresegn, men ein materiell regel om kva slike stipend kan og ikkje kan bli gitt til. Innhaldet i regelen kan difor ivaretakast av føresegna om diversestipend.

Gjeldande forskrift punkt 16.1 om diversestipend for nyutdanna kunstnarar slår fast at desse stipenda skal «bidra til å lette overgangen til yrkeslivet» for nyutdanna kunstnarar. Dette skil seg frå dei andre formålsføresegnene. Departementet foreslår, etter innspel frå utvalet for Statens kunstnarstipend, nokre endringar i denne stipendordninga.

Departementet meiner dei materielle reglane som blir foreslått vil ivareta det same som den gamle formålsføresegna; å lette overgangen til yrkeslivet. Det er dermed ikkje behov for ei eiga formålsføresegn eller eit eige ledd i utkastet til forskrift § 1.

På bakgrunn av dette foreslår departementet følgende regel om formålet med Statens kunstnarstipend, jf. utkastet § 1:

«Statens kunstnarstipend skal bidra til å nå måla i den statlege kunstnarpolitikken ved å leggje til rette for at enkeltkunstnarar, gjennom direkte tilskot frå staten, kan bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv.

Stipenda skal gi kunstnarar høve til å utvikle sitt kunstnarlege virke og ha kunstnarleg aktivitet som hovudvirke.»

Departementet meiner det nye andre leddet samlar dei to sentrale føresetnadane i dei eksisterande føresegnene om formål. Arbeidsstipend og dei langvarige stipenda blir utbetalt som løn tilsvarende ei halv stilling, utan at staten gir detaljerte føringar for bruken av stipenda. Slik kan kunstnarane ha skapande eller utøvande kunstnarleg aktivitet som hovudvirke.

5 Føresegner om stipend

5.1 Innleiing

Reglane som er viktigast for søkjarane og mottakarane av stipend, finst i utkastet til forskrift kapittel 1–3. Kapittel 2 inneheld fellesføresegner om alle eller fleire av stipenda,⁵ og kapittel 3 inneheld føresegner om dei enkelte stipendtypene. For søkjarar og mottakarar av stipend skal det i hovudsak vere nok å halde seg til desse kapitla.

Departementet foreslår i all hovudsak å vidareføre dei materielle reglane om stipenda. Departementet meiner systemet med ulike stipend for ulike målgrupper fungerer godt, og at systemet ivaretar dei ulike fasane i eit kunstnarskap, frå etableringsfase til pensjonsalder. Dei mest vesentlege endringsforslaga er å auke aldersgrensa på dei tiårige stipenda til 70 år og endringar i diversestipend for nyutdanna kunstnarar.

Departementet foreslår nokså omfattande endringar i form og lovteknikk. I gjeldande forskrift er fellesføresegnene om stipend i «del II». Del II inneheld òg ei rekkje føresegner om forvaltning og organisering. Departementet foreslår at føresegnene om forvaltning og organisering blir flytta til eit eige kapittel 4 i ny forskrift. Desse føresegnene er omtalt under punkt 6 i høyringsnotatet.

Gjeldande forskrift «del III» om dei enkelte stipenda er omfattande. Mange av føresegnene er ganske like for dei ulike stipenda, gjerne med små språklege variasjonar. Fleire av variasjonane framstår som utilsikta eller lite tenlege og skapar tvil om tolkinga av forskrifta. Dei omfattande reglane fører òg til unødvendig arbeid for stipendmottakarane og forvaltninga. Departementet foreslår å fjerne enkelte føresegner og samle fleire av dei som blir att, i fellesføresegner i kapittel 2 i forskrifta.

Det følgende gjeld sentrale føresegner i kapittel 2 og 3 i utkastet til forskrift.

⁵ Dei utfasa stipenda er ikkje omtalt i kapittel 2 og 3, sjå punkt 7.

5.2 «Kunstnarleg aktivitet og kvalitet»

Den viktigaste føresegna for saksbehandling i forskrifta for Statens kunstnarstipend er hovudregelen om tildeling. Gjeldande forskrift punkt 5 første ledd lyder:

«Ved tildeling av stipend skal det bare legges vekt på kunstnerisk aktivitet og kvalitet.»

Føresegna er grunnlaget for hovudprinsippet i saksbehandlinga av ordninga. Det skal «bare» leggjast vekt på kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Ein kan ikkje ta omsyn til kriterium som er vanleg i andre ordningar for tilskot, eller til dømes medlemskap i kunstnarorganisasjonar. Stipend skal gå til dei kunstnarane som skaper og utøver den kunsten som har den høgaste kvaliteten. For ordens skuld vil departementet gjere merksam på at likestillings- og diskrimineringsloven òg gjeld ved tildeling av stipend. Det vil med andre ord framleis ikkje kunne leggast vekt på dei diskrimineringsgrunnlag som går fram av lova, mellom anna dei som var ramsa opp i gjeldande forskrift punkt 5 andre ledd.

Det at ein berre vurderer kunstnarleg kvalitet og aktivitet, skil Statens kunstnarstipend frå dei fleste andre statlege tilskotsordningar på kulturfeltet. Det er to ledd med fagfellar – dei fagspesifikke stipendkomitéane og utvalet for Statens kunstnarstipend – som vurderer kva som til ei kvar tid er god kunstnarleg kvalitet, og kven som skal få stipend. Slik sikrar ein at det er kompetente personar som gjer vurderingane på armlengds avstand frå politiske styresmakter. Fagfellane blir skifta ut jamleg, slik at det ikkje festar seg eitt syn på kva som er god kunstnarleg kvalitet, og for å sikre mangfald og nyskaping.

Det er ikkje opplagt kva som er god kvalitet. Kvalitet er ikkje ein fast storleik, og vurderingar av kvalitet vil alltid inngå i ein kontekst som verkar inn på vurderingane. Likevel er det få som vil hevde at kvalitet ikkje finst, eller at det ikkje er skilnad på godt og dårleg. I konteksten av fagfellevurderingar under Statens kunstnarstipend må kvalitet bli forstått gjennom diskusjonar mellom fagfellar som vil ha ulike synspunkt på kva som er god kunst. Sidan diskusjonane skal konkludere med tildeling av stipend frå ein avgrensa pott med midlar, må vurdering av kunstnarleg kvalitet òg innebere at ulike kunstnarskap blir samanlikna. Fagfelleorgana må vurdere kva søknader som er mest interessante og solide samanlikna med dei andre som har søkt til same frist. Ulike kunstnarlege kvalitetsparametrar vil spele inn i slike diskusjonar. Døme på dette kan vere teknikk, materialval og materialforståing, konsept, idé, originalitet, formidlingsevne, m.m. Korleis dei ulike parametrane blir vekta mot kvarandre i dei enkelte tildelingsrundane, vil avgjere kva for kunstnarskap eller kunstnarlege prosjekt som fagfellane meiner har høgast kvalitet og difor skal prioriterast.

Departementet legg til grunn at det er avgjerande å vidareføre den gjeldande hovudregelen om at det berre skal leggjast vekt på kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Departementet foreslår følgjande ordlyd (utkast § 5):

«Ved vurdering av søknader som oppfyller vilkåra i § 4 og kapittel 3, skal det berre leggjast vekt på kunstnarleg aktivitet og kvalitet.»

Tilvisinga til vilkåra i § 4 og kapittel 3 er nødvendige. Det følgjer allereie av gjeldande forskrift at det er andre vilkår som må oppfyllest før det er aktuelt å vurdere kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Det gjeld til dømes vilkåret om at søkjarar må bu og virke i Noreg, og aldersvilkår i føresegnene om dei enkelte stipenda. Gjeldande forskrift er sjølvmotseiande, fordi ho seier at det berre skal bli lagt vekt på kunstnarleg kvalitet og aktivitet, men likevel slår fast andre vilkår for tildeling. Forslaget er ikkje meint som materielle endringar samanlikna med gjeldande rett.

Av regelen følgjer det òg at ein ikkje skal ta omsyn til kunstnaren sin økonomi eller om kunsten har kommersielt potensial.

5.3 Kven kan få stipend

5.3.1 Bu- og virkekrav

Departementet foreslår å føre vidare regelen om at kunstnarar i hovudsak må bu og virke i Noreg for å kunne få stipend, jf. gjeldande forskrift punkt 4 første ledd.

Forskrifta punkt 4 første ledd andre punktum slår fast at det kan gjerast unntak frå bu- og virkekravet «når det anses som rimelig». Departementet meiner dette ikkje er ein god regel sidan det er uklart kva som ligg i vurderinga av kva som er rimeleg. Er det rimeleg å gjere unntak dersom søknaden er uvanleg god, men utan at kunstnaren har nokon tilknytning til Noreg? Departementet meiner at den heilt opne regelen om rimelegheit er uklar og kan skape usakleg forskjellsbehandling og utilsikta endringar av forvaltningspraksis.

Departementet ser likevel at det kan vere saklege behov få å gjere unntak frå bo- og virkekravet. Kulturdirektoratet opplyser at utvalet i praksis vurderer om søkjaren sin kunst har innverknad på kunst- og kulturlivet i Noreg. Departementet foreslår difor følgjande regel om kven som kan motta stipend, jf. utkastet til forskrift § 4:

«Kunstnarar som i hovudsak bur og har sitt virke i Noreg, kan få stipend.

Det kan gjerast unntak frå første ledd dersom søkjaren si verksemd har innverknad på kunst- og kulturlivet i Noreg. »

5.3.2 Kunstnarar under utdanning

Gjeldande forskrift punkt 4 andre ledd slår fast at det ikkje blir gitt stipend til kunstnarar i ein «grunnutdanningsfase». Omgrepet er ikkje vidare definert.

Kulturdirektoratet opplyser at regelen blir praktisert slik at det ikkje blir gitt stipend til kunstnarar som er under utdanning tilsvarende 15 studiepoeng eller meir per semester (6 månader). Dette svarer til 50 prosent studieprogresjon, og praksisen sørgjer dermed for at stipendmottakarar skal ha kunstnarleg virke, og ikkje studiar, som hovudvirke. Dette er i tråd med formålet med Statens kunstnarstipend. Departementet meiner dette er ein god og klar praksis og foreslår at den blir kodifisert i ny forskrift, jf. utkast § 6 første ledd.

Forskrifta punkt 13.1 andre ledd om arbeidsstipend slår fast at «arbeidsstipend skal også kunne gis til omskolering til annen kunstnerisk virksomhet». Regelen har bakgrunn i dansefeltet, der det ofte kan vere behov for omskolering i relativt ung alder. Det er ikkje klart for departementet om regelen har blitt praktisert slik at det blir gitt arbeidsstipend til finansiering av studiar eller til kunstnarar under utdanning på heiltid.

Departementet er ikkje imot at arbeidsstipend blir gitt til omlegging av den kunstnarlege verksemda. Departementet meiner likevel at regelen om at det ikkje blir gitt stipend til kunstnarar under utdanning tilsvarande 15 studiepoeng eller meir, bør vere ufråvikeleg. «Omskolering» (under utdanning) er eit vidt omgrep. Det kan vere alt frå kunstnarar som ikkje har utdanning frå før, som tar utdanning, til tradisjonelle etterutdanningar. Det kan òg vere alt frå utdanning på fulltid støtta av Lånekassen til kortare kurs som gir nokre få studiepoeng. Departementet meiner hovudregelen om at det ikkje blir gitt stipend til kunstnarar som tek utdanning tilsvarande 15 studiepoeng eller meir, gir ei klar og passande avgrensing av kven som kan få støtte. Slik vil regelen ikkje vere basert på skjønn, men sikre likebehandling og vere enkel for forvaltninga å praktisere. Alle skjønnsprega unntak vil gjere rettstilstanden meir usikker.

Det kan vere gode grunnar til å gi stipend til kunstnarar under utdanning, men kunstnarstipenda er eit knapt gode. Det er langt fleire kvalifiserte søkjarar enn det er stipendheimlar. Departementet meiner totalt sett at det ikkje er tenleg med unntak frå regelen om at det ikkje blir gitt stipend til kunstnarar under utdanning tilsvarande 15 studiepoeng eller meir. Det kan framleis bli gitt stipend til «omskolering» som ikkje inneberer utdanning over 15 studiepoeng.

5.3.3 Andre arbeidsforhold

Føresegna om dei enkelte stipenda i gjeldande forskrift inneheld reglar om «andre arbeidsforhold», jf. forskrifta punkt 13.4:

«Kunstnere som mottar arbeidsstipend, kan ikke være tilsatt i varig arbeidsforhold hvis stillingen overstiger 50%. Kunstner som tildeles arbeidsstipend, kan om nødvendig fortsette i full stilling i åtte måneder regnet fra 1. januar i tildelingsåret. Kunstnere som tildeles arbeidsstipend, og som ved tildelingen er beskjeftiget i varig arbeidsforhold i mer enn 50% av full stilling, må fremlegge dokumentasjon fra arbeidsgiver om reduksjon av stillingen. Stipendmottaker har plikt til å informere om at eventuelle arbeidsforhold er i overensstemmelse med retningslinjene.»

Føresegna gjeld for alle stipenda som blir utbetalt som løn, men ikkje for diversestipenda.⁶

Grunnvilkåret er at ein ikkje kan motta stipend og vere «varig» tilsett i arbeidsforhold over 50 prosent. Regelen har samanheng med formålet om at kunstnarar skal ha

⁶ Det er slått fast i forskriften punkt 14.5 (ASY), 22.5 (SEK) og 23.5 (SSK) at bestemmelsen i 13.4 gjeld tilsvarande.

kunstnarleg virke som hovudvirke. Departementet meiner vilkåret er fornuftig og foreslår å vidareføre det.

Departementet meiner likevel at regelen er unødvendig detaljert, fordi det følgjer av alminneleg forvaltningsrett at mottakarar av tilskot må bevise at dei oppfyller vilkåra for tilskotet. Det er difor ikkje behov for ein særleg regel om dokumentasjon for arbeidsforhold.

Departementet meiner òg at regelen om andre arbeidsforhold er uklar og ressurskrevjande å forvalte, fordi punkt 13.4 andre punktum (setning) slår fast at kunstnarar «om nødvendig» kan fortsette i ei stilling over 50 prosent i åtte månader. Det blir ikkje slått fast kva som gjer det «nødvendig» å fortsette, så utvalet må vurdere det i kvart enkelt tilfelle.

Formålet med unntaket om at ein kan stå i fast stilling i åtte månader, er å sikre at stipendmottakaren ikkje skal få eit opphald mellom fast stilling og utbetaling av stipendet. Regelen baserer seg på at mange stillinger har oppseiingstid på tre månader, og at stipend først blir utbetalt i april–juni. Det har difor i enkelte tilfelle vore nødvendig å kunne stå i ei anna stilling i heile åtte månader av det første stipendåret.

Departementet foreslår endringar i årshjulet for søknadsbehandlinga som har til hensikt å sørge for tidlegare utbetalningar.⁷ Departementet meiner endringane gjer at det er nok at ein kan stå i ei anna stilling i inntil seks månader av året. Departementet foreslår at det blir mogleg for kunstnarane å stå i ei anna stilling i inntil seks månader uavhengig av om det er «nødvendig», slik at utvalet slepp å vurdere søknader om dette.

Av same grunn foreslår departementet å fjerne vilkåret om at stillinga må vere «varig». Det er ikkje klart kva ein «varig stilling» er. «Stilling» inneber at det berre er tilsetjingsforhold som er dekkja av regelen, og at regelen ikkje vil gjelde for frilansarbeid eller andre kortvarige oppdragsavtalar. Ein kan argumentere med at føreseigna heller ikkje gjeld midlertidige tilsetjingsforhold, sjølv om «varig» er noko anna en «fast» i arbeidsretten. Etter departementet si vurdering er det ikkje grunn til å skilje mellom ulike type tilsetjingsforhold. Departementet foreslår eit generelt høve til å verke i stillingar med opp til 50 i stillingsprosent i år ein mottar stipend.

Departementet kan ikkje sjå at det er nødvendig at kunstnarar som er i ei stilling over 50 prosent, skal motta diversestipend. Desse stipenda er likevel relativt små. Fordi regelen om andre arbeidsforhold er arbeidskrevjande for forvaltninga, foreslår departementet av ressursomsyn å føre vidare gjeldande rett, slik at regelen ikkje gjeld for diversestipenda.

På bakgrunn av dette foreslår departementet følgjande regel om andre arbeidsforhold, jf. utkastet til forskrift § 6 andre ledd:

«Den som får stipend etter §§ 17–20, kan ikkje vere tilsett i stilling over 50 prosent. Dette gjeld likevel ikkje dei første seks månadane av det første året av stipendperioden.»

⁷ Sjå 6.8.

5.4 Forholdet mellom mottakar av stipend og forvaltninga

5.4.1 Bruken av stipendet og rapportering

Det følgjer av alminnelege forvaltningsrettslege prinsipp at tilskot frå staten skal brukast i tråd med vedtaket om tildeling. Av same prinsipp følgjer det at vedtaket byggjer på føresetnader i søknaden. Som utgangspunkt skal difor stipenda brukast i samsvar med søknaden, med mindre noko anna følgjer av vedtaket.

Gjeldande forskrift punkt 12 slår fast at mottakar av stipend «i særskilte tilfeller» kan søke om «endret bruk av stipend».

Arbeidsstipend, arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar, stipend for etablerte kunstnarar og stipend for seniorkunstnarar blir gitt til kunstnarskap. Stipenda blir ikkje gitt til å dekkje konkrete kostnader eller som prosjekt- eller driftsstøtte. Det er ganske vidt høve til å endre dei kunstnarlege planane som er skissert i søknaden om stipend, utan at det får konsekvensar. For stipenda som er gitt til kunstnarskap, skal det mykje til før plikta til å varsle om endringar i planane vil gjelde. Heilt fritt står stipendmottakaren likevel ikkje. Ved drastiske eller omfattande endringar kan mottakaren av stipend risikere å bryte føresetnadene for vedtaket. I slike tilfelle må kunstnaren varsle utvalet, som så må ta stilling til om endringa er i tråd med vedtaket og eventuelt fatte nytt vedtak. Det nye vedtaket kan innebære at kunstnaren mister stipendet og må søkje på nytt dersom han gjennomfører endringane. Vedtaket kan òg innebære at kunstnaren får ha stipendet vidare fordi endringane var innanfor ramma av det opprinnelige vedtaket.

Spørsmålet om plikt til å varsle om endringar er meir praktisk for diversestipenda. Desse stipenda blir gitt til å dekkje konkrete kostnader til for eksempel kurs, materiale, utstyr og marknadsføring.

Forskrifta punkt 12 gir lite rettleiing om kva endringar ein skal varsle om.

Kulturdirektoratet opplyser at stipendmottakarane jamt over er pliktoppfyllande og uroa for å gjere feil. Mange varslar difor om ubetydelege endringar, til dømes at ein vil kjøpe mac i staden for pc, at den planlagde arbeidsreisa til København i staden enda i Aarhus osv. Desse søknadene blir stort sett alltid innvilga fordi tiltaket det blir søkt om endring til, er i tråd med det opphavslege vedtaket om stipend.

Forskrifta punkt 12 er både uklar og bidrar til unødvendig arbeid for søkjarane og forvaltninga. Regelen kan likevel ikkje opphevast. Det vil vere tilfelle der stipendmottakaren har ei plikt til å varsle forvaltninga om endringar. For å lempe på dei utfordringane som er nemnt ovanfor, foreslår departementet at det berre skal vere ei plikt til å varsle dersom endringa er «vesentleg», jf. utkastet til forskrift § 11:

«Stipendet skal brukast i samsvar med vedtaket om tildeling.

Mottakarar av stipend skal varsle utvalet dersom føresetnadene for å få stipendet har endra seg vesentleg.»

Departementet meiner det er minimal risiko ved å heve terskelen for å varsle, både fordi diversestipenda er små, fordi mottakarane av stipenda må levere rapport, og fordi forvaltninga kan krevje tilbake tilskot dersom det er nytta i strid med føresetnadene.

Departementet foreslår å føre vidare gjeldande praksis for rapportering av stipenda som blir utbetalt som løn. Rapporten skal beskrive den kunstnarlege aktiviteten i perioden og korleis stipendet er brukt. Dette kan gjerast på same måte som i dag, eller utvalet kan justere krava til rapporten innanfor rammene i forskrifta.

For diversestipenda (DIV og DIVU) har regelen om rapport vore lik som for dei andre stipenda i ordninga. Diversestipenda er likevel annleis, fordi dei dekkjer konkrete kostnader. For desse stipenda har utvalet, alt då dei fatta vedtaket, vurdert kva slags effekt stipendet vil ha for den kunstnarlege utviklinga. Departementet meiner det ikkje er behov for å vurdere på nytt for eksempel kva effekt ein ny pc har hatt. Det vil gi betre grunnlag for kontroll om mottakarar av diversestipend i staden rapporterer korleis stipendet faktisk er brukt.

Departementet foreslår difor at mottakarar av diversestipend berre skal levere ein økonomisk oversikt over korleis stipendet er brukt. Det er ikkje nødvendig å levere vedlegg eller formelle rekneskap. Dersom det er nødvendig, kan utvalet krevje slik ekstra informasjon ved rapportbehandling eller kontroll. Departementet legg til grunn at forslaget inneberer forenklingar for både stipendmottakarane og forvaltninga.

Departementet foreslår følgjande reglar om rapportering, jf. utkastet til forskrift § 12, som lyd:

«Mottakarar av stipend skal levere ein årleg rapport.

Rapport om stipend nemnt i §§ 17–20 skal beskrive den kunstnarlege aktiviteten og korleis stipendet er brukt.

Rapport om stipend nemnt i § 21–22 skal innehalde ei økonomisk oversikt over korleis stipendet er brukt.

Utvalet kan fastsetje nærmare krav til rapportering som er nødvendig for å føre kontroll etter § 13.»

Fjerde ledd i utkastet slår fast at utvalet kan fastsetje nærmare krav til rapportane. Utvalet kan berre fastsetje krav som er nødvendige for å føre kontroll. Innhenting av annan informasjon, til dømes til kunnskapsinnhenting, må eventuelt ha ein annan heimel.

5.4.2 Kontroll, bortfall av stipend og tilbakebetaling

Heimelen for kontroll med mottakarar av stipend er punkt 10 andre ledd i dagens forskrift:

«Videre gjennomgår sekretariatet rapportene for å vurdere om bruken av stipendet/garantiinntekten er gjennomført etter forutsetningen for tildelingen.»

Punkt 11 i forskrifta har tittelen «Konsekvenser ved misvisende informasjon eller manglende overholdelse av betingelser». Føresegna gjeld stans av utbetaling og tilbakebetaling.

Kulturdirektoratet har spelt inn at gjeldande reglar ikkje gir klare svar på kva konsekvensar som er aktuelle i konkrete situasjonar. Kva skjer dersom ein stipendmottakar ikkje leverer rapport? Er manglande rapportering grunnlag for krav om tilbakebetaling, eller berre stans i framtidige utbetalingar? Dersom manglande rapportering ikkje vil føre til tilbakebetaling, korleis skal utvalet drive kontroll i dei tilfella det ikkje blir levert rapport?

Departementet foreslår følgjande reglar om kontroll, bortfall av stipend og tilbakebetaling:

«§ 13. Kontroll

Utvalet fører kontroll med at stipendet er brukt i tråd med føresetnadene, basert på ei vurdering av risiko og kva som elles er vesentleg å kontrollere.

Mottakarar av stipend skal på førespurnad gi alle opplysningar som er nødvendige for at utvalet kan føre slik kontroll som er nemnt i første ledd.

§ 14. Bortfall av stipend og tilbakebetaling

Om det er utbetalt stipend i strid med forskrifta eller vedtaket, eller stipendet er nytta i strid med føresetnadene, kan utvalet bestemme at retten til stipend fell bort og krevje tilbake heile eller delar av stipendet.

Dersom mottakarar av stipend ikkje har levert rapport etter § 12, kan utvalet bestemme at retten til stipend fell bort og krevje tilbake heile eller delar av stipendet det ikkje er rapportert for.»

Etter utkastet § 13 første ledd skal utvalet lage eit regime for kontroll, slik det er vanleg i forvaltninga. Utvalet må vurdere kva som er vesentleg å kontrollere, til dømes på grunn av lengda eller storleiken på stipendet. Utvalet skal òg kontrollere saker der det er ein kjent risiko, på bakgrunn av til dømes varsel, historikk hos stipendmottakaren eller eigne undersøkingar. I tillegg bør det gjerast kontroll etter tilfeldige stikkprøvar. Forslaget gir forvaltninga høve til å vekte kontroll- mot ressursomsyn, og hindrar at regimet for kontroll blir unødvendig arbeidskrevjande for mottakarane av stipend.

Etter § 13 andre ledd kan utvalet krevje at søkarar gir opplysningar som er nødvendige for å drive kontroll. Som med § 12 er det berre nødvendige opplysningar utvalet kan krevje.

Utkastet § 14 første ledd gjeld tilfelle der stipendet er utbetalt på feil grunnlag, eller mottakar av stipend har brukt stipendet i strid med føresetnadene. Det kan vere der søkjaren har gitt forvaltninga feil opplysningar anten med eller utan vilje. Det kan òg vere tilfelle der forvaltninga har utbetalt stipend i strid med lov eller forskrift, utan at stipendmottakaren er skuld i dette. Eit tredje tilfelle er at søkjaren har brukt midlane i strid med føresetnadene. For stipenda som blir utbetalt som løn (AS, ASY, SEK og SSK), skal det siste mykje til.

Forslaget inneber at utvalet «kan» komme med ein reaksjon. Utvalet vil likevel ofte vere bunde av bakgrunnsretten.⁸ Det vil vere tilfelle der utvalet har ei plikt til å stanse eller krevje tilbake stipend, sjølv om utvalet ikkje ønskjer det. Det vil òg vere tilfelle der utvalet ikkje har høve til å krevje inn stipend, sjølv om forskrifta tilsynelatande gir heimel for det. Det siste vil typisk gjelde der det er utbetalt stipend i strid med forskrifta, på grunn av feil hos forvaltninga sjølv, som stipendmottakar ikkje hadde skuld i eller burde ha oppdaga. Då er forvaltninga bunden av strenge reglar om omgjerding til skade for den avgjerda rettar seg mot. Grunnen til at forskrifta likevel opnar for reaksjonar i slike tilfelle, er at staten ein sjeldan gong kan ha ei plikt til å krevje tilbake stipend. Dette vil i så fall følgje av anna regelverk som uansett gjeld, uavhengig av forskrifta.

Der spørsmål om stans og tilbakebetaling ikkje blir avgjort av bakgrunnsretten, foreslår departementet at utvalet kan velje om og kva reaksjon som blir gitt. Utvalet må unngå usakleg forskjellsbehandling ved utøving av skjønn. Reaksjonen skal òg stå i forhold til grunnlaget for reaksjonen. Det vil til dømes vere naturleg å skilje mellom svindel, hendelege uhell og feil hos forvaltninga. Departementet sin intensjon er ikkje at dei nye reglane skal føre til fleire saker om bortfall og tilbakebetaling enn i dag.

Departementet meiner det er behov for å klargjere kva reaksjonar som er aktuelle dersom ein stipendmottakar ikkje leverer rapport, jf. utkastet til forskrift § 14 andre ledd.

Departementet foreslår at utvalet får tre val: Utvalet kan stanse utbetalningar fram til rapport er levert. Dette følgjer ikkje direkte av ordlyden, men av rapportføresegna sett i samanheng med § 14 andre ledd. Vidare kan utvalet bestemme at retten til stipend skal falle bort. Endeleg kan utvalet krevje tilbake utbetalt stipend, men berre for den perioden som det ikkje er rapportert for. Tilbakebetaling er ein streng reaksjon på manglande rapportering. Departementet legg til grunn at dette berre vil vere aktuelt der andre formar for reaksjon er prøvd utan hell.

Felles for dei foreslåtte reglane om bortfall, er at ein berre kan miste retten til stipend ein i utgangspunktet har krav på. Det er ikkje tale om noka karantenetid der ein ikkje kan søkje om nytt stipend.

5.4.3 Klage

Gjeldande forskrift punkt 9 slår fast at vedtak fatta av utvalet for Statens kunstnarstipend kan påklagast til Kultur- og likestillingsdepartementet, men det er ikkje høve til å klage på det «faglig kunstneriske skjønn», jf. forskrift 20. november 1987 nr. 924 om unntak fra

⁸ «Bakgrunnsretten» er eit samleomgrep som blir brukt om gjeldande regelverk som kjem i tillegg til det som følger direkte av utkastet til forskrift. Ein rekke reglar vil gjelde uavhengig av, og i tillegg til, forskrifta: Forvaltningslova er sentral, men ei rekke andre lovar og forskrifter vil kunne kome til anvending, i tillegg ulovfesta rett (retts- og forvaltningspraksis, sedvanar mv.). Det sentrale er at dette er reglar som uansett vil gjelde, og at det difor i utgangspunktet ikkje er nødvendig med særlege reguleringar i forskrifta.

adgangen til å klage over vedtak i Norsk kulturråd, Norsk kassetavgiftsfond og Utvalget for statens stipend og garantiinntekter for kunstnere.⁹

Forskrifta frå 1987 inneber eit unntak frå klagereglane i forvaltningslova som er gitt med heimel i forvaltningslova § 28 fjerde ledd. Unntaket er grunngeve i prinsippet om armlengds avstand og skal sikre at kunsten er fri også når staten finansierer han. Kort forklart inneber prinsippet at avgjerder som er basert på kunst- og kulturfagleg skjønn, skal bli tatt av personar med kunst- og kulturfagleg kompetanse, og ikkje vere underlagt politisk styring.

Føresegna om klage i regelverka for Kulturrådet og Norsk kulturfond, Fond for lyd og bilete og Statens kunstnarstipend har fått ulik ordlyd etter diverse regelverksendringar etter 1987. Departementet meiner dette er uheldig, fordi det sår tvil om korleis føresegna skal tolkast. Det er ikkje tvil om at unntaket frå klagereglane skal tolkast likt i dei ulike ordningane: Unntaket følgjer av den same forskrifta frå 1987. I tillegg er det uttalt i forarbeida til lov 7. juni 2013 nr. 31 om Kulturrådet at § 6 i lova skulle føre vidare unntaket som følgde av forskrifta frå 1987. For å sikre lik praksis, foreslår departementet at ordlyden i reglane om klage blir gjort lik den i lov om Kulturrådet, jf. utkastet til forskrift § 16. Forslaget er ikkje meint som nokon realitetsendring.

5.5 Permisjonar

5.5.1 Gjeldande rett

Forskrifta punkt 13.6 første og andre ledd lyder:

«Arbeidsstipendiater har rett til permisjon fra stipendet i forbindelse med svangerskap, fødsel og adopsjon, men med den begrensning at permisjon ikke gis for mer enn 59 uker. Permisjonens varighet må være overensstemmende med det valg som er meldt folketrygden/annen arbeidsgiver og kan ikke senere endres.

Arbeidsstipendiater har, med de begrensninger som følger av folketrygdloven, også rett til permisjon ved sykdom.»

Arbeidsmiljølova gjeld ikkje for mottakarar av stipend. Det er likevel der ein i hovudsak finn reglar om permisjon og avbrot frå arbeid i forbindelse med sjukdom, svangerskap, fødsel og adopsjon. Folketrygdlova har ikkje reglar om permisjon, men lova inneheld reglar om lengda på perioden ein har rett til stønad.

Gjeldande reglar om permisjon for arbeidstakarar ved svangerskap, fødsel og adopsjon finst i arbeidsmiljølova kapittel 12. Etter arbeidsmiljølova § 12-5 har arbeidstakarar rett til inntil to år permisjon i samband med svangerskap, fødsel og adopsjon, og der eitt år er utan løn, jf. arbeidsmiljølova § 12-5 andre ledd. Folketrygdlova inneheld reglar om stønad under slik permisjon. Hovudregelen om lengd på stønadsperioden for foreldrepengar finst

⁹ [Forskrift om unntak fra adgangen til å klage over vedtak i Norsk kulturråd, Norsk kassetavgiftsfond og Utvalget for statens stipend og garantiinntekter for kunstnere - Lovdata](#)

i folketrygdlova § 14-9 første ledd. Lova gir òg særlege reglar om varigheit på stønad knytt til blant anna fleirbarnsfødsel, for tidleg fødde barn, forelder med omsorg aleine, adoptivforeldre og fosterforeldre.

Arbeidsmiljølova § 15-8 slår fast at ein arbeidstakar som er fråverande på grunn av sjukdom, ikkje kan seiast opp på grunn av fråværet dei første 12 månadene etter at arbeidstakaren blei arbeidsufør. Etter dette kan ei oppseiing vere sakleg. I tillegg kan ein få innvilga arbeidsavklaringspengar (AAP) jf. folketrygdlova kapittel 11. Ein kan som hovudregel motta AAP i inntil tre år. Arbeids- og velferdsetaten vurderer kor lenge ein kan motta AAP.

Kulturdirektoratet opplyser at det har utvikla seg ein praksis der ein i nokre tilfelle gir lengre permisjonar enn det som er beskrive i gjennomgangen ovanfor. I tillegg blir det gitt permisjonar av andre grunnar enn fødsel, adopsjon, svangerskap og sjukdom.

5.5.2 Departements vurdering

Statens kunstnarstipend er ei særeiga ordning. Midlane frå ordninga blir utbetalt som løn og tilskotsytaren betaler arbeidsgivaravgift, men mottakaren av midlane er ikkje definert som arbeidstakar eller tilskotsytaren som arbeidsgivar.¹⁰ Formålet med løysinga er å sørje for at stipendmottakarane skal ha så like sosiale rettar som mogleg som ein vanleg arbeidstakar. Samtidig bør ikkje staten vere arbeidsgivar, særleg av omsyn til prinsippet om armlengds avstand. Ei slik løysing ville ha endra stipendordninga fundamentalt på fleire måtar, blant anna ved at staten ville fått instruksjonsmakt over kunstnarane.

Denne løysinga gjer at det er krevjande å utforme reglar om permisjon frå stipenda ved svangerskap, fødsel, adopsjon og sjukdom, blant anna fordi ein stipendmottakar har rettar etter folketrygdlova, men ikkje etter arbeidsmiljølova. Reglane om permisjon i dei to lovene heng saman, sjølv om òg andre enn arbeidstakarar har rettar i folketrygda.

Departementet meiner likevel at reglane om permisjon ved sjukdom, svangerskap, fødsel og adopsjon bør vere så like dei som gjeld for arbeidstakarar som mogleg. Samstundes er nokre tilpassingar nødvendige for å ta omsyn til at stipendmottakarane ikkje er arbeidstakarar. Departementet understrekar at arbeidsmiljølova ikkje gjeld stipendmottakarane.

Departementet foreslår at permisjonsreglane skil mellom fødsel, svangerskap og adopsjon på den eine sida, og sjukdom på den andre. Departementet meiner det er behov for standardiserte reglar i begge tilfella, slik det er i gjeldande forskrift. Det sikrar likebehandling.

Ved langvarig sjukdom har ein vanleg arbeidsgivar rett og plikt til å følgje opp sjuke tilsette, noko utvalet verken har eller bør ha. Det same gjeld overfor arbeidstakarar som har gått over på arbeidsavklaringspengar. Dersom ein skal leggje Nav sine vedtak om arbeidsavklaringspengar til grunn, kan permisjonane vare svært lenge, utan at utvalet har

¹⁰ Omgrepa «arbeidsgivar» og «arbeidstakar» er ufråvikeleg definert i arbeidsmiljølova § 1-8. Vilkåra er klart ikkje oppfylt for mottakarane av stipend eller utvalet for Statens kunstnarstipend.

høve til å følgje opp stipendmottakaren. Utvalet har heller ikkje høve til å utbetale delar av eit stipend, i samsvar med graden av arbeidsevne i Nav sine vedtak.

Departementet foreslår at det kan bli gitt permisjon for sjukdom i inntil to år. To år er maksimal permisjon totalt i ein heil stipendperiode. Dette gjeld både for arbeidsstipenda og dei tiårige stipenda. Det er mogleg med fleire, kortare permisjonar, så lenge dei ikkje totalt overstig to år. Alle skjønnsprege unntak setje utvalet i ein krevjande situasjon i *alle* desse sakene. I tillegg er to år nokså lang tid. Departementet foreslår difor at regelen ikkje kan bli fråvika, òg fordi staten ikkje har same høve som ein arbeidsgivar til å følgje opp stipendmottakarane i permisjonstida.

Når det gjeld fødsel, adopsjon og svangerskap, er reglane i arbeidsmiljølova og folketrygdelova svært detaljerte. Reglane er òg i hovudsak objektive og ufråvikelege. Departementet meiner permisjonsreglane bør likne så mykje som mogleg på dei som gjeld for arbeidstakarar i arbeidsmiljølova. Det bør vere mogleg å få inntil 1 års permisjon (tilsvarande den ulønte permisjonen arbeidstakarar har rett på etter arbeidsmiljølova § 12-5 andre ledd), i tillegg til stønadsperioda for foreldrepengar etter folketrygdlova kap. 14. Som hovudregel kan det dermed bli gitt inntil 306 dagar permisjon ved fødsel, og 291 dagar ved adopsjon, jf. ftrl. § 14-10 første og andre ledd, pluss tolv månader. Altså normalt ei maksimal permisjonstid på ca. 2 år. Perioden kan bli lenger som følgje av mellom anna rett til svangerskapspengar (ftrl. § 14-4), fleirbarnsfødsel (ftrl. § 14-9 fjerde ledd) og prematur fødsel (ftrl. § 14-10a).

Begge forslaga sikrar at stipenda ikkje kan forskuvast lenger enn to budsjettår (med unntak for dei som får fleire barn i ein stipendperiode). Dette er vesentleg både med tanke på å frigjere heimlar til andre kunstnarar og å sikre god og forsvarleg styring med statlege ressursar.

Når det gjeld praksisen som har utvikla seg med å gi permisjonar for andre forhold enn dei som er omtalt over, kan departementet ikkje sjå at utvalet har slik heimel i gjeldande forskrift. Dette gjeld til dømes permisjonar på grunn av anna arbeid eller til forskning (doktorgradar). Formålet med reglane om permisjon er å ivareta kunstnarane sine sosiale rettar. Det er ikkje meininga at dei skal kunne behalde retten til stipend medan dei er i anna virke. Dette følgjer òg av formålet til ordninga, som er at stipenda skal bidra til å nå måla i den statlege kunstnarpolitikken, og at kunstnarane skal ha kunst som hovudvirke. Departementet foreslår at det ikkje blir opna for permisjon på andre grunnlag enn dei som følgjer av dagens forskrift.

Forslaget inneber at ein ikkje kan få permisjon frå diversestipend og etableringsstipend (tidlegare DIVU). Slik er det òg etter gjeldande forskrift.

5.6 Dei enkelte stipenda

5.6.1 Innleiing

Intensjonen med stipendstrukturen er å ivareta heile det kunstnarlege yrkeslivet, frå ein er nyetablert til slutten av eit yrkesliv. Dei seks stipenda som blir delt ut i dag, er

arbeidsstipend, arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar, stipend for etablerte kunstnarar, stipend for seniorkunstnarar, diversestipend og diversestipend for nyutdanna kunstnarar.

Mange av stipendordningane har eigne reglar som krev ein type vurdering av kunstnarleg kvalitet og aktivitet.¹¹ Desse reglane er etter departementet sitt syn omskrivingar av hovudregelen om at det berre skal bli lagt vekt på kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Hovudregelen ivaretar i alle fall dei same omsyna som desse reglane. Når ordlyden er annleis enn hovudregelen, bidrar dei til tolkingsutfordringar. Departementet foreslår difor at dei ulike reglane ikkje blir vidareført, slik at hovudregelen i utkastet § 5 om kunstnarleg aktivitet og kvalitet gjeld aleine for vurderinga av søknadene.

I det følgjande vil departementet gå gjennom dei særlege reglane som gjeld for dei enkelte stipenda.

5.6.2 Arbeidsstipend

Arbeidsstipenda (AS) er regulert av gjeldande forskrift punkt 13. Føresegna inneheld reglar om formål, varigheit, fornying, andre arbeidsforhold, rapportering, permisjon og utbetaling. Departementet foreslår å regulere alle desse forholda i fellesføresegner, med unntak av reglane om varigheit på stipenda og fornying av stipenda. Om varigheit foreslår departementet å føre vidare gjeldande rett slik at arbeidsstipenda kan bli gitt for eitt til fem år.

I tillegg foreslår departementet ein regel om kven som kan motta arbeidsstipend, jf. utkastet § 17 første ledd:

«Alle yrkesaktive kunstnarar kan få arbeidsstipend.»

Departementet foreslår eit vilkår om at kunstnaren må vere yrkesaktiv. Dette følgjer allereie av dagens system, men er ikkje eksplisitt regulert. Med «yrkesaktiv» meinast personar som er kunstnar av yrke. Det er ikkje eit krav til at dei må ha kunst som hovudvirke eller ha meir enn halve inntekta si frå utøvande kunst, sjølv om det ofte vil vere tilfelle. Departementet meiner at eit vilkår om yrkesaktivitet er lite inngripande for søkjarane, og det er enkelt for forvaltninga å vurdere. Departementet viser til at det blir gjort vurderingar av yrkesaktivitet i forbindelse med rapportbehandling og søknader om fornying, slik at dette ikkje er noko nytt.

Dagens forskrifta punkt 13.3 lyd:

«Dersom det er særskilte grunner for at kunstneren bør få fornyet sitt arbeidsstipend, kan dette vurderes etter særskilt begrunnelse fra søker og stipendkomité. Slik fornyelse behandles av Utvalget.»

Kulturdirektoratet opplyser om at søknadar om fornying blir vurdert på same måte, og til same tid, som dei ordinære søknadane. Føresegna om fornying førar difor ikkje til noko

¹¹ Sjå forskrifta punkter 13.2 andre punktum, 14.2 andre punktum, 15.1 første punktum, 22.2 og 23.3.

anna enn tolkingstvil og ekstra arbeid for søkar og utvalet. Departementet foreslår å oppheve føresegna.

5.6.3 Arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar

Arbeidsstipenda for yngre/nyetablerte kunstnarar (ASY) er regulert i gjeldande forskrift punkt 14. Dei same fellesføresegnene gjeld her som for arbeidsstipenda, jf. 5.6.2.

Som for arbeidsstipenda foreslår departementet å vidareføre gjeldande regel om varigheit, slik at ASY kan bli tildelt for eitt til tre år.

Forskrifta punkt 14.4 første ledd lyder:

«Ordningen er opprettet for kunstnere som er i en etableringsfase og som ikke er over 35 år det året søknaden sendes inn. Det kan gjøres unntak i særskilte tilfeller.»

Føresegna inneheld to vilkår: Kunstnaren må vere i ein etableringsfase og ikkje over 35 år. Vidare er det eit heilt ope skjønnsmessig unntak for «særskilte tilfeller».

Det er ikkje tvil om at ASY er meint å treffe unge kunstnarar. Det følgjer både av aldersgrensa, men òg av systemet med dei ulike stipenda. Då departementet i si tid laga reglane om ASY, fann ein likevel grunn til eit unntak.

Gjeldande regel er ikkje særleg god, reint regelteknisk. Det er ikkje mogleg å finne ut kva som gir grunn for unntak frå aldersgrensa. Vidare er det uklart om unntaket òg er eit unntak frå kravet om at kunstnaren må vere i ein etableringsfase. Dersom utvalet først meiner at ein skal gjere unntak, er det ikkje openbert om utvalet kan leggje vekt på alder i ei prioritering mellom ein ung og ein eldre kunstnar som begge er i ein etableringsfase.

Kulturdirektoratet opplyser at det som i praksis blir vurdert, er om søkjaren som er over 35 år, er i ein etableringsfase. Dermed har vi ein regel som ikkje gir mening. Det er to vilkår for å motta stipend, men når det eine vilkåret ikkje er oppfylt, nøyer ein seg med å vurdere det andre. Det kunne gitt mening med eit unntak frå aldersgrensa, men då burde det vore på særlege vilkår.

Departementet foreslår å fjerne aldersgrensa og unntaket, og berre vurdere etableringsfase. Dei fleste kunstnarar i ein etableringsfase er unge. Vidare er ikkje etableringsfasen lik for til dømes visuelle kunstnarar som har ein master frå kunsthøgskolen, og ein forfattar som ser det mogleg å etablere seg. Det er klart føresettt at stipenda skal gå til kunstnarar i ein etableringsfase, ikkje til nokon som til dømes etabler seg på ein ny stad eller i ei annan sjanger innanfor kunstnargruppa dei allereie høyrer til. Departementet vurderer risikoen for at mange ASY blir tildelt eldre kunstnarar, som liten. På bakgrunn av dette foreslår departementet å fjerne både aldersgrensa og unntaket, slik at utvalet berre skal vurdere om kunstnaren er i ein etableringsfase (i tillegg til reglane i fellesføresegnene). Om utviklinga viser at mange arbeidsstipend for nyetablerte blir gitt til eldre kunstnarar, vil departementet vurdere å stramme inn kriteria for ordninga.

Forslaget inneber òg at utvalet kan justere praksis for kva som blir rekna som ei «etableringsfase» over tid. Det kan vere behov for å stramme inn dersom ein ser at dei yngste, nyutdanna kunstnarane ikkje lenger blir ivaretekne, og det kan vere behov for å

utvide kva som kan tolkast som ein etableringsfase. Utvalet må sjå til at omgrepet blir forstått likt av alle stipendkomitéane, slik dei òg må etter gjeldande forskrift.

5.6.4 Stipend for etablerte kunstnarar og stipend for seniorkunstnarar

5.6.4.1 Innleiing

Stipend for etablerte kunstnarar (SEK) er regulert i gjeldande forskrift punkt 22, medan punkt 23 gjeld stipend for seniorkunstnarar (SSK). Stipenda er tiårige og blei innført ved utfasing av ordninga for garantiinntekt i 2013.

5.6.4.2 Vurdering av hovudvilkåra

Dei fellesføresegnene som er omtalt over, inkludert hovudregelen om kunstnarleg aktivitet og kvalitet, gjeld òg for dei tiårige stipenda. Gjeldande forskrift peikar på at ein kunstnar må ha ytt ein «kvalitetsmessig verdifull kunstnerisk innsats» over fleire år for å motta tiårig stipend.

Departementet meiner intensjonen bak denne regelen er god. Eit så langvarig stipend frå staten er ein uvanleg og betydeleg rett. Det er naturleg at ein kunstnar må bevise ein langvarig produksjon av høg kvalitet for å motta eit slikt stipend. Departementet meiner likevel at hovudregelen i utkastet § 5 sikrar den kvalitative delen av vurderinga fullt ut, og at det berre er behov for særlege vilkår knytt til varigheita av stipenda.

På bakgrunn av dette foreslår departementet følgjande hovudreglar om SEK og SSK, jf. utkastet §§ 19 første ledd og 20 første ledd:

«Yrkesaktive kunstnarar under 60 år som har hatt kunstnarleg aktivitet som hovudvirke over mange år, kan få stipend for etablerte kunstnarar.»

«Yrkesaktive kunstnarar over 60 år som har hatt kunstnarleg aktivitet som hovudvirke over mange år, kan få stipend for seniorkunstnarar.»

Ordlyden i gjeldande forskrift skil mellom stipenda. For SEK heiter det «noen års virksomhet», medan det for SSK heiter «mange års virksomhet». Så lenge ordlyden er ulik, må utvalet gi dei to omgrepa ulikt innhald. Departementet meiner dette er unødvendig byråkratisering. Dei to søkjargruppene er ikkje i direkte konkurranse med kvarandre, fordi dei under 60 år ikkje kan søke SSK. Departementet foreslår difor at «noen» og «mange» blir erstatta med «mange år» i begge føresegnene.

5.6.4.3 Overføring mellom dei to stipendtypane

SEK og SSK deler ein felles pott i kvotefordelinga.¹² Dette medfører at utvalet fritt, etter innstilling frå stipendkomitéane, kan overføre stipendheimlar mellom dei to stipendtypane. Dette er det openberre fordelar med. Det gir fleksibilitet og sørgjer for at dei mest kvalifiserte søkjarane får stipend. I tillegg gir systemet rom for tilpassingar i dei ulike kunstnargruppene.

¹² Kvotefordelinga er omtalt under punkt 6.7.

Det er etter departementet si vurdering òg nokre utfordringar med at det er mogleg å overføre heimlar mellom SEK og SSK.

For det første er det ein risiko for at dei eldste kunstnarane ikkje blir ivaretatt i tråd med intensjonen. Som nemnt i innleiinga under 5.6.1, legg systemet opp til å ivareta heile det kunstnarlege yrkeslivet. Det er egne seniorstipend av gode grunnar. Dei eldste kunstnarane kan ha stor kunstnarleg betydning og vise til kunstnarleg aktivitet av svært høg kvalitet, sjølv om dei ikkje nødvendigvis når opp i ei prioritering mot dei som er nokre år yngre. Her er òg eit anna kunstnarpolitisk poeng. Har ein først bygd seg opp til eit liv som profesjonell kunstnar, skal det ikkje vere vanskelegare å virke etter at ein har fylt 60 år. Dei særskilde stipenda for seniorkunstnarar er difor viktige i eit kunstnarpolitisk perspektiv. Når stipendkomitéane kan overføre heimlar fritt mellom SSK og SEK, kan det freiste komitéane til å velje dei beste søknadene uavhengig av kategori. Dermed kan det skje ei utilsikta dreining mot SEK, og slik kan ein fortrenge dei over 60 år.

Den frie overføringa av heimlane har òg ein annan utilsikta konsekvens.

Kulturdirektoratet opplyser at søkjarane til dei to stipenda i praksis blir vurdert opp mot kvarandre. Dette er openbert ikkje intensjonen med moglegheita for overføring.

Ein kunne ha løyst desse utfordringane ved å slå saman dei to stipendtypene. Det følgjer av drøftinga over at ei slik løysing ikkje vil vere i tråd med den statlege kunstnarpolitikken og målet om å ivareta heile det kunstnarlege yrkeslivet.

Departementet har difor i staden vurdert å splitte opp kvotane til dei to stipenda, slik at heimlane ikkje kan bli overført. Departementet har bedd Kulturdirektoratet om tal for tildeling av SEK og SSK dei siste ti åra:

		Tildelingsår									
		2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
SKS-SEK	Søknader	884	774	564	821	777	835	962	780	900	967
	Tildelingar	25	16	18	26	35	27	26	35	32	35
	Tidelingsprosent	3%	2%	3%	3%	5%	3%	3%	4%	4%	4%
SKS-SSK	Søknader	317	310	268	288	321	320	336	288	313	328
	Tildelingar	9	3	12	8	11	13	5	8	9	9
	Tidelingsprosent	3%	1%	4%	3%	3%	4%	1%	3%	3%	3%

Tidelingsprosenten for SEK er i snitt 3,4 prosent og 2,8 prosent for SSK. Det er ganske liten forskjell mellom dei to, og departementet meiner dette er innanfor ein naturleg varians. I tillegg tar ikkje tala høgde for dei stipendmottakarane som er over 60 år og har fått fornya SEK. Av dei 322 kunstnarane som mottar SEK i dag, er 59 av dei over 60 år. At tidelingsprosenten på SEK er litt høgare enn på SSK, er såleis naturleg og betyr ikkje at kunstnarar over 60 ikkje er ivaretekne.

Departementet foreslår å ikkje ta vekk høvet til overføring no. Det er ikkje reglar om inndelinga i kvoter i gjeldande forskrift eller utkastet til ny. Dersom utviklinga på SEK og SSK tilseier at kvotane bør delast opp, kan departementet gjere det utan å endre forskrifta.

5.6.4.4 Aldersgrenser

Stortinget slutta seg til forslaget i *Kunstnarkår* om å auke aldersgrensene på dei langvarige stipenda til 70 år, jf. Innst. 217 S (2023–2024).

Gjeldande forskrift slår ikkje eksplisitt fast ei øvre aldersgrense for å motta stipend for etablerte kunstnarar (SEK). Departementet reknar med at forskrifta er uklar på dette punktet på grunn av moglegheita for å fornye SEK også etter 57 år (sjå 5.6.4.5).

Kulturdirektoratet opplyser at det er praksis at ein ikkje kan motta SEK første gong etter fylte 57 år. Dette gir meining fordi stipend for seniorkunstnarar kan bli gitt til kunstnarar over 57 år. Det har som nemnt ikkje vore intensjonen at stipenda skal overlappe kvarandre.

SSK skal framleis vere tiårige, slik at nedre aldersgrense for å søkje SSK blir 60 år. Ein naturleg følge av dette er at øvre aldersgrense for å søkje SEK første gong blir 60 år.

Endringane skal ikkje ha tilbakeverkande kraft, slik at allereie tildelte stipend går ut ved fylte 67 år.

5.6.4.5 Fornyng av stipend for etablerte kunstnarar

Gjeldande forskrift punkt 22.4 første ledd lyder:

«Stipend for etablerte kunstnere tildeles for ti år. Stipendet kan fornyes for ytterligere ti år etter søknad. Slik fornyelse behandles av Utvalget etter innstilling fra stipendkomitéene. Vedtak om fornyelse skal foreligge senest 8 måneder før opprinnelig stipendperiode utløper.»

Regelen blei innført i 2013 då garantiinntekta blei fasa ut. Sidan stipenda er tiårige, gjorde utvalet dei første fornyingsvurderingane i 2023.

Formålet med høvet til fornyng er å gi kunstnarane føreseielege vilkår. Formålet er ikkje å fråvike vurderinga av kvalitet og aktivitet. Det er klart etter forskrifta at ein ikkje har nokon automatisk rett til stipend i meir enn ti år. Det må difor gjerast ei ny vurdering av kvalitet og aktivitet. Eit avslag på søknad om fornyng inneber såleis ikkje å ta frå nokon ein rett. Det er heller ikkje haldepunkt i gjeldande forskrift for ei anna løysing, der terskelen for fornyng er lågare eller byggjer på andre kriterium. Vidare vedtok utvalet i 2024 ein instruks som tydeleggjer dette utgangspunktet.¹³

Som nemnt under punkt 5.1, skjer kvalitetsvurderinga i form av ei prioritering mellom søknadene. Slik departementet ser det, er det ikkje mogleg å gjere ei «vanleg» kvalitetsvurdering i eit vakuum. Dersom ein berre vurderer nokre få søknader, vil terskelen nødvendigvis bli ein annan enn dersom det er mange søknader, slik det normalt er under saksbehandlinga av dei ordinære søknadene. Det er her utfordringane med fornyinga oppstår. For å sikre føreseielegheit, har forskrifta krav om at vedtak om

¹³ [Styringsdokumenter for Statens kunstnerstipend - Statens kunstnerstipend - kulturradet.no](https://www.kulturradet.no/styringsdokumenter-for-statens-kunstnerstipend)

fornyng skal ligge føre åtte månader før stipendperioden går ut. Saksbehandligna av dei ordinære søknadene skjer først på hausten det året stipendperioden går ut. Slik vil det òg vere dersom forslaget om justering av årshjulet blir vedtatt. Dermed kan ein ikkje sjå søknadene om fornyng opp mot dei ordinære søknadene om dei same stipendheimlane, og samtidig sørge for åtte månaders føreseielegheit.

Dette fører til at det blir uklart kor terskelen for fornyng skal vere, og utvalet får store utfordringar med å sørgje for at alle stipendkomitéane praktiserer denne terskelen likt. Desse utfordringane blir forsterka av at dei ulike stipendkomitéane har ulik mengde søknader om fornyng. Éin stipendkomité kan ha fleire kunstnarar som søker om fornyng, medan ein annan kan ha berre éin fornyngssøknad som dermed må vurderast i eit vakuum.

Norske kunsthåndverkere har peikt på nokre av desse utfordringane, og gitt innspel til departementet om at høvet til fornyng bør fjernast. Kulturdirektoratet støtter òg at regelen fjernast. Utvalget for Statens kunstnarstipend ser på sin side «*behovet for å legge til rette for fornyng*».

Departementet vil vurdere spørsmålet om høve til fornyng, men foreslår ikkje å fjerne høve no. **Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om høvet til fornyng bør fjernast.**

I staden foreslår departementet å endre systemet for fornyingsvurderinga litt.

Dagens system fungerer slik at stipendmottakaren søker om fornyng i det åttande året av perioden. Fornyngssøknaden blir dermed vurdert på same tid som ordinære stipendsøknader for året *før* stipendet kan fornyast. Fordi dei som søker om fornyng ikkje konkurrerer om dei same heimlane som dei ordinære søkarane som blir vurdert på same tid, blir fornyngane vurdert for seg sjølv. Departementet meiner dette er uheldig.

Departementet foreslår i staden at ein ser fornyngssøknadene i direkte samanheng med dei ordinære stipendsøknadene for året før fornyinga kan skje. Til dømes kan ein stipendkomité ha ti stipendheimlar til fordeling for 2026 når dei skal saksbehandle søknader hausten 2025. Dei har 15 søknader om ordinære stipend, og ein søknad om fornyng for 2027. Til saman har dei då elleve heimlar til fordeling dersom ein legg den ledige heimelen for 2027 til dei ti for 2026. Komitéen må då gjere ei vurdering av kunstnarleg kvalitet og aktivitet for alle desse og prioritere mellom dei, basert på at dei har elleve heimlar. Dersom ein søknad om fornyng når opp blant dei elleve beste, vil fornyinga bli innvilga frå 2027. Dersom søknaden om fornyng blei vurdert som ein av dei ti beste, vil ein ordinær søknad «rykke opp» til den ledige heimelen for 2026. Dersom søknaden om fornyng ikkje når opp blant dei elleve beste, vil søknaden om fornyng bli avslått. I så fall kan kunstnaren søkje om ordinært stipend for 2027 i 2026.

Dette er ikkje ei optimal løysing. Så lenge søknadene om fornyng ikkje konkurrerer om dei same heimlane som søknadene til stipend i det året dei faktisk kan bli fornya, vil det alltid vere rom for utilsikta tilpassingar. Departementet meiner likevel at forslaget fører til eit betre system enn det som gjeld i dag, og samtidig sikrar det føreseielegheit for dei dette gjeld. Departementet minner om at stipendkomitéane kan instruerast av utvalet, som

har ansvar for at vurderinga av fornying skjer i tråd med forskrifta, på same måte og til same vilkår i dei ulike komitéane.

5.6.4.6 Vurdering av inntekt

Gjeldande forskrift punkt 22.6 andre ledd tredje punktum gjeld for både SEK og SSK, og lyder:

«Dersom stipendmottakeren har hatt en gjennomsnittlig netto årsinntekt (alminnelig inntekt) på over seks ganger grunnbeløpet i folketrygden de første fire årene av stipendperioden, faller stipendet bort fra og med år seks. Ved eventuell fornyelse av stipendet, foretas tilsvarende inntektsvurdering i år 10 og år 15.»

Regelen har skapt utfordringar for enkelte stipendmottakarar og for forvaltninga. Dei mest krevjande klagesakene under ordninga gjeld bortfall av stipend etter inntektsvurdering. Blant anna har formuleringa «netto årsinntekt (alminnelig inntekt)» skapt tvil om kva inntekt som skal vurderast.

Kunstnarane har ofte svært ujamne inntekter. Dei kan tene godt eitt år, og dårleg eit anna. Generelt er det ei mykje større utfordring at kunstnarane tener dårleg og ikkje får skikkeleg betalt for arbeidet sitt, enn at dei tener (for) godt. Variasjonen kan skuldast ulike ting. Det kan til dømes vere turnéverksemd der arbeidstida er langt meir enn ei full stilling i snitt over eit år. Det kan vere sal av eit særleg kostbart kunstverk, eller ei rolle i ein film. Det kan òg skuldast at kunstnaren var særleg aktuell i ein periode. Ingen slike grunnar seier noko om inntektsgrunnlaget framover i tid. Kunstnarøkonomien er usikker, og vil variere i periodar. Det er ikkje nødvendigvis slik at ein kunstnar som har tent godt i ein periode, ikkje vil ha behov for stipend for å kunne leve av kunsten framover.

Utvalet skal vurdere «alminnelig inntekt». Det er altså ikkje berre arbeidsinntekt frå kunstnarleg verksemd eller anna arbeid som tel med i vurderinga. Sal av aksjar og i nokre tilfelle inntekter i forbindelse med arv, oppgjer av gjeld og sal av eigedom, tel med. Dette *kan* få urimelege utslag for ein kunstnar som har lav løpande inntekt. Stipendmottakarane kan bli tvungne til å velje mellom å ha stipend og å gjere normale, fornuftige val i eigen privatøkonomi.

Regelen får òg nokre vilkårlege utslag. Det er fire spesifikke år som blir rekna inn i vurderinga. Dersom du har tent bra i år fire, kan du miste stipendet, medan høg inntekt i år fem ikkje har betydning. Slik slår regelen ulikt ut for (dei få) kunstnarane som har høve til å regulere når dei har inntekter, og dei (mange) som ikkje har det.

Eit enda meir vilkårleg utslag kjem av korleis kunstnarane har organisert verksemda. Dei som har eit aksjeselskap (AS), kan enkelt omgå inntektsvurderinga ved å la pengar stå i selskapet til år fem eller til etter stipendperioden. Kunstnarar som er organisert i enkeltpersonføretak, har ikkje denne moglegheita, slik at regelen vil gjelde utan unntak for dei. Departementet meiner ein regel som er så enkel å omgå, ikkje er særleg god.

Vidare kan regelen gjere at kunstnarar ikkje tar på seg oppdrag mot slutten av ein fireårsperiode for å unngå å miste stipendet. Regelen gir såleis eit uheldig insentiv.

Regelen er òg lite brukt. På dei ti åra han har virka, har det vore ti saker. Det er uvanleg at kunstnarar som søker stipend, tener meir enn 6G. I fleire av sakene har den høge inntekta anten kome av eit ekstraordinært godt år (til dømes for biletkunstnarar som opplevde at salet gjekk opp i pandemien og ned igjen etterpå) eller inntekter heilt utanfor den kunstnarlege verksemda.

Departementet foreslår likevel ikkje å oppheve regelen om inntektsvurdering. Regelen er viktig av to grunnar. For det første sørgjer han for at stipenda blir gitt i tråd med formålet om at dei skal bidra til at kunstnarar kan ha kunstnarleg virke som hovudvirke. For det andre er regelen viktig for å sikre at staten brukar ressursane på ein fornuftig måte. Forskrifta punkt 22.6 er såleis ei behovsprøving, som er viktig for legitimiteten til ordninga. Det er uheldig i seg sjølv om statlege kunstnarstipend blir gitt til kunstnarar som ikkje har behov for dei, men det blir òg meir krevjande å forsvare at ein skal ha ordninga Statens kunstnarstipend.

I staden foreslår departementet at regelen blir endra for å løyse dei utfordringane som er skissert over, så langt det lar seg gjere, jf. utkastet til forskrift § 19 fjerde ledd:

«I år fem av stipendperioden skal det gjerast ei vurdering av inntekta til stipendmottakaren. Dersom medianverdien av alminneleg inntekt med fråtrekk av stipendet i dei fire første åra er høgare enn 6G, fell retten til stipendet bort frå og med den fjerde månaden etter vedtak er fatta. Dersom stipendet blir fornya, skal det gjerast ei tilsvarende vurdering i år ti og i femte år i ny periode. Alle åra med stipend som ikkje har blitt vurdert tidlegare, skal vurderast.»

Alminneleg inntekt er inntekt som er skattepliktig etter skatteloven § 5-1 frårekna arbeidsrelaterte utgifter og andre særfrådrag.¹⁴ Slik inntekt inkluderer blant anna arbeidsinntekt, kapitalinntekt, inntekt frå verksemd og pensjon. Departementet har vurdert om ein heller skulle basere regelen på arbeidsinntekt, jf. skatteloven § 5-10, eller personinntekt, jf. skatteloven § 12-2. Prøvinga av inntekt er grunngitt med eit prinsipp om behovsprøving. Departementet meiner at det er den alminnelege inntekta som best viser den faktiske økonomien til stipendmottakarane.

Departementet foreslår at utvalet skal vurdere medianverdien av inntekta, i staden for gjennomsnitt. Dette vil gi eit betre bilete av den faktiske løpande inntekta, som er det avgjerande for om ein kunstnar har framleis har behov for stipend eller ikkje. Det vil òg gjere at ingen mistar stipendet som følgje av uvanlege enkeltår med til dømes oppgjer av arv åleine.

Vidare foreslår departementet å endre tidspunktet for når stipendet fell bort dersom ein har hatt for høg inntekt. Etter dagens forskrift punkt 22.6 gjer utvalet i år fem ei vurdering av inntektene i dei første fire åra. Om ein har tent for mykje, fell stipendet bort allereie frå og med år seks. Mange sjølvstendig næringsdrivande får skatteoppgjeret om hausten. Utvalet får såleis ikkje informasjon om den alminnelege inntekta i år fire før omtrent i oktober i

¹⁴ [Lov om skatt av formue og inntekt \(skatteloven\) - Kapittel 5. Alminnelig inntekt – bruttoinntekter - Lovdata](#)

det femte året. Dette gjer det krevjande for utvalet å fatte vedtak om bortfall av stipend før det sjette året av stipendet begynner i januar, og å følgje dei viktige reglane om førehandsvarsling i forvaltningslova § 16. Det gjer òg at stipendmottarane får lita tid til å innrette seg til ein kvardag utan stipend.

Departementet foreslår difor at stipendet fell bort frå og med den fjerde månaden etter at vedtaket om bortfall er fatta. Tidspunktet for bortfall er dermed ikkje knytt til starten av eit stipendår, men til tidspunktet for vedtaket. Forslaget gir føreseielegheit for stipendmottakarane og sørgjer for at forvaltninga klarar å følgje gjeldande saksbehandlingsreglar. I dag blir dei fleste vedtak om bortfall fatta i desember. Sidan vurderinga av inntekt framleis skal gjerast i år fem (altså seinast i desember), inneber ikkje endringa nokon særleg risiko for at stipendmottakarar med for høg inntekt likevel får stipend på grunn av saksbehandlingstid.

For å fjerne den utilsikta forskjellsbehandlinga mellom kunstnarar med enkeltpersonføretak (ENK) og aksjeselskap (AS), foreslår departementet at alle åra sidan førre vurdering skal bli talt med ved neste vurdering av inntekt. Dette er berre aktuelt dersom stipendet blir fornya, slik at det skal gjerast ei vurdering av inntekt òg i år ti. Ved denne vurderinga skal åra fem til og med ni telle med, slik at ingen kan omgå vurderinga av inntekt ved å ha høg inntekt i år fem. Ved vurderinga i år fem av den fornya perioden (år femten) skal åra ti til og med 14 telje med.

Departementet foreslår at terskelen på 6G blir vidareført, og at stipendet framleis skal bli trekt frå den alminnelege inntekta.

Endeleg foreslår departementet at utkastet til forskrift § 19 fjerde ledd, første og andre punktum (setning) gjeld tilsvarande for seniorstipenda, slik at det skal gjerast ei vurdering av inntekt i år fire av stipendperioden, jf. utkastet § 20 tredje ledd.

5.6.4.7 Departementets forslag

Departementet foreslår følgjande reglar om SEK og SSK, jf. utkastet §§ 19 og 20:

«§ 19. Stipend for etablerte kunstnarar

Yrkesaktive kunstnarar under 60 år som har hatt kunstnarleg aktivitet som hovudvirke over mange år, kan få stipend for etablerte kunstnarar.

Stipendet skal bli tildelt for ti år. Stipendet fell bort seinast månaden etter at mottakaren har fylt 70 år.

Stipendet kan bli fornya. Dette gjeld sjølv om kunstnaren har fylt 60 år. Søknad om fornying skal vurderast på like vilkår som ein ordinær søknad om stipend. Vedtak i sak om fornying skal vere fatta minst åtte månader før stipendperioden går ut.

I år fem av stipendperioden skal det gjerast ei vurdering av inntekta til stipendmottakaren. Dersom medianverdien av alminneleg inntekt med fråtrekk av stipendet i dei fire første åra er høgare enn 6G, fell retten til stipendet bort frå og med den fjerde månaden etter vedtak er fatta. Dersom stipendet blir fornya, skal det gjerast ei tilsvarande vurdering i år ti og i femte år i ny periode. Alle åra med stipend som ikkje har blitt vurdert tidlegare, skal vurderast.

§ 20. Stipend for seniorkunstnarar

Yrkesaktive kunstnarar over 60 år som har hatt kunstnarleg aktivitet som hovudvirke over mange år kan få stipend for seniorkunstnarar.

Stipendet blir tildelt fram til mottakaren er 70 år. Stipendet fell bort frå månaden etter at mottakaren har fylt 70 år.

§ 19 fjerde ledd, første og andre punktum gjeld tilsvarende.»

5.6.5 Diversestipend

Diversestipend er stipend som blir gitt til å dekkje konkrete kostnader knytt til den kunstnarlege verksemda.

I gjeldande forskrift er det lista opp kva kostnadar stipendet kan dekkje, jf. punkt 15.1 andre punktum: «etablering, kurs, reiser, studier, fordypning, materialer, utstyr, markedsføring, konsulentbistand». Lista endar med forkortinga «osv.» (og så vidare). Det er altså ikkje ei uttømmende liste. Departementet legg til grunn at det som blir vurdert, er om det ein søker om, kan vere nyttig i kunstnarskapet.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande rett og praksis for diversestipend. Departementet meiner likevel at lista med døme over kostnader er unødvendig. Tilføyinga «osv.» gjer i tillegg føresegna uklar. Departementet foreslår å erstatte lista med ein regel om at diversestipend kan bli gitt til å dekkje «konkrete kostnader knytt til den kunstnarlege verksemda», jf. utkastet til forskrift § 21 andre ledd. Forslaget er ikkje meint som ei endring av gjeldande praksis.

Gjeldande forskrift punkt 15.1 første ledd tredje punktum slår fast at det ikkje blir gitt støtte til «ordinær utdanning» eller «prosjekter eller utgifter man har hatt før tildelingsåret». Det siste følgjer av hovudregelen og er ikkje nødvendig å regulere særskilt. Om vilkåret om utdanning viser departementet til omtala av § 6 i høyringsnotatet punkt 5.3.2.

5.6.6 Etableringsstipend for unge kunstnarar

5.6.6.1 Innleiing

Diversestipend for nyutdanna kunstnarar (DIVU) har som formål å lette overgangen til yrkeslivet for kunstnarar som har gjennomført kunstutdanning på bachelor- eller masternivå, jf. forskrifta punkt 16.1.

Det er særleg to utfordringar ved vurderinga av søknadene om DIVU. Korleis skal ein vurdere kunstnarleg kvalitet og aktivitet for søkerar som har liten eller ingen kunstnarleg produksjon bak seg? Og kva kunstnargrupper skal kunne søkje om stipend?

Departementet har bedd utvalet for Statens kunstnarstipend om å sjå nærmare på desse spørsmåla.

5.6.6.2 Utvalets forslag

Utvalet for Statens kunstnarstipend svarte på oppdraget frå departementet 10. januar 2025:

«Utvalget foreslår å endre navnet på DIVU til et navn som tydelig reflekterer at dette er et stipend for unge kunstnere i etableringsfasen. Utvalget foreslår å kalle stipendet «Ung Kunststipend». Stipendet skal være tilgjengelig for alle kunstnergrupper og det skal ikke være begrenset til kunstnere med formell utdanning. For kunstformer der utdanning er tilgjengelig, kan dette være en fordel, men ikke et krav. For unge kunstnere som ikke har en relevant utdanning vil relevant kunstnerisk arbeidserfaring vurderes.»

Utvalet foreslår at stipenda skal fremje nyskaping og mangfald, og at dei kan bli gitt til kunstnarar under 35 år i ein etableringsfase. Utvalet foreslår at nyutdanna kunstnarar blir vurdert på bakgrunn av utdanninga si «relevans og anerkjennelse». Vidare foreslår utvalet at kunstnarar som ikkje har utdanning, i staden kan få stipend om dei har «relevant kunstnerisk arbeidserfaring på minst 3 år».

Utvalet foreslår at stipendet blir gitt som eit fast beløp òg at ein kunstnar berre kan motta stipendet ein gong.

5.6.6.3 Departementets vurdering

Departementet forstår utvalet slik at dei er særleg opptatt av å ivareta dei unge kunstnarane som er heilt i starten av karrieren, til dømes dei som akkurat er ferdige med ei utdanning.

Departementet er einig med utvalet i dette, og viser til at det var intensjonen med å innføre DIVU i 2012. Departementet støtter òg utvalet i at stipendet bør få eit nytt namn.

Departementet foreslår at namnet, som dei (fleste) andre stipenda har namn som rettar seg mot kunstnarane, ikkje kunsten. Departementet foreslår at namnet diversestipend for nyutdanna kunstnarar blir endra til «etableringsstipend for unge kunstnarar».

Departementet er òg einig med utvalet i at kunstnarar i alle kunstnargruppene bør kunne motta etableringsstipend. Etableringsfasen kan vere tøff i alle kunstnargrupper, og departementet kan ikkje sjå nokon prinsipiell grunn til at berre dei gruppene som har DIVU i dag, skal kunne få etableringsstipend. Kor mykje kvar gruppe faktisk får, er det eit spørsmål for den årlege kvotefordelinga, og ikkje for høyringa av ei ny forskrift.

Departementet foreslår to kumulative vilkår som må vere oppfylt for at ein kunstnar skal få etableringsstipend: Kunstnaren må vere under 35 år og «tidleg i ein etableringsfase». Det vil vere opp til utvalet å avgjere kva «tidleg i ein etableringsfase» vil seie. Tolkninga må vere i tråd med prinsipp om likebehandling og følgje ein stringent praksis. Formålet med vilkåra er å ivareta intensjonen om å nå dei unge kunstnarane heilt i startfasa av karrieren. Departementet meiner såleis at forslaget følgjer opp utvalet sin intensjon. Formuleringa «tidleg i ein etableringsfase» er òg med på å skilje etableringsstipenda frå arbeidsstipenda for nyetablerte kunstnarar, der vilkåret er at kunstnaren må vere i ei «etableringsfase». Skilnaden synleggjer at dei to stipenda har noko ulike formål. Etableringsstipenda skal treffe dei som er rett ut av ei utdanning eller elles heilt i starten av karrieren.

Formuleringa «tidleg i ein etableringsfase» løyser òg ei anna utfordring. «Etableringsfase» er eit omgrep som er opent for tolking. Ein etableringsfase kan til dømes vare nokre år. Utvalet opplyser om at kunstnarar heilt i startfasen ofte kjem til kort når dei skal vurderast

opp mot søkjarar som har virka som kunstnarar over ein periode. Dette er ei logisk følge av at søkjarane som oppfyller inngangsvilkåra berre skal vurderast på bakgrunn av kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Dei som har nokre få års erfaring har meir aktivitet å vise til, meir utvikla kunstnarskap og meir erfaring med å skrive gode søknader enn dei heilt ferske. Forslaget søker å unngå at målgruppa for etableringsstipenda blir tolka for vidt.

Departementet foreslår at det ikkje er krav om utdanning for å kvalifisere til etableringsstipend. Utvalet ønskjer at stipenda kan treffe kunstnargrupper der det ikkje er vanleg med utdanning eller utdanning ikkje finst, som streetdance. Departementet er einig, men meiner det blir unødvendig kompliserte reglar dersom ein skal ha eigne inngangsvilkår for både kunstnarar med og utan utdanning. Vilkåret «tidleg i ein etableringsfase» gir utvalet høve til å prioritere både kunstnargrupper med og utan utdanning. Departementet meiner dette gir tilstrekkeleg avgrensing og at det ikkje er nødvendig med fleire inngangsvilkår.

Gjeldande forskrift har detaljerte reglar om forholdet mellom søkjaren og utdanninga han har tatt. Departementet foreslår at desse reglane ikkje blir vidareførte. Departementet gjer merksam på at kunstnarar under utdanning som tilsvare 15 studiepoeng eller meir ikkje kan få etableringsstipend. Dette følgjer av fellesføresegna om utdanning i utkastet § 6.

Vidare er departementet einig med utvalet i at det er behov for andre kriterium enn berre kunstnarleg kvalitet og aktivitet for å skilje mellom søknadene. Dette er òg framheva i *Kunstnarkår* og Stortinget hadde ikkje merknader til forslaget. Departementet meiner likevel at kunstnarleg aktivitet og kvalitet bør vere hovudregelen også for etableringsstipenda. I tillegg foreslår departementet at det for søknader om etableringsstipend kan leggjast vekt på aktivitet under studietida (som eksamensutstillingar), og kor relevant den kunstnarlege utdanninga er. Dette er i tråd med utvalet sitt forslag. Denne tolkingsregelen gjeld berre for dei kunstnarane som har utdanning. For andre kunstnarar meiner departementet at hovudregelen er tilstrekkeleg.

Departementet skil seg frå utvalet på somme punkt. Departementet foreslår at stipenda framleis blir gitt til å dekkje konkrete kostnader det blir søkt om, slik det er skildra for diversestipenda, jf. 5.6.5. Forvaltninga er bunden av økonomireglar som gjer at ein må kontrollere kva stipenda blir brukt til. Ein fast sum som er lik på tvers av kunstnargruppene, men som likevel skal gå til å dekkje noko konkret, vil føre til meir kompliserte kontrollar og fleire tilbakebetalingskrav og søknader om omprioritering. I staden kunne ein ha avvikla ordninga med å gi tilskot til konkrete kostnader. Dette vil ha endra dagens system mykje, og gjere etableringsstipenda svært like arbeidsstipenda for nyetablerte kunstnarar (sjølv om etableringsstipend ikkje blir utbetalt som løn).

Departementet meiner dette vil vere uheldig.

Stortinget kan framleis fastsetje ein maksimal storleik på diversestipend og etableringsstipend for unge kunstnarar, slik dei gjer i dag.

Departementet foreslår følgjande i utkastet til forskrift § 22:

«§ 22. *Etableringsstipend for unge kunstnarar*

Kunstnarar under 35 år som er tidleg i ein etableringsfase, kan få etableringsstipend for unge kunstnarar.

Ved vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet, jf. § 5, kan det for etableringsstipenda leggjast vekt på aktivitet under studietida og kor relevant den kunstnarlege utdanninga er.

Ein kunstnar kan berre få etableringsstipend ein gong.

§ 21 andre ledd gjeld tilsvarande.»

6 Føresegner om forvaltning og organisering

6.1 Innleiing

For å følgje opp tiltaka i *Kunstnarkår* og Innst. 217 S (2023–2024) om ryddig forvaltning er det nødvendig med reglar som heimlar og regulerer utvalet og stipendkomitéane.

Dialog med kunstnarorganisasjonane, utvalet og Kulturdirektoratet har vist at det i dei ulike stipendkomitéane er svært ulik arbeidsform, storleik, samansetning og tids- og ressursbruk. Kunstretningane er ulike, og det kan vere gode grunnar for at alt ikkje blir gjort likt. Forvaltninga må følgje forvaltningsretten, m.a. prinsipp for likebehandling og god forvaltningsskikk. Dette er både ei plikt og viktig for legitimiteten til ordninga både i og utanfor kunstnarbefolkninga. Dei overordna rammene for stipendkomitéane bør difor ha klare fellestrekk, slik at forvaltninga sikrar at søkjarar og stipendmottakarar blir behandla likt på tvers av kunstretningane.

Behovet for tydelege rammer og regulering av stipendkomitéar og utval handlar òg om ressursbruk. Forvaltninga er bunden av ei rekkje regelverk om ressursutnytting og forvaltning av tilskot, og om prinsipp om ansvarlegheit. Dei mest sentrale er Stortingets løyvsreglement,¹⁵ Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten.¹⁶ Ansvarleg ressursutnytting er ikkje berre ei plikt for den offentlege forvaltninga, men også avgjerande for å sikre ordninga sin legitimitet. Det er også avgjerande for legitimiteten at kunstnarane har tillit til at søknadsbehandlinga er tilstrekkeleg grundig. Utkastet til forskrift søker å balansere desse omsyna.

Gjeldande forskrift inneheld enkelte reglar om forvaltning og organisering. Reglane er spreidde rundt i forskrifta, og det manglar føresegnar om mellom anna storleiken på stipendkomitéane og grunnlaget for retten til å oppnemne medlemmer av stipendkomitéane.

Vidare følgjer ein gjennomgang av dei viktigaste delane av utkastet til forskrift kap. 4. Merknader til dei enkelte føresegnene finst under punkt 9.

¹⁵ [Bevilgningsreglementet - Lovdata](#)

¹⁶ [Reglement for økonomistyring i staten.pdf](#)

6.2 Utvalet for Statens kunstnarstipend

6.2.1 Gjeldande rett

Statens kunstnarstipend blir forvalta av utvalet for Statens kunstnarstipend (heretter «utvalet»). Det er utvalet som fattar vedtak om tildeling eller avslag på stipend. Utvalet er òg rådgjevande organ for staten i saker som gjeld ordninga. Gjeldande forskrift punkt 8 første ledd lyder:

«Utvalget tildeler stipend etter innstilling fra sakkyndige komitéer oppnevnt av kunstnerorganisasjonene».

Reglane om oppnemning og organisering av utvalet følgjer i punkt 8.1 første til fjerde ledd, som lyder:

«Utvalget består av fem medlemmer med varamedlemmer som oppnevnes av departementet. Departementet velger leder og nestleder. To av medlemmene med varamedlemmer oppnevnes etter felles innstilling fra mer enn halvparten av de kunstnerorganisasjonene som overfor Utvalget innstiller til stipend. Dersom det ikke innkommer et felles forslag innen to måneder før Utvalgets funksjonstid utløper, kan departementet etter beste skjønn selv finne fram til kandidatene.

Utvalgets medlemmer og varamedlemmer oppnevnes for fire år.

For gyldig vedtak kreves at fire av fem medlemmer er til stede, av disse begge kunstnerrepresentantene eller deres varamedlemmer. Av statens representanter må lederen eller nestlederen møte.

Lederen, eventuelt nestlederen hvis lederen har forfall, har dobbeltstemme ved stemmelikhet.»

Første ledd gjeld oppnemning av utvalet. Her går det fram at utvalet skal ha fem personar. Leiar, nestleiar og eitt medlem, alle med personlege varaar, blir oppnemnt av departementet på fritt grunnlag. To av medlemmane med personlege varaer blir oppnemnt «etter felles innstilling fra mer enn halvparten av de kunstnerorganisasjonene som overfor utvalget innstiller til stipend». For å gjere det enkelt omtalar departementet desse som «kunstnarrepresentantar» i det vidare. Det har blitt oppnemnt to personlege varaer for kvar kunstnarrepresentant, slik at det har vore totalt sju varaer for eit utval på fem medlemmer. Det er ikkje tvil om at varaene er personlege, sjølv om det ikkje kjem eksplisitt fram av forskrifta.

Det går ikkje klart fram kva som er meint med «felles innstilling» frå «meir enn halvparten av kunstnerorganisasjonene ...». Regelen blei innført ved forskrift i 2007.¹⁷ Dei siste åra har departementet bedd Kunstnarnettverket om å gi slik innstilling, fordi dei

¹⁷ [Forskrift om endring i forskrift om statens stipend og garantiinntekter for kunstnere - Lovdata](#)

representerer meir enn halvparten av organisasjonane som har rett til oppnemning av komitémedlemmer i dag.

Funksjonstida til utvalet er regulert i forskrifta punkt 8.1 andre ledd, som slår fast at medlemmene skal oppnemnast for fire år av gongen. Forskrifta inneheld ikkje reglar om maksimal funksjonstid, prolongasjon eller andre unntak frå utvalsperioden på fire år.

Forskrifta punkt 8.1 tredje og fjerde ledd avgjer når og korleis utvalet er vedtaksført. Det er krav om at fire av fem medlemmer, inkludert anten leiar eller nestleiar, samt begge kunstnarrepresentantane (eller deira varaer) er til stades. Leiaren, eller nestleiaren ved leiaren sitt fråvær, har dobbeltstemme, jf. punkt 8.1 fjerde ledd.

6.2.2 Departementets vurdering

Departementet foreslår i hovudsak å føre vidare innhaldet i reglane om oppnemning av utvalet, jf. utkastet til forskrift §§ 23 og 24.

Forslaget inneber at det framleis skal vere fem medlemmer i utvalet, der tre blir oppnemnt av departementet på fritt grunnlag, og to etter innstilling frå organisasjonar med rett til å oppnemne medlemmer av stipendkomitéane.

Departementet meiner reglane om varaer er uklare, og at dei heng dårleg saman med reglane om når utvalet er vedtaksført (kor mange medlemmer som må vere habile og til stades for at utvalet kan fatte vedtak). Normalt overtar varaleiaren oppgåvene og avgjerdsmakta til leiaren når leiaren er fråverande. I utvalet for Statens kunstnarstipend er det derimot nestleiar som får dobbeltstemme i ein slik situasjon, jf. forskrifta punkt 8.1 fjerde ledd. Det kan vere gode grunnar til å ha personlege varaer, til dømes der organet skal ha ei spesifikk kompetansesamansetjing. Departementet oppnemner leiar og nestleiar på fritt grunnlag. Det er altså ingen slike krav om kompetansesamansetjing i utvalet. Departementet meiner difor at det ikkje er nødvendig med personlege varaer for dei tre fritt oppnemnde medlemmene.

Departementet foreslår at det blir oppnemnt personlege varaer for kunstnarrepresentantane. Omsyna bak systemet med kunstnarrepresentantar talar klart for at dei bør ha eigne varaer. Departementet er usikker på om desse varaene bør vere personlege eller numeriske. Departementet har inntrykk av at kunstnarorganisasjonane meiner at skiljet mellom skapande og utøvande kunstnarar er viktig, og ønskjer at begge gruppene skal vere representerte. Kunstnarrepresentantane er i utvalet for å representere heile breidda i kunstnarbefolkninga, ikkje berre den kunstnargruppa dei sjølv høyrar til. Det vil aldri vere meir enn to kunstnarrepresentantar, slik at det uansett ikkje er direkte representasjon av alle kunstnargruppene i utvalet.

Departementet foreslår at det blir oppnemnt to numeriske varaer for dei tre medlemmene som er oppnemnde på fritt grunnlag, og éin personleg vara for kvar av kunstnarrepresentantane. Totalt blir det då fire varaer.

Departementet foreslår òg å senke krava til når utvalet er vedtaksført. Den klare hovudregelen er at utvalet skal setjast med fem medlemmer, og at vara blir kalla inn

dersom ein medlem er fråverande. Det krev administrative ressursar å forberede og gjennomføre eit møte i utvalet. Det er uheldig om unødvendig strenge krav gjer at utvalet ikkje er vedtaksført dersom nokon har uventa forfall. Dette gjeld særleg for Statens kunstnarstipend, der det alt er utfordrande å få nye stipend ut til mottakarane tidleg nok på året (sjå punkta 6.7 og 6.8). Uventa fråvær, kombinert med strenge krav til når utvalet er vedtaksført, vil kunne føre til enda seinare utbetalingar. Departementet legg til grunn at dei nedre grensene for når utvalet er vedtaksført, berre blir aktualisert der det skjer noko uventa som plutsleg sjukdom eller endra habilitetsvurderingar. Departementet meiner det er nok at tre medlemmer er habile og til stades i slike unntakstilfelle. Departementet foreslår at leiaren eller nestleiaren og minst éin av kunstnarrepresentantane må vere til stades.

Departementet foreslår å føre vidare at leiaren, eller nestleiaren dersom leiaren ikkje er til stades, har dobbel stemme ved stemmelikskap. Regelen gir meining når forslaget inneber at ein ikkje lenger skal ha personleg vara for leiaren. Nestleiaren er fast medlem av utvalet, og har betre kjennskap til praksis i utvalet, enn det varaleiaren vil ha. Nestleiaren har difor betre føresetnader for å leie utvalet når leiaren er fråverande.

Departementet foreslår òg å føre vidare regelen om at utvalet blir oppnemnt for fire år av gongen. Det er likevel behov for fleksibilitet for kortvarige forlengingar og oppnemningar for ein kortare periode når nokon trekkjer seg eller blir sjuke over lengre tid. Det har vore praksis at personar i utvalet kan gjenoppnemnast. Dette sikrar at utvalet har nødvendig erfaring og kompetanse.

Departementet har vurdert ei grense for kor lenge ein person kan sitje i utvalet. Det er viktig at medlemmene blir skifta ut med jamne mellomrom for å hindre at eit bestemt kunstsyn fastnar i utvalet. Departementet balanserer omsynet til kontinuitet og behovet for utskifting ved kvar ny oppnemning. Departementet meiner difor at det ikkje er behov for reglar om maksimal funksjonstid. Departementet foreslår at utvalet blir oppnemnt for inntil fire år av gongen, med høve til gjenoppnemning.

Departementet ber om tilbakemelding på forslaget om at varaene for kunstnarrepresentantane skal vere personlege.

6.3 Stipendkomitéane

6.3.1 Innleiing

Det følgjer av dagens forskrift at utvalet for Statens kunstnarstipend fattar vedtak på bakgrunn av innstillingar frå sakkunnige stipendkomitéar. «Stipendkomitéstrukturen» er inndelinga i komitéar etter dei ulike kunstnargruppene. Det følgjande er ein gjennomgang av hovudtrekka i departementet sitt forslag til reglar om komitéstruktur og komitéane sin storleik og arbeidsform. Reglane om oppnemning av medlemmer og samansetnaden av stipendkomitéane er omtalt under punkt 6.4.

6.3.2 Statens ansvar for forvaltning og ressursbruk

Statens kunstnarstipend er ei statleg ordning. Staten er ansvarleg for at forvaltninga er i tråd med lover og reglar, men òg for at bruken av ressursar er tenleg og forsvarleg. For departementet er det viktig at søknadene blir vurdert så grundig som mogleg innanfor desse rammene. Det at kvalifiserte fagfellar behandlar søknadene grundig, gir ordninga legitimitet blant kunstnarar. Samstundes er det viktig at mest mogleg av Stortingets avsetjing går til kunstnarane som stipend, og ikkje til forvaltning. Forvaltninga i seg sjølv bidrar ikkje til at det blir skapt meir kunst. Departementet må vurdere kor store ressursar det er tenleg og forsvarleg å bruke på ordninga, jf. Stortingets løyvingsreglement, Reglement for økonomistyring i staten § 4¹⁸ og Bestemmelser om økonomistyring i staten kapittel 1.3 første avsnitt.¹⁹ Riksrevisjonen kan kontrollere om staten brukar ressursane på ein effektiv, nøktern og forsvarleg måte, jf. riksrevisjonsloven § 5-1. Departementet har mellom anna ansvar for at underliggjande etatar brukar ressursane effektivt, at dei rapporterer relevant og påliteleg resultat- og rekneskapsinformasjon, og at det er kontroll med ressursbruken.

Stipendkomitéane er ein viktig del av forvaltninga i Statens kunstnarstipend. Det er behov for reglar som, i større grad enn i dag, regulerer samansetjinga av stipendkomitéane, komitéarbeidet og bruken av ressursar til forvaltning.

6.3.3 Gjeldande rett

Stipendkomitéstrukturen er ikkje omtalt i gjeldande forskrift. Den opphævelege strukturen kom frå «Regelverksavtalen» av 1978, som blei sagt opp på 1980-talet. Sidan har komitéstrukturen følgt av sedvane, supplert med konkrete avgjerder om oppretting av nye komitéar. Det skjedde sist i 1996, då stipendkomitéen for populærkomponistar blei oppretta. Komitéstrukturen har vore låst over lang tid, utan tydeleg heimel i forskrifta.

Forskrift punkt 8 første ledd lyd:

«Utvalget tildeler stipend etter innstilling fra sakkyndige komitéer oppnevnt av kunstnerorganisasjonene.»

Vidare er det reglar om komitésamansetjinga og komitéarbeidet i punkt 8.2.1, der relevante ledd lyder:

«8.2.1 Generelt

(1) Stipendkomitéene er faglige sakkyndige organer for Utvalget. De innstiller til stipend samt innstiller til Utvalget om fortsatt opprettholdelse eller bortfall av garantiinntekten. Stipendkomitéene avgir uttalelse til Utvalget ved søknader om omdisponering av allerede tildelte stipend og avgir også uttalelse til Utvalget i klagesaker.

¹⁸ Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten: [reglement for økonomistyring i staten.pdf](#).

¹⁹ Sjø note 18.

(2) Stipendkomitéer oppnevnes for et tidsrom på inntil tre år av kunstnerorganisasjonenes generalforsamlinger, årsmøter eller annen innretning som organisasjonene anser som høyeste fungerende myndighet i slike saker.

(4) Stipendkomitéene skal bestå av minst tre medlemmer, eventuelt med varamedlemmer.

(5) Stipendkomitéene er beslutningsdyktige når minst tre medlemmer eller deres varamedlemmer deltar. Varamedlemmer har bare stemmerett hvis de erstatter et av medlemmene.»

Både punkt 8 første ledd og punkt 8.2.1 andre ledd peikar mot at det er kunstnarorganisasjonane som oppnemner stipendkomitéane. Dette medfører at dei ikkje berre oppnemner medlemmene til komitéane, men òg bestemmer storleiken på komitéane utover at det må vere minst tre medlemmer.

Forskrifta har heller ikkje føresegn om saksbehandlinga og ressursbruken i komitéane. Departementet og Kulturdirektoratet har innhenta informasjon frå kunstnarorganisasjonane som viser at praksis for arbeidsform, arbeidstid og storleik på stipendkomitéane er svært ulik. Det er òg ulik praksis for honorering av stipendkomitémedlemmene. Kunstnarorganisasjonane har i nokre tilfelle honorert komitémedlemmene heilt eller delvis for jobben dei gjer for staten sjølv.

Informasjon frå kunstnarorganisasjonane og Kulturdirektoratet viser òg at det er store forskjellar på komitéane når det kjem til talet på medlemmer, kor mange søknader dei behandlar, og korleis dei jobbar. Ein stipendkomité har 13 medlemmer, medan fem av stipendkomitéane berre har tre medlemmer. I 2024 behandla ein stipendkomité 3 329 søknader, medan tre av komitéane behandla under 100 søknader. Sekretariatet for stipendkomitéen for musikarar, songarar og dirigentar har i møte med departementet opplyst at ikkje alle 13 medlemmer les alle søknadene. Motsett har sekretariatet for stipendkomitéen for biletkunst meldt at alle dei ti medlemmene i utgangspunktet les alle dei 3 329 søknadene (med mindre dei er inhabile eller liknande).

Dagens føresegn regulerer kor mange medlemmer stipendkomitéen minst må ha, men ikkje kor stor komitéen maksimalt kan vere, eller korleis komitéen skal vere organisert.

6.3.4 Departementets vurdering

6.3.4.1 Stipendkomitéstrukturen

Departementet foreslår å føre vidare dagens stipendkomitéstruktur.

Departementet meiner komitéstrukturen med tiden har blitt låst og lite egna til å fange opp utviklinga i kunstretningane. Det utydelege rettslege grunnlaget gjer òg at det er uklart kven som har avgjerdsrett til å avgjere at ein komité skal bli oppretta eller leggjast ned. Departementet foreslår å klargjere dette ved å liste opp komitéstrukturen i forskrifta. Ei slik løysing vil gi eit klart og tydeleg rettsgrunnlag for strukturen og kvotefordelinga (sjå punkt 6.7). Det vil òg gi føreseielegheit og plassere ansvaret for endringar tydeleg hos departementet, fordi endringar i strukturen vil krevje endringar i forskrifta.

At endringar vil krevje endring av forskrifta, er òg ei ulempe, fordi det gjer komitéstrukturen lite fleksibel. Departementet meiner det vil vere ein fordel, både kunstnarpolitisk og for ressursbruken, om systemet var meir dynamisk. Dagens inndeling er i nokre tilfelle meir basert på historikk enn prinsipielle, faglege vurderingar av kunstnargruppene. Frå eit fagleg perspektiv meiner departementet at enkelte av stipendkomitéane kunne vore slått saman. Samanslåing av stipendkomitéar var ikkje tema i *Kunstnarkår*. Sidan det vil krevje nærmare vurderingar og forsinke arbeidet med forskrifta, foreslår ikkje departementet dette no.

6.3.4.2 Storleiken på stipendkomitéane og saksbehandling

Når staten er ansvarleg og dekkjer kostnadane til forvaltninga av ei ordning, må staten bestemme over ressursbruken. Kunstnarorganisasjonane er ikkje ein del av staten eller underlagt dei same reglane som forvaltninga er. Dei kan difor ikkje avgjere kor mykje ressursar staten skal bruke på å forvalte Statens kunstnarstipend, avgjere storleiken på komitéane, eller kor mange komitémedlemmer som skal vurdere kvar søknad, slik dei gjer i dag, fordi dette bind opp statlege ressursar.

I praksis definerer ikkje organisasjonane den statlege ressursbruken i dag. For nokre komitéar skuldast dette at overføringa frå staten er nok til å honorere medlemmane for den jobben dei gjer. For andre komitéar gjer den ikkje det, slik at medlemmane anten ikkje får betalt etter satsane i Statens personalhandbok for dei timane dei jobbar for staten, eller at organisasjonane honorerer dei med andre midlar enn overføringar frå Statens kunstnarstipend. Departementet meiner dette uheldig, og Stortinget har slutta seg til forslaget om å leggje til rette for at komitémedlemmane kan bli honorert på same måte som fagutvala under Kulturrådet.

Departementet meiner praksisen der kunstnarorganisasjonane sjølv avgjer storleiken på komitéane og kor omfattande saksbehandlinga skal vere, ikkje kan vidareførast. At staten har kontroll med ressursbruken, er ikkje berre eit krav etter økonomiregelverket, men òg viktig for å sikre legitimiteten til ordninga. Departementet er samstundes opptatt av å sikre at saksbehandlinga er grundig nok til at tilliten til ordninga ikkje blir svekka blant kunstnarane.

Balansen mellom omsynet til effektiv ressursbruk og omsynet til grundigheit reiser særleg to spørsmål.

Først spørsmålet om storleiken på stipendkomitéane. Statens kunstnarstipend skil seg frå (dei fleste) ordningane under Kulturrådet og Fond for lyd og bilete fordi det blir gitt støtte til kunstnarskap, ikkje prosjekt- eller driftsstøtte. Departementet meiner likevel det er naturleg å sjå til fagutvala under desse fagfelleordningane. Fagutvala under Kulturrådet har mellom fire og sju medlemmer, med unntak av eit utval som har ni. Fagutvala under Fond for lyd og bilete har tre til fire medlemmer.²⁰

²⁰ Tala er henta frå Kulturdirektoratets nettsider: [Råd, komiteer og utvalg - kulturradet.no](http://Råd,komiteer_og_utvalg_-_kulturradet.no). Fagleg utval for ekstraordinær koronautlysing er ikkje talt med.

Både søknadsmengda og innhaldet og omfanget av søknadene varierer mykje mellom dei ulike komitéane i Statens kunstnarstipend. Fleire av komitéane behandlar òg langt fleire søknader enn fagutvala under Kulturrådet og Fond for lyd og bilete. Departementet foreslår difor ikkje ein maksimal storleik på komitéane. Ein slik regel kan føre til at nokre få medlemmer må vurdere svært mange og omfattande søknader. Ein stipendkomité bør kunne dele seg opp slik at ikkje alle les kvar søknad dersom det er tenleg.

I staden foreslår departementet følgjande regel, jf. utkastet til forskrift § 25 andre ledd:

«Utvalet for Statens kunstnarstipend fastset storleiken på stipendkomitéane. Storleiken skal vere tilpassa søknadsmengda og ta omsyn til særlege trekk ved kunstnargruppa.

Utvalet må gjere ei vurdering av kor stor kvar komité må vere for å sikre forsvarleg behandling av søknadene. Utvalet skal ta omsyn til søknadsmengda og særlege trekk ved kunstnargruppa. Departementet legg til grunn at utvalet bør ha dialog med organisasjonane som oppnemner komitéane, før dei fattar avgjersle.

Forslaget reiser spørsmål om utvalet bør vurdere storleiken på komitéane med jamne mellomrom. Systemet skal vere dynamisk og tilpassast utviklinga i søknadsmengde og kunstnargruppene. Ei plikt for utvalet til å gjere jamlege vurderingar vil sikre denne intensjonen. Departementet foreslår likevel ikkje ei løysing med faste vurderingar av storleiken til komitéane, fordi det vil bli arbeidskrevjande for utvalet og organisasjonane som oppnemner medlemmer av stipendkomiteane. Departementet foreslår at utvalet kan vurdere om og når det er tenleg å vurdere storleiken på kvar enkelt komité.

Departementet legg til grunn at utvalet bør gjere ei slik vurdering av alle komitéane etter at forskrifta har tredd i kraft, men at eventuelle endringar i komitéstorleiken først skal gjerast i samband med neste oppnemning av medlemmer av komitéane. Departementet vil ha dialog med utvalet og Kulturdirektoratet om når og korleis dette best kan løysast.

Det andre spørsmålet er kor omfattande saksbehandlinga i stipendkomitéane skal vere. Både kunstnargruppene og søknadene er ulike. Det vil variere kor mykje ressursar ein treng for å behandle ein søknad på ein forsvarleg måte. Eit utgangspunkt ligg fast: Stipenda blir gitt på bakgrunn av søknader. Sjølv om stipenda blir gitt til kunstnarskap, er det ikkje nødvendig å skaffe seg total oversikt over heile kunstnarskapet fram til søknadstidspunktet for å gi innstilling. Det kan vere nødvendig å lese, sjå eller høyre heile eller delar av verk, men tildelingane må basere seg på søknadene.

Departementet foreslår ikkje reglar for tidsbruk i stipendkomitéane. Departementet foreslår i staden at utvalet gir ein instruks med slingringsmon om forventa tidsbruk per søknad frå kvart komitémedlem. Instruksjonen må basere seg på dei rammene for budsjett som Stortinget har vedtatt for Kulturdirektoratet sine driftsutgifter. Stipendkomitéane må avpasse søknadsbehandlinga slik at dei normalt rekk å vurdere søknadane innanfor den gitte tidsramma.

Derimot foreslår departementet ei føresegn i forskrifta om kor mange komitémedlemmer som maksimalt kan vurdere ein og same søknad. Stipenda er svært viktige for kunstnarane som får dei, vurderinga av kunstnarleg aktivitet og kvalitet er skjønnsprega, og somme av

stipenda er langvarige. Dette talar for at mange nok fagfellar vurderer søknadene. Behovet for grundigheit må òg her vektast mot forsvarleg bruk av ressursar.

Departementet meiner det ikkje er behov for at søknadene under Statens kunstnarstipend blir vurdert av betydeleg fleire fagfellar enn i andre ordningar i kulturforvaltninga. Standpunktet blir støtta av at enkelte av stipendkomitéane har få medlemmer allereie i dag. Sjølv om breidda i dei definerte kunstnargruppene er ulik, meiner departementet at det ikkje er grunn til at ein biletkunstnar skal få søknaden vurdert av ti fagfellar, medan ei skodespelar får søknaden vurdert av fire. Departementet understrekar at forslaget gir rom for visse forskjellar i kor mange som vurderer ein søknad. Departementet foreslår følgjande, jf. utkastet til forskrift § 3 tredje ledd:

«Ein søknad skal ikkje vurderast av meir enn seks komitémedlemmer. Dersom det er nødvendig for at komiteen skal kome fram til ei felles innstilling, kan enkelte søknader likevel vurderast av fleire komitémedlemmer.»

Departementet understrekar at forslaget ikkje seier noko om storleiken på stipendkomitéane. Jamfør drøftinga ovanfor, kan det vere behov for å oppnemne meir enn seks medlemmer på grunn av stor søknadsmengd eller omfattande søknader. Utkastet § 3 tredje ledd andre punktum er meint å ivareta tilfelle der det er behov for å samkøyre ulike delar av ein stipendkomité som har lese ulike søknader. I eit slikt tilfelle kan fleire komitémedlemmer lese eit mindre utval søknader for å samkøyre seg slik at komiteen kan gi ei felles innstilling til utvalet.

Departementet ber om innspel til forslaget om reglar for storleiken på stipendkomitéane og deira saksbehandling, mellom anna

- **om det bør vere ein regel om maksimal storleik på komitéane**
- **om det bør vere reglar om stipendkomitéane sin tidsbruk i forskrifta, eller om løysinga med ein instruks frå utvalet eller ei anna løysing er betre**
- **om departementet sitt forslag til avgrensingar i kor mange komitémedlemmer som kan vurdere ein søknad, er treffsikker**

6.4 Oppnemning av medlemmer i stipendkomitéane

6.4.1 Innleiing

Medlemmene i stipendkomitéane blir oppnemnt av kunstnarorganisasjonar. Slik skal det framleis vere. Kunstnarorganisasjonane har god innsikt i den kunstnargruppa dei organiserer. I tillegg gir oppnemningsretten ordninga legitimitet blant kunstnarane, som demokratisk kan stemme inn medlemmer til komitéane. Det er mykje som fungerer godt med dagens system for oppnemning.

Men det er òg nokre utfordringar. Den gjeldande forskrifta har klare manglar på dette området. Forskrifta definerer ikkje kva organisasjonar som har rett til oppnemning, eller kor mange medlemmer dei kan oppnemne. I *Kunstnarkår* ble det foreslått at departementet «etter ei vurdering» vil gi organisasjonar som «reelt sett representerer» kunstnarar, rett til

å oppnemne. I meldinga er det òg slått fast at det i alle fall er behov for å tydeleggjere rettsgrunnlaget for oppnemningsretten.²¹ Stortinget slutta seg til forslaget, jf. Innst. 217 S, s. 14.

6.4.2 Rett til å oppnemne komitémedlemmer

6.4.2.1 Gjeldande rett og bakgrunn

Retten til å oppnemne (medlemmer av) stipendkomitéane følgjer av gjeldande forskrift punkt 8.2.1 andre ledd, som lyder:

«Stipendkomitéer oppnevnes for et tidsrom på inntil tre år av kunstnerorganisasjonenes generalforsamlinger, årsmøter eller annen innretning som organisasjonene anser som høyeste fungerende myndighet i slike saker.»

Det er ikkje definert i forskrifta kva som meinast med «kunstnarorganisasjonane» i denne samanhengen. I gjeldande forskrift punkt 2 om kvotefordeling²² blir omgrepet «forhandlingsberettiga organisasjonar» bruka. Sjølv om forskrifta punkt 2 ikkje gjeld oppnemningsretten, er det neppe tvil om at ein har meint å omtale dei same organisasjonane. Omgrepet «forhandlingsberettiga organisasjonar» stammar frå Reguleringsavtalen av 1978, som blei sagt opp på 1980-talet.

Rettsgrunnlaget for retten til å oppnemne medlemmer av stipendkomitéane er altså uklart. Det mest nærliggjande er nok at oppnemningsretten byggjer på sedvane. Følgjeleg er det heller ingen reglar i forskrifta om kva som skal til for å få ein slik rett.

Som følgje av det mangelfulle regelverket har diskusjonar om retten til å oppnemne komitémedlemmer blitt prega av politiske prosessar og tidvis ueinigheit mellom organisasjonane.

Etter at Forfatterforbundet blei stifta i 2018, har debatten om oppnemningsrett blitt aktualisert. Forfatterforbundet ønskjer oppnemningsrett til stipendkomitéen for skjønnlitterære forfattarar, som Den norske Forfatterforening har einerett til å oppnemne medlemmer til i dag.

6.4.2.2 Innspel før høyringa

Departementet heldt 15. november 2024 eit møte med Den norske Forfatterforening og Forfatterforbundet om oppnemningsretten. I etterkant av møtet har begge organisasjonane sendt skriftlege innspel om saka.

Forfatterforbundet omtalar spørsmålet om kva som er ein «organisasjon som reelt sett representerer kunstnarar», slik:

«Når den nye forskriften for SKS skal utformes, bør det legges vekt på et sett objektive kriterier som i sum gir kunstnerorganisasjoner som «reelt sett representerer kunstnere», status som kunstnerorganisasjon. Denne statusen må gi oppnevningsrett til komitéen for

²¹ Meld. St. 22 *Kunstnarkår*, punkt 4.5.4, s. 56.

²² Sjå 6.7

SKS. En slik tilnærming vil danne grunnlag for et robust system for vurdering av kunstnerorganisasjoner også i framtiden.»

Forfatterforbundet meiner at kriterium for vurderinga kan vere organisasjonane sitt «medlemsgrunnlag», deira «faglig[e] relevans», om dei har ein «demokratisk oppbygning og medlemsstyring», om dei har «aktiv deltakelse på kunstfeltet», om dei jobbar for «kunstneres rettigheter» og «bidrar til samfunnets kunstfelt», og om dei har ein «etisk og inkluderende praksis».

Forfatterforbundet foreslår at departementet tar stilling til om ein organisasjon reelt sett representerer kunstnarar. Vidare foreslår Forfatterforbundet at kvar representativ organisasjon får rett til å oppnemne like mange medlemmer i komitéen, og at det blir gjort ei felles oppnemning av ein leiar.

Den norske Forfatterforening (DNF) peikar på at storleiken på organisasjonane bør vere av betydning. Dei anbefaler vidare å leggje vekt på organisasjonane sine kriterium for å bli medlem, fordi kor stor del av ein organisasjon sine medlemmer som høyrer til den aktuelle kunstnargruppa, er viktig for legitimiteten til retten til å oppnemne medlemmer. DNF meiner retten til oppnemning ikkje kan knyttast til «forhandlingsrett til andre statlige ordninger».

DNF foreslår vidare at utvalet for Statens kunstnarstipend «utnevner stipendkomitéen fra én organisasjon, som også ivaretar sekretariatsfunksjonen, og at denne komitéen deretter kan suppleres med et antall medlemmer fra andre representative organisasjoner hvis det er aktuelt».

DNF meiner det ikkje kan vere slik at alle organisasjonar som blir sett på som representative, får rett til å oppnemne like mange medlemmer, men at det er «organisasjonens størrelse og posisjon i den [aktuelle] kunstnergruppen» som må vere avgjerande.

6.4.2.3 Departementets vurderingar

Utgangspunktet som Stortinget har slutta seg til er at organisasjonar som reelt sett representerer kunstnarar etter ei vurdering, kan få rett til å oppnemne. Målet er at organisasjonane som oppnemner, skal spegle kunstnardemokratiet best mogleg i samtida. Dette er viktig for å sikre at dei som blir oppnemnt har brei støtte blant kunstnarane.

Departementet understrekar at spørsmålet om oppnemningsrett gjeld alle kunstnargruppene. Det er behov for ein generell regel i forskrifta som heimlar oppnemningsretten. Endringane departementet foreslår, vil kunne få konsekvensar for andre stipendkomitéar og kunstnarorganisasjonar enn dei skjønnlitterære. Departementet meiner ein generell regel er den beste løysinga. Det vil gjere systemet fleksibelt og i stand til å hengje med i tida, gi føreseielege vilkår for eventuelt nye kunstnarorganisasjonar og minimere sjansen for usakleg forskjellsbehandling.

6.4.2.3.1 Kriterium for oppnemningsrett

Innspela frå forfattarorganisasjonane er eigna til å illustrere utfordringane som oppstår når ein skal definere kva organisasjonar som reelt sett representerer kunstnarar i ei kunstnargruppe.

Departementet meiner det ikkje er mogleg å lage ein regel med objektive kriterium som (fullt ut) avgjer kven som har oppnemningsrett, og kor mange kvar organisasjon kan oppnemne. Til det er organisasjonane og kunstnargruppene for ulike. Creo har til dømes over 10 000 medlemmer, medan Norsk kritikerlag ifølgje egne nettsider har 405.²³ Det er òg langt fleire yrkesaktive musikarar enn kritikarar. I tillegg vil ein regel med berre objektive kriterium innebere ein viss risiko for at nye kunstnarorganisasjonar utviklar seg med mål om oppnemningsrett og tilpassar kriteria for å bli medlem for å få ein slik rett. Målet må vere at organisasjonar som har bygd seg opp til å bli representative uavhengig av Statens kunstnarstipend, skal få oppnemningsrett.

På bakgrunn av dette meiner departementet at det er behov for ein regel med eit element av skjønn. Regelen bør likevel ikkje vere så skjønnsprega at spørsmålet om oppnemningsrett endar i uformelle politiske prosessar. Departementet meiner det er behov for kriterium som kan operasjonaliserast.

Begge forfattarorganisasjonane meiner at det er dei yrkesaktive kunstnarane som bør telje med i vurderinga. Departementet er einig i dette. DNF peikar på at ein må unngå at ein organisasjon som representerer ein liten del av ei stor kunstnargruppe, får urimeleg stor innflytelse over oppnemningane. Departementet er einig, og foreslår at ein organisasjon må representere ein «betydeleg del» av dei yrkesaktive kunstnarane i den aktuelle kunstnargruppa for å bli rekna som representativ.

Forfatterforbundet fremmer ei rekkje forslag knytt til korleis organisasjonane arbeider, samt organisasjonane sin oppbygging, organisering og formål. DNF foreslår å knytte vilkåra for oppnemningsrett til organisasjonane sine kriterium for å bli medlem. Sjølv om departementet støttar intensjonen bak fleire av forslaga, bør departementet unngå å lage reglar som legg (indirekte) føringar på struktur, arbeidsform og formål i organisasjonane. Det vil vere problematisk med omsyn til organisasjonsfridomen om staten krev at ein organisasjon må ha visse kriterium for opptak eller krav om å inkludere særskilde kunstuttrykk for å delta i kunstnardemokratiet under Statens kunstnarstipend. Departementet viser til at det er fleire av organisasjonane som har oppnemningsrett i dag, som ikkje har kvalitetsbaserte kriterium for å bli medlem.

Forfatterforbundet foreslår òg at ein bør vurdere om organisasjonen deltar eller har rettar under andre statlege ordningar på kulturfeltet. Departementet ser fordelane med eit meir einskapleg system i tilskotsforvaltninga på kulturfeltet. Departementet foreslår likevel ikkje ei slik løysing, av tre grunnar. For det første er det heilt ulike omsyn som er bakgrunnen for dei ulike ordningane. I biblioteksvederlagsordninga er det til dømes direkte overføringar av midlar til eit fond som blir forvalta av dei aktuelle

²³ [Om Kritikerlaget - Norsk Kritikerlag](#)

opphavarorganisasjonane, til vidare fordeling. Dermed er det behov for å vurdere kva ordningar organisasjonane har for vidare fordeling og system for å sikre ei ryddig forvaltning. Når det for Statens kunstnarstipend berre dreier seg om ein rett til oppnemning til statlege komitéar, gjer ikkje desse omsyna seg gjeldande. For det andre er det svært ulike ordningar i dei ulike kunstfelt, og det er òg ulike og ulikt grunnjevne ordningar i same kunstfelt. Dette gjer det krevjande å lage ein god, felles regel som tar omsyn til andre ordningar. For det tredje kan det vere uheldig å knytte regelverket for Statens kunstnarstipend til andre regelverk. Dette kan føre til behov for jamlege, omfattande vurderingar av om forskrifta må endrast, samt uklare heimlar og tolkingstil der regelverket som er linka mot forskrifta, blir endra.

Departementet meiner det er nødvendig å vurdere kor mange yrkesaktive kunstnarar i den aktuelle kunstnargruppa kvar organisasjon representerer. Medlemstal aleine vil ikkje gi nokon god regel, fordi kunstnarorganisasjonane har ulike formål, ulik målgruppe og medlemsmasse, ulike kriterium for medlemskap og ulik medlemsavgift. Derfor foreslår departementet følgjande, jf. utkastet til forskrift § 26 første og andre ledd:

«Medlemmer av stipendkomitéane blir oppnemnde av organisasjonar som representerer ein betydeleg del av dei yrkesaktive kunstnarane i den aktuelle kunstnargruppa, jf. § 31 andre ledd. Utvalet for Statens kunstnarstipend oppnemner medlemmer av stipendkomitéen for andre kunstnarar.

Som yrkesaktive kunstnarar etter første ledd blir rekna personar som har det aktuelle kunstområdet som hovudvirke og ikkje er under grunnutdanning.»

Av første ledd følgjer det at det berre er medlemmer som høyrer til den aktuelle kunstnargruppa, som skal teljast med. Til dømes skal forfattarar som (i hovudsak) lever av faglitteratur, ikkje takast med i vurderinga av kor mange skjønnlitterære forfattarar ein organisasjon organiserer.

Vidare er det eit vilkår for å vere representativ at ein organisasjonen representerer ein «betydeleg andel» av alle dei yrkesaktive kunstnarane i den aktuelle kunstnargruppa. Dette er ei konkret vurdering. Det er ikkje krav om at organisasjonen må representere 50 prosent av kunstnarane. I den andre enden bør det i alle fall vere minst 10 prosent. Akkurat kor terskelen skal liggje, bør etter departements vurdering bli avgjort gjennom praksis, men departementet set pris på innspel i høyringa.

«Yrkesaktive kunstnarar» er legaldefinert i § 26 andre ledd. Føresegna inneheld to avgrensingar. For det første skal berre dei kunstnarane som har det aktuelle kunstområdet som «hovudvirke», teljast med. Departementet reknar med at det kan bli krevjande for organisasjonane å vurdere kven av medlemmene som høyrer inn i ei kunstnargruppe. Departementet foreslår difor at organisasjonane får eit slingsmonn med ein ganske vid skjønnsmargin i vurderinga (sjå 6.4.2.3.2).

Utkastet § 26 andre ledd slår òg fast at kunstnarar under «grunnutdanning» ikkje skal teljast med. Med grunnutdanning blir det i denne samanhengen meint den utdanninga som typisk leier fram til å ha kunstnarleg aktivitet som hovudvirke. Medlemmer som tar andre ikkje kunstnarlege utdanningar på (tilnærma) full tid, skal heller ikkje teljast med. Det er

ikkje meininga å ekskludere kunstnarar som tar etterutdanning på deltid medan dei arbeidar som kunstnarar. Formålet med vilkåret er å ta omsyn til at organisasjonane har svært ulike vilkår for medlemskap for studentar, og sørgje for at det er representativitet blant dei yrkesaktive kunstnarane som er avgjerande.

6.4.2.3.2 Kven skal avgjere spørsmålet om representativitet?

Fordi den foreslåtte regelen har eit element av skjønn, må nokon avgjere spørsmålet om kva organisasjonar som er representative. Dei aktuelle alternativa er Kultur- og likestillingsdepartementet, utvalet for Statens kunstnarstipend og Kulturdirektoratet.

Departementet meiner det vil vere uheldig om departementet sjølv gjer vurderinga i første instans. Eit av måla med å regulere retten til oppnemning er å sikre at vurderinga byggjer på faglege vurderingar av om organisasjonane er representative. Ein føresetnad for å lukkast er at dette ikkje blir ei utprega politisk avgjerd. Då gir det lite meining at departementet, der statsråden er øvste leiar, skal gjere dei faglege vurderingane i første instans.

Argumenta over taler isolert sett for at utvalet fattar desse avgjerslene, fordi dei er «lengst unna» departementet. Departementet foreslår likevel at Kulturdirektoratet får ansvaret, av fleire grunnar.

Den viktigaste grunnen er at utvalet vil få store utfordringar knytte til habilitet og rollekonfliktar. Utvalet har til ei kvar tid minst to medlemmer som er medlem av ein kunstnarorganisasjon. Desse medlemmene vil vere inhabile overfor organisasjonen dei er medlem av. Dei vil ofte òg vere inhabile i sakar som gjeld kunstnargruppa/stipendkomitéen deira organisasjon oppnemner til, fordi deira organisasjon kan ende opp med å oppnemne færre medlemmer enn i dag, som følgje av at ein ny organisasjon får oppnemningsrett. For andre kunstnargrupper enn den dei sjølv høyrer til, vil det neppe vere tale om rettsleg inhabilitet. Det kan likevel oppstå interessekonfliktar. Reglane om oppnemningsrett er generelle og gjeld for alle kunstnargruppene. Følgjeleg vil òg vurderingane av kva for organisasjonar som er representative vere generelle. Vurderingane i ei konkret sak – til dømes om dei skjønitterære forfattarane – vil ha presedens for andre kunstnargrupper. Dermed kan kunstnarrepresentantane i utvalet komme i ein situasjon der dei veit at vurderinga dei gjer kan ha uønskte konsekvensar på sikt for kunstnarorganisasjonen dei er medlem av. Dette er uheldig, sjølv om dei ikkje skulle vere rettsleg inhabile.

Kulturdirektoratet har generelt sett større avstand til kunstnarorganisasjonane, som er part i sakene om oppnemningsrett, enn utvalet. Departementet meiner dette talar for at dei skal gjere desse vurderingane, uavhengig av det som er skrive om habilitet mv.

Vurderinga av om ein organisasjon er representativ er først og fremst organisasjons- og forvaltningsrettsleg. Ein skal ikkje utøve kunstfagleg skjønn, i betydninga å vurdere kva som er kvalitativt god kunst. Både utvalet og Kulturdirektoratet har god kjennskap til kulturfeltet og kunstnarorganisasjonane, samt den nødvendige fagkunnskapen for å gjere desse vurderingane. Kulturdirektoratet har i tillegg meir kompetanse knytt til forvaltning, ressursbruk og jus enn utvalet. Det er heller ikkje tale om nokon formell armlengde i desse

avgjerdene. Det følger av forvaltningsloven § 28 at departementet vil vere klageinstans for desse vedtaka uansett om utvalet eller Kulturdirektoratet er første instans. Det er ikkje høve til å avgrense tilgangen til å klage, slik det er for vedtaka om tildeling av stipend. Etter departementets vurdering er difor verken prinsippet om armlengdes avstand eller det at departementet ikkje instruerer utvalet i enkeltsaker vektige argument for at utvalet skal fatte vedtaket om oppnemningsrett.

Departementet foreslår at Kulturdirektoratet gjer vurderingane av oppnemningsrett som sjølvstendig organ (ikkje som sekretariat for utvalet). Kulturdirektoratet kan velje å involvere (habile medlemmer i) utvalet i vurderingane, men dei skal fatte vedtak som direktorat, uavhengig av utvalets mening.

Forslaget inneber at ein ny organisasjon som ønskjer oppnemningsrett, søker Kulturdirektoratet om å få det. Søknaden skal innehalde opplysningar om kor mange yrkesaktive kunstnarar i den aktuelle kunstnargruppa organisasjonen representerer. Søknaden skal òg gjere greie for dei kriteria organisasjonen har brukt for å avgrense eigen medlemsmasse til den aktuelle kunstnargruppa. Kulturdirektoratet vil vurdere om kriteria organisasjonen har lagt til grunn, er i tråd med forskrifta. Dersom kriteria er korrekte, vil Kulturdirektoratet leggje talet på medlemmer i kunstnargruppa som organisasjonen opplyser om, til grunn for vurderinga. Kulturdirektoratet kan anten fatte vedtak om at organisasjonen er representativ, eller fatte vedtak om at organisasjonen ikkje er representativ. Dei kan òg be organisasjonen justere kriteria før dei eventuelt søker på nytt.

Det er ikkje optimalt at Kulturdirektoratet må leggje tala frå organisasjonane til grunn utan vidare. Men det vil vere svært uheldig om organisasjonane i staden skulle sende inn medlemslister slik at Kulturdirektoratet sjølv skulle vurdere kva enkeltkunstnarar som høyrer til den aktuelle kunstnargruppa. For det andre er det tvilsamt om det finst heimel i personvernlova til å behandle personopplysningane som medlemskap i interesse- eller fagforeining utgjer.²⁴

Departementet foreslår difor at det er organisasjonen sjølv som gjer avgrensinga, basert på gitte kriterium, jf. ovanfor.

Forslaget om at organisasjonane må søkje Kulturdirektoratet, forhindrar at organisasjonar *utan vidare* får oppnemningsrett. Om dei ikkje måtte søkje, ville det blitt uoversiktlege situasjonar der det er uklart kven som til ein kvar tid har slik rett. At ein må søkje, hindrar truleg òg at organisasjonar som ikkje har organisering av kunstnarar som hovudformål,

²⁴ Den mest aktuelle heimelen er at organisasjonar som søker om representativitet, får samtykke frå medlemmene sine til å oversende medlemslistene, jf. personvernforordninga artikkel 6 første ledd bokstav a. Samtykke kan normalt ikkje brukast som behandlingsgrunnlag dersom det er klar ubalanse mellom den opplysningane gjeld og den behandlingsansvarlege (som her vil vere både organisasjonen og Kulturdirektoratet). Dette gjeld særleg der det offentlege er behandlingsansvarleg, jf. fortalen til personvernforordningen punkt 43. Fordi det kan innebere ein fordel (oppnemningsrett) for organisasjonen og medlemmene å gi samtykke, finst det insentiv som gjer at samtykke truleg ikkje er gyldig behandlingsgrunnlag for medlemslister. Det er altså tvilsamt om ei løysing der organisasjonane sender medlemslister, vil vere lovleg.

som til dømes LO (sentralt), kjem inn i ordninga. Departementet legg til grunn at slike organisasjonar ikkje vil søkje, men om dei gjer det, vil departementet vurdere å supplere forskrifta med kriterium som avgrensar mot dei. Departementet meiner det ikkje er nødvendig med slike kriterium no.

Organisasjonar som allereie har oppnemningsrett i dag treng ikkje å søkje om å behalde retten. Dersom det kjem søknader frå andre organisasjonar om oppnemningsrett, legg departementet til grunn at Kulturdirektoratet bør hente inn informasjon frå organisasjonane som har oppnemningsrett til den aktuelle komitéen i dag.

6.4.2.3.3 Kor mange medlemmer skal kvar organisasjon oppnemne?

Reglane ovanfor svarer ikkje på spørsmålet om kor mange medlemmer kvar representativ organisasjon skal oppnemne. Departementet meiner det ikkje er mogleg å lage ein god standardregel basert på objektive kriterium om slik fordeling. Variasjonane i kunstnargruppene er store, og storleiken på stipendkomitéane vil variere, jf. omtale under 6.3.4.

Forfatterforbundet meiner det er nødvendig at kvar organisasjon med oppnemningsrett får oppnemne like mange medlemer. Departementet er ikkje einig i dette. Målet er å sikre reell representasjon av kunstnarbefolkninga. Då gir det lite meining at ein organisasjon med få medlemmer i ei kunstnargruppe får rett til å oppnemne like mange som ein med langt fleire.

I staden foreslår departementet ei løysing som byggjer på forhandlingar mellom dei representative organisasjonane, jf. utkastet til forskrift § 26 fjerde og femte ledd:

«Dersom fleire organisasjonar har rett til å oppnemne etter første ledd, skal organisasjonane bli einige om kor mange medlemmer kvar organisasjon skal oppnemne.

Kulturdirektoratet set fristen for semje etter fjerde ledd. Dersom organisasjonane ikkje blir samde, bestemmer Kulturdirektoratet kor mange medlemmer kvar organisasjon kan oppnemne. Ved vurderinga skal Kulturdirektoratet leggje vekt på kor stor del av dei yrkesaktive kunstnarane i kunstnargruppa kvar organisasjon representerer.»

Føresetnaden for at denne føresegna kjem til bruk er at meir enn éin organisasjon har oppnemningsrett. Forslaget inneber at desse organisasjonane får ein frist av Kulturdirektoratet til å bli einige om kor mange kvar av dei skal oppnemne. Sjølv om formålet er å sikre best mogleg representasjon, står organisasjonane fritt i forhandlingane.

Om organisasjonane ikkje blir einige innan fristen, fattar Kulturdirektoratet vedtak om kor mange medlemmer kvar organisasjon skal oppnemne. Kulturdirektoratet skal leggje vekt på kor mange av dei yrkesaktive kunstnarane i den aktuelle kunstnargruppa kvar organisasjon representerer. På same måte som ved vurderinga av om ein organisasjon har oppnemningsrett, vil Kulturdirektoratets vurdering måtte basere seg på tal frå organisasjonane som er basert på gitte kriterium.

Forslaget inneber ikkje at Kulturdirektoratet skal mekle mellom organisasjonane. Om dei ikkje blir einige, fattar Kulturdirektoratet vedtak på eiga hand. Direktoratet bør hente inn innspel frå dei aktuelle organisasjonane før det blir fatta vedtak. I ein slik situasjon kan

ein organisasjon som har oppnemningsrett i dag måtte gjere ein vurdering av kor mange av sine medlemmer som tilhøyrrer den aktuelle kunstnargruppa.

Kulturdirektoratet sine vedtak om representativitet og kor mange medlemmer kvar organisasjon kan oppnemne, kan påklagast til Kultur- og likestillingsdepartementet i tråd med forvaltningslova § 28 første ledd. Det er vanleg praksis at departementet er forsiktig med å overprøve det faglege skjønnnet i klagesaker, sjølv om departementet vil ha kompetanse til å gjere det i desse sakane.

6.4.2.3.4 Formkrav til oppnemninga

Gjeldande forskrift punkt 8.2.1 andre ledd stiller krav om at oppnemning skal gjerast av kunstnarorganisasjonane sine «årsmøter, generalforsamlinger eller annen innretning som organisasjonene anser som høyeste fungerende myndighet i slike saker».

Departementet finn ikkje grunn til å vidareføre desse formkrava i ny forskrift.

Departementet legg til grunn at organisasjonane sjølv er best egna til å vurdere kva organ som kan fatte avgjerd om oppnemning (innanfor dei foreinings- og selskapsrettslege reglane som gjeld for organisasjonane).

6.4.2.4 Departementets forslag

Utkastet til forskrift § 26 lyder:

«Medlemmer av stipendkomitéane blir oppnemnde av organisasjonar som representerer ein betydeleg del av dei yrkesaktive kunstnarane i den aktuelle kunstnargruppa, jf. § 31 andre ledd. Utvalet for Statens kunstnarstipend oppnemner medlemmer av stipendkomitéen for andre kunstnarar.

Som yrkesaktive kunstnarar etter første ledd blir rekna personar som har det aktuelle kunstområdet som hovudvirke og ikkje er under grunnutdanning.

Kulturdirektoratet avgjer om ein organisasjon er representativ etter første ledd, basert på søknad frå organisasjonen. Søknaden skal innehalde opplysningar om kor mange kunstnarar i den aktuelle gruppa organisasjonen representerer og gjere greie for dei kriteria organisasjonen har brukt for å definere den aktuelle kunstnargruppa.

Dersom fleire organisasjonar har rett til å oppnemne etter første ledd, skal organisasjonane bli einige om kor mange medlemmer kvar organisasjon skal oppnemne.

Kulturdirektoratet set fristen for semje etter fjerde ledd. Dersom organisasjonane ikkje blir samde, bestemmer Kulturdirektoratet kor mange medlemmer kvar organisasjon kan oppnemne. Ved vurderinga skal Kulturdirektoratet leggje vekt på kor stor del av dei yrkesaktive kunstnarane i kunstnargruppa kvar organisasjon representerer.

Kulturdirektoratet sine avgjerder etter denne føresegna kan påklagast til Kultur- og likestillingsdepartementet.»

Departementet ber om tilbakemelding på forslaget til reglar om rett til oppnemning av medlemmer i stipendkomitéane, jf. utkastet til forskrift § 26.

6.4.3 Kven kan bli oppnemnt?

6.4.3.1 Gjeldande rett

Det er ikkje reglar i dagens forskrift som stiller krav til komitémedlemmene sin kompetanse, utover at komitéane er «sakkyndige organ». Departementet er likevel trygg på at alle kunstnarorganisasjonane som i dag oppnemner medlemmer, har solide system for å sørgje for at medlemmene har sakkunnig kompetanse innanfor komitéens fagområde.

Forskrifta manglar òg reglar om kva omsyn det kan leggjast vekt på ved oppnemning av medlemmene, inkludert reglar som sikrar at uorganiserte og kunstnarar som er organiserte utanfor ein organisasjon med oppnemningsrett, ikkje blir forfordelte.

6.4.3.2 Departementets vurderingar

Dei sakkunnige stipendkomitéane er særskild viktige for legitimiteten til Statens kunstnarstipend. Fagfellevurderinga sikrar at kunstnarane stolar på at det er personar med høg kompetanse på det aktuelle kunstområdet som vurderer søknadene. Av same grunn er stipendkomitéane viktig for å forsvare bruken av statlege midlar til kunstnarstipend. Stipenda blir tildelt basert på relativt fritt kunst- og kulturfagleg skjønn. Då er det viktig at dei som utøver skjønn, har bevisleg høg kompetanse på området.

På bakgrunn av dette foreslår departementet eit krav til at komitémedlemmene skal ha sakkunnig kompetanse på det aktuelle kunstområdet, jf. utkastet til forskrift § 27 første ledd.

Det er organisasjonane med oppnemningsrett som må sikre at komitémedlemmene har den rette kompetansen. Følgjeleg er det organisasjonane som i hovudsak definerer kva som ligg i «sakkunnig kompetanse». Forvaltninga vil likevel kunne gripe inn om ein organisasjon oppnemner nokon som klart ikkje har sakkunnig kompetanse.

I *Kunstnarkår* blir uorganiserte kunstnarar sine moglegheiter til å bli oppnemnt til ein stipendkomité omtalt slik:²⁵

«Dei enkelte stipendkomitéane vert oppnemnde på generalforsamlingane eller årsmøta i kunstnarorganisasjonane. For å kunne stemme fram kandidatar må ein vere medlem og delta i møta. Ei første utfordring med denne praksisen er at han avgrensar høvet til å stille som og stemme på kandidatar for kunstnarar som er uorganiserte. I ei undersøking som er gjort i samband med meldinga, viser utvalet til at dei fleste av fagorganisasjonane dei siste åra rett nok har fått rutinar på plass for at ikkje-organiserte kan veljast til verv i stipendkomitéane. Departementet meiner likevel det er viktig å sikre at alle kunstnarar har reell moglegheit til å verte komitémedlemer, uavhengig av organisasjonstilhøyrse. Alle kunstnarar bør òg ha moglegheit til å stemme fram eigne kandidatar sjølv om dei ikkje er organiserte i ein organisasjon. Det er naudsynleg for å sikre legitimitet til ordninga, som har alle kunstnarar som målgruppe.»

Stortingets familie- og kulturkomité uttalte seg særskilt om spørsmålet:²⁶

²⁵ Meld. St. 22 *Kunstnarkår*, punkt 4.5.4, s. 55

²⁶ Innst. 217 S (2023–2024), s. 14

«K o m i t e e n ønsker et mest mulig organisert kunst og kulturliv, og mener det er positivt at flere tilknytter seg en kunstnerorganisasjon. Samtidig er k o m i t e e n opptatt av at uorganiserte kunstnere, som i dag, skal ha mulighet til å kunne motta stipend og bli valgt inn i stipendkomitéene. I revideringen av forskriften bør dette ivaretas.»

På bakgrunn av dette lyder utkastet til forskrift § 27 andre ledd:

Ved oppnemning skal det ikke leggjast vekt på medlemskap i organisasjonar som er omtalt i § 26. Disse organisasjonane skal sikre system for at uorganiserte kan bli oppnemnt og foreslå medlemmer.

Første punktum (setning) slår fast at det ikke er høve til å leggje vekt på medlemskap i organisasjonar med oppnemningsrett. Organisasjonane kan ikke leggje vekt på at ein kandidat er medlem av eigen organisasjon i vurderinga av om han eller ho skal oppnemnast. Andre punktum gir organisasjonane ei plikt til å sikre system for at uorganiserte kunstnarar både kan bli oppnemnt og foreslå kandidatar.

Det er departementet sin klare intensjon at uorganiserte kunstnarar jamleg skal bli oppnemnt til stipendkomitéane. Dette er særleg viktig i kunstnargrupper der det er mange uorganiserte, eller der relativt få kunstnarar er medlem i organisasjonar med oppnemningsrett.

Departementet har vurdert ein regel som gir organisasjonane ei plikt til å oppnemne uorganiserte, men foreslår ikke ei slik løysing. For det første fordi kunstnargruppene er ulike, i nokre av dei er det relativt få uorganiserte. For det andre kan ein slik regel føre til at det kan vere ein fordel å ikke vere organisert, fordi dei uorganiserte får mindre konkurranse om plassane i stipendkomitéane. I teorien kan dette gi eit uheldig insentiv mot å organisere seg, noko departementet ikke ønskjer. Endeleg vil ein slik regel føre til nye spørsmål om kor mange uorganiserte som skal bli oppnemnt, noko som er både krevjande å regulere og praktisere utan mykje administrasjonsarbeid.

Om departementet får tilbakemeldingar på at organisasjonane aldri eller sjeldan oppnemnar uorganiserte, sjølv om kvalifiserte kandidatar blir foreslått, vil departementet vurdere å innføre strengare reglar.

Departementet foreslår heller ikke at uorganiserte skal ha høve til å stemme fram kandidatar. Det er rett og slett for upraktisk. Organisasjonane vil måtte ha eigne reglar for avstemming og innkalling for uorganiserte. I tillegg kan ein regel som gir uorganiserte høve til å stemme, uthole reglane om oppnemningsrett. I teorien kan uorganiserte og organiserte i andre organisasjonar møte opp og «kuppe» oppnemninga, om dei er mange nok. Då er det ikke nødvendigvis lenger organisasjonen med oppnemningsrett som står for oppnemninga. Departementet vil likevel oppfordre organisasjonar med oppnemningsrett til å inkludere uorganiserte i avstemminga der det er praktisk mogleg.

Departementet foreslår å føre vidare hovudregelen om at organisasjonane kan velje kor lang oppnemningstida for stipendkomitéane skal vere, innanfor ei maksimal funksjonstid, jf. utkastet til forskrift § 27 tredje ledd. Dialogen med kunstnarorganisasjonane viser at

funksjonstida er ganske ulik frå komité til komité. Dette kan det vere gode grunnar for, og departementet kan ikkje sjå vesentlege ulemper med dagens system.

Forslaget inneber å utvide den maksimale funksjonstida for komitémedlemmene frå tre til fire år. Dette samsvarer med funksjonstida til utvalet. Departementet foreslår at fire år er maksimal funksjonstid uavhengig av om det er ein samanhengande periode eller fleire, kortare periodar. Dette er uklart i gjeldande forskrift. Departementet meiner ei maksgrense for tida ein kan sitte totalt, best hindrar at eit bestemt kunstsyn fastnar seg. Departementet legg til grunn at det finst mange nok kvalifiserte kandidatar til at det ikkje vil bli noko problem å finne komitémedlemmer som følgje av regelen. Utkastet § 27 fjerde ledd lyder:

«Den enkelte stipendkomité vel elles si eiga organisering.»

Med dette er det meint at kvar komité står fritt til å velje leiar, eventuelle reglar for når komitéen er vedtaksfør (kor mange medlemmer som må vere habile og til stades for at komitéen kan gi i si innstilling), og til å organisere søknadsbehandlinga slik dei ønskjer innanfor rammene i forskrifta, forvaltningretten og eventuelle instruksar frå utvalet.

6.5 Reglar om forvaltning som ikkje blir vidareført

Dagens forskrift inneheld ei rekkje detaljerte reglar om saksbehandlinga. Fleire av desse er foreslått vidareført og er omtalt ovanfor. Departementet foreslår òg at nokre av dei gjeldande reglane blir oppheva. Omtalen vidare er ikkje ein uttømmende gjennomgang, men dei mest praktiske føresegnene er omtalte.

Nokre av reglane er unødvendige fordi de følgjer av bakgrunnsretten, til dømes forvaltningslova. Dette gjeld blant anna punkt 8 tredje ledd, 8.1 femte ledd og sjette ledd andre punktum i gjeldande forskrift.

Andre reglar er problematiske av omsyn til annan gjeldande rett. Det gjeld til dømes punkt 8.1 sjuande ledd, som slår fast at «standardbegrunnelser vil bli gitt til søkere som får avslag». Krava til grunngjeving av enkeltvedtak følgjer av forvaltningslova §§ 24 og 25. Det skal bli gitt konkrete grunnar for kvart vedtak. Ein regel som slår fast *på førehand* at «standardbegrunnelser» vil bli gitt, er ikkje i samsvar med forvaltningslova.

Departementet meiner likevel at det ikkje er behov for omlegging av praksis knytt til avslag. Det er eigentleg ikkje førehandsavgjorde standardgrunngjevingar som blir gitt. Det blir gitt mange like grunnar for avslag, fordi det er mange saker der avslaget er gitt av same konkrete grunn. Ein slik praksis er ikkje i strid med forvaltningslova. Føresegna om at standardgrunngjevingar blir gitt, bør likevel opphevast.

Eit anna slikt døme er i forskrifta punkt 8.2.3, som slår fast at innstillingane frå stipendkomitéane alltid er «konfidensielle» i visse situasjonar. Ei forskrift som er heimla i Stortinget sitt budsjettvedtak kan ikkje endre praktiseringa av offentleglova. Ei regulering av innsyn i forskrifta for Statens kunstnarstipend vil difor i beste fall vere overflødig.

6.6 Sekretariat for stipendkomitéane

6.6.1 Gjeldande rett og bakgrunn

Kunstnarorganisasjonen som oppnemner medlemmene i ein stipendkomité, er i dag sekretariat for komitéen. Dette følgjer av innarbeidd praksis, det er ikkje reglar om sekretariat for stipendkomitéane i forskrifta.

I *Kunstnarkår* foreslo departementet å overføre sekretariatsfunksjonen frå kunstnarorganisasjonane til Kulturdirektoratet:²⁷

«Eit anna grep for å sikre ryddig forvaltning er å skilje tydelegare mellom forvaltninga av stipendmidlar frå Statens kunstnarstipend og forvaltninga av andre stipend ved å overføre sekretariatsfunksjonen for stipendkomitéane frå kunstnarorganisasjonane til Kulturdirektoratet.»

Om dette uttalte eit fleirtal i Stortingets familie- og kulturkomité følgjande:²⁸

«F l e r t a l l e t har stor forståelse for den bekymringen som flere av organisasjonene har knyttet til forslaget om at det skal utarbeides en plan for å overflytte alle sekretariatsfunksjoner knyttet til Statens kunstnerstipend til Kulturdirektoratet. F l e r t a l l e t mener dette er en uheldig løsning, særlig for de større organisasjonene, og mener dette bør vurderes individuelt, gitt de store variasjonene i kunstfeltet. Samtidig støtter flertallet regjeringens utgangspunkt og ønske om mer transparens og forvaltningsmessig ryddighet.

F l e r t a l l e t ønsker samtidig at der en beholder sekretariatsfunksjonen hos kunstnerorganisasjonene, må det sikres mest mulig lik forvaltningsmessig håndtering på tvers av de forskjellige stipendkomitéene på annet vis, ved at Kulturdirektoratet gis en observatørrolle gjennom hele saksbehandlingen i stipendkomitéene.»

Kultur- og likestillingsdepartementet har halde eit ope innspelsmøte om forvaltninga av Statens kunstnarstipend og gruppevise dialogmøte med dei organisasjonane som har sekretariatsfunksjon i dag, og det er innhenta skriftlege innspel frå desse. I tillegg har Kulturdirektoratet starta dialog med organisasjonane om kven som ønskjer å overføre sekretariatet og korleis dette kan gjerast på ein smidig måte.

6.6.2 Departementets vurdering

Departementet foreslår at dei organisasjonane som ønskjer det, skal overføre sekretariatet nå. Departementet foreslår at sekretariatet òg skal bli overført der svært gode grunnar talar for det (sjå under).

Utfordringa med at alle komitéane har unike sekretariat i kunstnarorganisasjonane er at staten ikkje kan vere sikker på at komitéane følgjer dei forvaltningsrettslege reglane og

²⁷ Meld. St. 22 (2022–2023) *Kunstnarkår*, s. 55.

²⁸ Innst. 217 S (2023–2024), s. 15

prinsippa dei er underlagt. Stipendkomitéane er forvaltningsrettsleg organisert i utvalet for Statens kunstnarstipend. Det er dermed utvalet som er ansvarleg for at komitéane følgjer reglane slik at utvalets vedtak ikkje er hefta med feil.

Kulturdirektoratet har kompetanse på desse områda og er allereie sekretariat for utvalet. Fleire av kunstnarorganisasjonane peiker på at forvaltningskompetansen òg finst i organisasjonane. Departementet har gjennom dialog med organisasjonane òg fått inntrykk av at organisasjonane har slik kompetanse, sjølv om det vil kunne variere frå organisasjon til organisasjon.

Verken utvalet eller departementet kan instruere tilsette i kunstnarorganisasjonane, slik dei kan med komitémedlemmene. Dei *bør* heller ikkje kunne instruere private organisasjonar. Sjølv om sekretæra har den nødvendige forvaltningskompetansen, kan forvaltninga vanskeleg kontrollere og følgje dei opp.

Forvaltningsretten får betydning for den løpande saksbehandlinga, altså alt som skjer i komitéane. Den einaste måten utvalet kan vere sikker på at alt har skjedd på riktig vis, er om dei, eller sekretariatet deira, som òg møter i utvalet, er til stades under heile saksbehandlinga i komitéane. Å overføre sekretariata til Kulturdirektoratet tar ikkje vekk all risiko for feil, men det fjernar risikoen for feil som utvalet ikkje kan vite om.

Dei organisasjonane som allereie har meldt at dei ønskjer ei overføring, er i dialog med Kulturdirektoratet. For resten av stipendkomitéane foreslår departementet at Kulturdirektoratet får møte-, tale- og referatrett i komitémøta. Regelen regulerer det som er omtalt som ei observatørrolle. Rolla vil gi utvalet betre høve til å observere og samkøyre saksbehandlinga i komitéane, så langt ressursane gjer det tenleg at dei er til stades. Dialogen viser at kunstnarorganisasjonane er positive til observatørrolla.

Departementet understrekar at sekretariatsrolla til stipendkomitéane under Statens kunstnarstipend er ein rein administrativ funksjon. Dialogen med kunstnarorganisasjonane viser at det òg er slik rolla blir praktisert i dag. Ei overføring til Kulturdirektoratet vil ikkje innebere endringar på dette punktet. Saksbehandlarane i direktoratet skal ikkje gjere kunst- og kulturfaglege vurderingar eller skrive innstillingar til stipend i rolla som sekretariat for stipendkomitéane, slik dei til dømes gjer for Kulturrådet. Sekretæra i organisasjonane har heller ikkje høve til å gjere slike vurderingar.

I somme tilfelle vil svært gode grunnar tale for å overføre sekretariatet sjølv der organisasjonen ikkje vil. Det kan til dømes vere der ein organisasjon over tid har mangla den nødvendige forvaltningskompetansen. Det mest praktiske dømet er der meir enn éin organisasjon har oppnemningsrett, og dei ikkje blir einige om kven som skal vere sekretariat.

I slike situasjonar meiner departementet at særskilde gode grunnar talar for å overføre sekretariatet til Kulturdirektoratet. Det er ikkje eit godt utgangspunkt for samarbeid at ein organisasjon er tettare på komitéen som sekretariat, enn den andre. Ein kunne ha flytta sekretariatet mellom organisasjonane med oppnemningsrett med jamne mellomrom. Departementet foreslår ikkje ei slik løysing. For det første vil det bli krevjande for organisasjonane å rekruttere og behalde den nødvendige kompetansen det er behov for om

ordninga og forvaltningsretten. For det andre er rulleringa upraktisk og unødvendig byråkratisk. Det vil krevje reglar og prosedyrar for når og korleis rullering skal skje, samt dokumenthandtering, som gjer løysinga upraktisk for utvalet og Kulturdirektoratet.

Når meir enn éin organisasjon har oppnemningsrett og dei ikkje er einige om kor sekretariatet skal liggje, foreslår departementet at det skal ligge i Kulturdirektoratet.

Departementet understrekar at forslaget ikkje legg føringar for *når* overføring skal skje, verken i tilfelle der organisasjonane ønskjer ei overføring eller i slike situasjonar som er omtalt ovanfor. Det er viktig at Kulturdirektoratet er førebudd når dei skal ta over ansvaret, om ikkje vil overføringa kunne medføre ulemper. I tillegg er det viktig at den lange erfaringa og kompetansen som er bygd opp i organisasjonane som har sekretariat i dag, ikkje går tapt i ei forhasta overføring. Kulturdirektoratet må ha tett dialog med dei organisasjonane dette gjeld, om når og korleis overføring skal skje. Andre organisasjonar som ikkje er sekretariat i dag, kan ikkje krevje at overføringa skal skje med ein gong.

Departementet sine forslag til reglar om sekretariat for stipendkomitéane følgjer av utkastet til forskrift § 29 andre og tredje ledd, som lyder:

«Kvar stipendkomité skal ha sekretariat anten i den organisasjonen som oppnemnde medlemmene eller i Kulturdirektoratet. Dersom meir enn éin organisasjon har rett til å oppnemne medlemmer til ein stipendkomité og organisasjonane ikkje blir einige om kven av dei som skal vere sekretariat, skal sekretariatet vere i Kulturdirektoratet.

I stipendkomitéar der Kulturdirektoratet ikkje er sekretariat, har Kulturdirektoratet møte-, tale- og referatrett i komitémøta.»

6.6.3 Delegering

Etter gjeldande rett er det i nokre tilfelle uklart kva Kulturdirektoratet har kompetanse (rettsleg handleevne) til å gjere. Dette kjem av at Kulturdirektoratet både er sekretariat for utvalet, men òg eit eige forvaltningsorgan. Departementet finn ikkje grunn til nokon omfattande gjennomgang av organomgrepet i forvaltningslova eller reglane om intern delegering.

Det er, etter departementets vurdering, behov for reglar som klart definerer i kva tilfelle utvalet kan delegerere avgjerdsrett til Kulturdirektoratet. Formålet med slike reglar er ikkje å utvide tilgangen til å overføre avgjerdsrett til Kulturdirektoratet. Det er utvalet som forvaltar Statens kunstnarstipend.

Utvalet er oppnemnt på grunnlag av den kompetansen på kunst- og kulturfeltet som medlemmene har til saman. Utvalet arbeider på armlengds avstand frå departementet, og utvalet kan ikkje instruerast i saker som gjeld kunst- og kulturfagleg skjønn.

Kulturdirektoratet er ikkje eit armlengdsorgan og er underlagt direkte instruksjonsmakt frå departementet og politikarane. Utgangspunktet bør difor vere at det ikkje er tilgang til å delegerere avgjerdsrett til Kulturdirektoratet i saker som gjeld kunst- og kulturfagleg skjønn. I praksis vil dette føre til at alle avgjerder om tildeling eller avslag på søknad om stipend blir fatta av utvalet.

Det er ikkje tvil om at delegering skjer i dag. Departementet meiner det heller ikkje er tvil om at delegering bør kunne skje. Utvalet har fem medlemmer, og det har ikkje nødvendigvis den same kompetansen på forvaltningsrett som Kulturdirektoratet. Det er heller ikkje meininga, og det er vanleg at slik kompetanse finst i sekretariata for fagfelleorgan.

Eit sentralt døme er saker etter offentleglova. Det er openbert at det ikkje er tenleg, verken i eit ressurs- eller kompetansesperspektiv, at utvalet skal vurdere alle krav om innsyn. Eit anna døme er saker om avvising av søknader og klagar som det er formelle feil ved. Det kan til dømes vere at søknaden er levert for seint, er retta mot feil organ, eller at søknaden gjeld noko det ikkje er mogleg å klage på.

Departementet meiner fordelane med ein tilgang til å delegere saker som gjeld skjønn som ikkje er kunst- og kulturfagleg, er større enn risikoen for ulemper. Departementet minner i den samanheng om at det er utvalet som sjølv vel om ei sak skal delegerast. Dei kan òg gjere om ei avgjerd om delegering når som helst.

Det kan vere tvil om kva som er «kunst- og kulturfagleg skjønn». For å unngå at tilgangen til å delegere blir for vid, foreslår departementet at det berre skal vere mogleg å delegere avgjerdsrett i saker som «klart» ikkje inneber utøving av kunst- og kulturfagleg skjønn, jf. utkastet til forskrift § 30 første ledd.

Departementet foreslår òg eit unntak frå dette utgangspunktet, jf. forskrifta § 30 andre ledd. Behandling av rapportar kan innebere utøving av kunst- og kulturfagleg skjønn. Rapportbehandling er omfattande arbeid, som legg stort press på forvaltninga. Det er ikkje tenleg at utvalet skal gjere desse vurderingane i saker som endar med godkjenning av rapportar. Dette er avgjerder som berre er til gunst for stipendmottakarane. Departementet foreslår difor at utvalet kan delegere avgjerder om godkjenning til Kulturdirektoratet, sjølv der slik godkjenning inneber å utøve kunst- og kulturfagleg skjønn.²⁹

Avgjerder om å ikkje godkjenne rapportar må framleis takast av utvalet, eller eventuelt delegerast særskilt til direktoratet dersom avgjerda ikkje krev kunst- og kulturfagleg skjønn.

6.7 Kvotefordelinga

6.7.1 Innleiing

Den årlege fordelinga av stipendheimlar mellom dei ulike kunstnargruppene blir kalla for «kvotefordelinga». Kvotefordelinga er omtala i *Kunstnarkår*, der det er peikt på at fordelinga er fastlåst og lite fleksibel, noko som ikkje var meininga då ordninga blei

²⁹ Det kan diskutast om godkjenning av rapportar inneber ei «avgjerd» i forvaltningsrettsleg forstand i det heile. Ein kan sjå på det som fullbyrding av vedtaket utvalet har fatta om tildeling av stipend. Slik fullbyrding vil sekretariatet alltid kunne gjere utan ein eigen heimel om delegering. Departementet reknar med at godkjenning i mange tilfelle vil vere slik fullbyrding, men i nokre tilfelle òg vere ei ny avgjerd. På bakgrunn av dette foreslår departementet ein heimel i forskrifta som tar vekk denne tvilen.

innført. Regjeringa foreslo difor at kvotefordelinga skulle gjerast av utvalet, i staden for av departementet, som fattar endeleg avgjerd om fordelinga i dag.

Familie- og kulturkomitéen på Stortinget var uroa for forslaget om å flytte kvotefordelinga til utvalet, og frårådde det. Dermed vedtok Stortinget følgjande:

«Stortinget ber regjeringen videreføre dagens ordning der endelig beslutning om kvotefordeling av stipendhjemplene tilknyttet Statens kunstnerstipend, tas av Kultur- og likestillingsdepartementet.»

6.7.2 Gjeldande rett

Forskrifta punkt 2 første ledd lyder:

«Stortinget fastsetter hvert år bevilgningen til statens stipend og garantiinntekter for kunstnere. Departementet fastsetter, etter samråd med Utvalget for statens stipend og garantiinntekter for kunstnere, heretter kalt Utvalget, og forhandlingsberettigede organisasjoner, fordelingen av midlene mellom de ulike kunstnergruppene (kvotefordelingen).»

Føresegna slår fast at departementet skal fastsetje kvotefordelinga i «samråd» med utvalet og dei «forhandlingsberettigede» organisasjonane. Det er ikkje definert kva som ligg i «i samråd med». I praksis fungerer systemet slik at utvalet for Statens kunstnarstipend lagar eit forslag til kvotefordeling, som Kultur- og likestillingsdepartementet sender på høyring blant kunstnarorganisasjonane. Deretter vedtar departementet den endelege kvotefordelinga.

Kva for kunstnargrupper som kan motta ein kvote med stipend, er heller ikkje definert i forskrifta. I praksis følgjer dette av sedvane, jf. drøftinga av stipendkomitéstrukturen under punkt 6.3.

6.7.3 Departementets vurdering

Departementet foreslår at gjeldande inndeling i kunstnargrupper, og såleis òg kvotefordelinga, blir tatt inn i forskrifta, jf. utkastet § 31 andre ledd. Det er behov for ein tydeleg heimel for inndelinga. Fordelane og ulempene med å ta det inn i forskrifta er langt på veg dei same som for stipendkomitéstrukturen. Departementet viser til drøftinga under 6.3.4.1.

Departementet foreslår at systemet for høyring av kvotefordelinga blir endra, jf. utkastet til forskrift § 32. I dag blir forslaget frå utvalet først sendt på høyring etter at Stortinget har vedtatt statsbudsjettet i desember. Dette er ein vesentleg grunn til at nye stipend først blir utbetalt i april–mai i første stipendår. Departementet kjem tilbake til denne problemstillinga under punkt 6.8.

Departementet foreslår at utvalet sitt forslag til kvotefordeling tar utgangspunkt i den økonomiske ramma som følgjer av Kultur- og likestillingsdepartementets budsjettforslag, Prop. 1 S, som blir lagt fram i oktober. Vidare foreslår departementet at forslaget blir

sendt på høyring med frist på seks veker, jf. krava i Utredningsinstruksen.³⁰ Dersom Stortinget i desember endrar ramma for budsjettet til Statens kunstnarstipend, samanlikna med forslaget i budsjettproposisjonen, foreslår departementet at departementet fordelar eventuelle nye heimlar eller kutt utan ny høyring. I ein slik situasjon vil den allereie gjennomførte høyringa vere eit ferskt kunnskapsgrunnlag.

Forslaget vil føre til at departementet kan vedta kvotefordelinga raskt etter Stortingets budsjettvedtak i desember. Dermed kan utvalet vedta tildeling så tidleg som mogleg, helst i januar, noko det er store fordelar med, jf. punkt 6.8.

6.8 Årshjulet for søknadsbehandlinga

Med unntak av ein regel om søknadsfrist, er det ikkje føresegner i den gjeldande forskrifta om *når* saksbehandlinga under ordninga skal skje. Det er det heller ikkje i utkastet til ny forskrift. Ein vesentleg utfordring med dagens system er at nye stipendmottakarar ikkje får utbetalt stipend før i april–mai, sjølv om stipenda skal dekkje heile året. Departementet høyrer difor eit forslag til justering av det såkalla årshjulet for søknadsbehandlinga, sjølv om dette ikkje gjeld forskrifta.

Dagens system fungerer slik:³¹



Det er fleire grunnar til at første utbetaling kjem så seint. Fristen for å søkje er seint på året, og det er mange søknader som totalt sett tek lang tid å behandle. Kvotefordelinga blir ikkje sendt på høyring før Stortinget har vedtatt budsjettet i desember, og utvalet og Kulturdirektoratet treng tid etter at stipendkomitéane har gitt si innstilling. Til sist må stipendmottakarane akseptere vilkåra for stipendet før utbetalinga kan skje.

Fleire av desse momenta vil bestå. Departementet har etter dialog med Kulturdirektoratet sett på kva som kan sikre raskare utbetaling.

³⁰ [Utredningsinstruksen - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

³¹ Figur utarbeidd av Kulturdirektoratet

Departementet viser først til forslaga til endring av systemet for høyring av kvotefordelinga i punkt 6.7. Forslaget fjernar eit hinder for at utvalet kan fatte vedtak tidleg på året, aller helst i januar.

Det andre grepet er å framskande søknadsfristen. Departementet foreslår at utvalet set fristen for å søkje til omtrent midten av august. Dermed kan stipendkomitéane behandle søknadene frå september til november, medan utvalet og Kulturdirektoratet kan gjere nødvendig forarbeid og saksbehandle i desember. Utvalet kan dermed fatte vedtak om tildeling tidleg på nyåret, helst i januar, og mest sannsynleg sende ut dei første utbetalingane i februar. Dette vil innebere at utbetaling kan skje to til fire månader tidlegare enn i dag.

Departementet ber om tilbakemelding på forslaget om å endre årshjulet, særleg med tanke på når søknadsfristen bør vere.

7 Overgangsregler for utfasa stipendtypar

Stipendtypane «garantiinntekt» og «stipend for eldre fortjente kunstnere» blei fasa ut i 2013. Det er likevel nokre kunstnarar som framleis har slike stipend og vil ha det ei stund framover.

Garantiinntekt gir rett til eit beløp tilsvarende dei langvarige stipenda frem til 67 år. Det er per i dag 42 personar som har garantiinntekt, og dei siste står i ordninga fram til 2039.

Stipend for eldre fortjente kunstnarar gir rett til ca. 10.000 kroner utbetalt to gonger i året. Stipenda varer livet ut. Per mai 2025 er det 95 kunstnarar som har slike stipend.

På bakgrunn av at fleire framleis har dei omtalte stipenda, er det behov for reglar om dei sjølv om det ikkje blir tildelt nye slike stipend. Departementet foreslår at reglane for desse stipenda blir vidareført. Stipenda er allereie fasa ut. Departementet ønskjer ikkje å endre regelverket av omsyn til mottakarane som har innretta seg etter slik forskrifta er i dag. Dette gjeld nokre få personar og utvalet og Kulturdirektoratet har gode rutinar for å følgje opp desse etter gjeldande forskrift. Departementet meiner samla sett at endringar ikkje vil vere tenlege.

Departementet har vurdert om vidareføringa av reglane bør skje i ny eller gjeldande forskrift. Fordelen med å ta dei inn i den nye forskrifta er at heile den gjeldande forskrifta kan opphevast. Reglane om garantiinntekt er svært kompliserte og detaljerte. Av omsyn til å gjere det nye regelverket så tilgjengeleg som mogleg, foreslår ikkje departementet å ta reglane inn i den nye forskrifta. I staden foreslår departementet at gjeldande forskrift punkt 20 (garantiinntekt) og 21 (stipend for eldre fortjente kunstnere) blir vidareført. Departementet foreslår likevel nokre små endringar i ordlyden i punkt 20.5 første ledd og 20.6 første ledd, for å ta omsyn til at resten av den gjeldande forskrifta blir foreslått oppheva. Dette er ikkje realitetsendringar.

Det er tenleg at nokre av dei nye fellesføresegnene òg gjeld for dei utfasa stipendtypane, jf. utkastet til forskrift § 35. Dette sørgjer for at utvalet og Kulturdirektoratet kan ha samsvarande rutinar for kontroll, tilbakebetaling og klagebehandling. Departementet

meiner at det ikkje er til ugunst for mottakarane av dei utfasa stipenda at desse reglane òg gjeld dei.

Endeleg foreslår departementet ein særleg regel om overgangen frå garantiinntekt til langvarig stipend, jf. utkastet til forskrift § 36. Forslaget inneber at mottakarar av garantiinntekt under 60 år sjølv kan velje å gå over på et stipend for etablerte (SEK). Dersom dei gjer eit slikt val, vil dei vanlege reglane om SEK gjelde, jf. utkastet § 19. I det året mottakar av garantiinntekt fyller 60 år kan han velje å gå over på stipend for seniorkunstnarar (SSK). Frå og med året etter at ein mottakar av garantiinntekt fyller 61 år, har han ikkje lenger nokon rett til å gå over på andre stipend. Garantiinntekta varer til mottakaren er 67 år. Stortinget har slutta seg til at endringane i aldersgrensene for SEK og SSK ikkje skal ha tilbakeverkande kraft. Dermed er det heller ikkje aktuelt at garantiinntekta skal vare til 70 år. SEK og SSK varar etter forslaget her til 70 år. Departementet sitt forslag gir difor eit insentiv til mottakarar av garantiinntekt til å gå over på SSK. Departementet ønskjer at så mange som mogleg gjer det, blant anna fordi garantiinntekta er meir arbeidskrevjande å forvalte.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget har nokre økonomiske og administrative konsekvensar for forvaltninga. Det kan kome auka kostnader, særleg knytte til honorering av stipendkomitéane, men òg til Kulturdirektoratet sine nye oppgåver som sekretariat og observatør. Departementet reknar med at reglane om kor mange medlemmer av stipendkomitéane som maksimalt kan behandle ein søknad òg vil føre til nokre innsparingar. Det same gjeld forenklingane i reglane om rapport og kontroll m.m.. Departementet reknar likevel med at dei totale kostnadene for forvaltninga vil auke. Auken er nødvendig for å følgje opp Stortinget si avgjerd om å leggje til rette for at medlemmene av stipendkomitéane kan honorerast på same måte som fagutvala under Kulturrådet. Det er for tidleg å talfeste kor mykje det er tale om. Departementet tek sikte på å dekkje meirutgiftane innanfor eigen budsjetttramme.

Forslaget kan innebere enklare prosess for søkjarane og stipendmottakarane. Forslaget har elles ikkje vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar for dei.

9 Merknader til dei enkelte føresegnene

Til kapittel 1

Til § 1

Føresegna gjeld formålet med Statens kunstnarstipend. Departementet viser til omtale i høyringsnotatet punkt 4.

Til § 2

Føresegna slår fast at forskrifta òg gjeld for Svalbard og Jan Mayen.

Til kapittel 2

Til § 3

Føresegna *første ledd* slår fast at vedtak om tildeling av stipend blir fatta av utvalet for Statens kunstnarstipend på bakgrunn av innstilling frå sakkunnige stipendkomitéar. Utvalet er ikkje bunde av innstillinga, slik dei heller ikkje er etter gjeldande rett. Det følger òg av føresegna at utvalet fattar vedtak om avslag på søknad om stipend.

Andre ledd gir utvalet heimel til å gi instruks om stipendkomiteane sitt arbeid. Dette er ein endring av ordlyden samanlikna med gjeldande forskrift punkt 8.1 fjerde ledd andre punktum, som gir utvalet heimel til å fastsette «retningslinjer». Retningslinjer er eit omgrep som ikkje har eit klart juridisk innhald. Departementet viser til NOU 2019:5 om ny forvaltningslov, kap. 31.6.2, s. 508:

«En instruks er bindende for de forvaltningsorganer eller offentlig ansatte som den er rettet til, men avhengig av sitt innhold kan den gi adressaten en betydelig vurderingsfrihet (skjønn). [...] Retningslinjer kan bestå i å angi formål, momenter eller hensyn ved avveininger når en avgjørelse skal treffes, eller gi uttrykk for det innhold en avgjørelse normalt bør få. Retningslinjene kan være bindende, og er da å anse som en instruks, men ikke en instruks om bestemte saksutfall. Retningslinjene kan også være rent veiledende.»

Omgrepet «retningslinjer» kan skape tvil om det utvalet vedtek, er bindande for stipendkomitéane eller ikkje. Slik departementet forstår dagens praksis, har både utvalet og stipendkomitéane rekna retningslinjene som bindande for komitéane. I så fall er det tale om ein instruks. Dette bør etter departementet si vurdering gå tydeleg fram av forskrifta, slik at det ikkje er tvil om rettsverknaden av utvalet sine generelle vedtak. Etter departementets vurdering er det heller ikkje tvil om at utvalet bør kunne gi generelle, bindande instruksar, slik dei gjer i dag. Departementet understrekar likevel at dette ikkje er meint som ei endring av praksis når det gjeld styring av komitéane. Det klare utgangspunktet må vere at utvalet ikkje gir individuelle instruksar i konkrete enkeltsaker om utøvinga av kunst- og kulturfagleg skjønn. Dette kan opplevast som førande for komitéane si utøving av det kunstfaglege skjønnet som dei er meint å ivareta. Dette vil harmonere dårleg med føremålet med å opprette sakkunnige stipendkomitéar i utgangspunktet. Departementet nemner for ordens skuld at utvalet ikkje er bunde av innstillingane frå stipendkomitéane, jf. første ledd. Det er såleis ein forskjell på å instruere komitéane i konkrete saker ved å legge føringar for innstillinga, og å fråvike innstillinga til komiteane når utvalet fattar vedtak.

Utkastet § 3 *tredje ledd første punktum* slår fast at ein søknad ikkje skal vurderast av meir enn seks stipendkomitémedlemmer. *Tredje ledd andre punktum* gir unntak frå første punktum. Departementet viser til høyringsnotatet punkt 6.3.4.2.

Til § 4

Føresegna gjeld kven som kan få stipend, og inneheld eit bu- og virkekrav.

Første ledd slår fast at det berre er kunstnarar som i hovudsak bur og har sitt virke i Noreg som kan få stipend. «I hovudsak» legg opp til at utvalet må gjere ein skjønnsmessig vurdering av kor mykje av året søkjaren bur i Noreg, og kor mykje av den kunstnarlege verksemda som går føre seg i landet. Det er ikkje noko krav om at søkjaren må ha heile verksemda si i Noreg. Departementet finner det ikkje tenleg å definere nærmare kva som

skal til for å oppfylle bu- og virkekravet, og legg til grunn at utvalet bør definere det i sin forvaltningspraksis.

Andre ledd er eit unntak frå fyrste ledd. Det kan gjerast unntak frå bu- og virkekravet dersom «søkjaren si verksemd har innverknad på kunst- og kulturlivet i Noreg». Føreseгна kjem først til bruk dersom søkjaren ikkje oppfyll bu- og virkekravet i første ledd. Forslaget søker å ta gjeldande rett inn i forskrifta. Departementet viser elles til høyringsnotatet punkt 5.3.

Til § 5

Føreseгна slår fast at det, ved vurdering av søknader som oppfyller vilkåra i § 4 og kap. 3, berre skal leggjast vekt på «kunstnarleg aktivitet og kvalitet». Departementet viser til høyringsnotatet punkt 5.2.

Til § 6

Føreseгна gjeld utdanning og andre arbeidsforhold.

Første ledd slår fast at kunstnarar som tar utdanning som tilsvare 15 studiepoeng eller meir per semester, ikkje kan motta stipend. «Studiepoeng» er definert i universitets- og høyskoleloven § 11-2 første ledd. Med «semester» meinast ein undervisningstermin på maksimalt seks månader. Departementet viser til høyringsnotatet punkt 5.3.2.

Andre ledd første punktum slår fast at mottakarar av stipend ikkje kan vere tilsett i stilling over 50 prosent. Føreseгна gjeld berre for stipend nemnt i §§ 17–20, altså arbeidsstipend, arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar, stipend for etablerte kunstnarar og stipend for seniorkunstnarar. Føreseгна gjeld dermed ikkje for mottakarar av diversestipend og etableringsstipend for unge kunstnarar.

Andre ledd andre punktum slår fast at ein mottakar av stipend likevel kan vere tilsett i meir enn 50 prosent stilling dei første seks månadene av det første året av ein stipendperiode. Departementet viser til høyringsnotatet punkt 5.3.3. Departementet gjer for ordens skuld merksam på at det ikkje er noko forbod mot å vere tilsett i ein større stilling på søknadstidspunktet.

Til § 7

Føreseгна avgjer høve til å få meir enn eitt stipend samtidig.

Første ledd slår fast at ingen kan få meir enn eitt stipend av typen arbeidsstipend, arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar, stipend for etablerte kunstnarar eller stipend for seniorkunstnarar samtidig.

Andre ledd slår fast at mottakarar av stipenda nemnt over, i tillegg kan få diversestipend eller etableringsstipend for unge kunstnarar. Det er opp til utvalet og stipendkomitéane sitt skjønn om det faktisk bør bli gitt meir enn eitt stipend samtidig. Forslaget er ikkje meint som ein endring av gjeldande praksis.

Tredje ledd slår fast at mottakarar av statsstipend ikkje kan få stipend frå Statens kunstnarstipend. Statsstipendiatordninga er ei eiga ordning som er heilt uavhengig av Statens kunstnarstipend, og som blir forvalta av Kultur- og likestillingsdepartementet i

samråd med Kunnskapsdepartementet. Retningslinjene for ordninga finn de her:

[Retningslinjer for statsstipendiatorordningen - regjeringen.no](http://Retningslinjer%20for%20statsstipendiatorordningen%20-%20regjeringen.no)

Til § 8

Føreseгна gjeld storleiken på stipenda.

Første ledd slår fast at Stortinget fastsett storleiken på arbeidsstipend, arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar, stipend for etablerte kunstnarar og stipend for seniorkunstnarar. Kultur- og likestillingsdepartementet fremmer forslag om storleiken i den årlege budsjettproposisjonen.

Andre ledd slår fast at utvalet fastsett storleiken på diversestipend og etableringsstipend for unge kunstnarar. Dette er ein naturleg følgje av at desse stipenda skal dekke konkrete kostnader. Storleiken på stipenda må samsvare med (alle eller nokon av) dei kostnadene som er søkt dekt. Stortinget kan framleis fastsette den maksimale storleiken til desse stipenda, slik dei gjer i dag.

Til § 9

Føreseгна slår fast at utvalet fastset og kunngjer søknadsfristar og krav til søknaden. Føreseгна er ei tydeleg forenkling samanlikna med gjeldande forskrift. Det er ikkje formkrav knytt til kor eller korleis utvalet kunngjer fristar eller krav til søknaden. Utvalet må likevel følgje bakgrunnsretten, mellom anna forvaltningsloven.

Til § 10

Føreseгна inneheld regler for utbetaling. Føreseгна vidarefører gjeldande rett.

Første ledd slår fast at arbeidsstipend, arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar, stipend for etablerte kunstnarar og stipend for seniorkunstnarar utbetalast månadleg. Desse stipenda skal reknast som skattepliktig arbeidsinntekt. Staten skal betale arbeidsgivaravgift til folketrygda. Dette gir stipendmottakarane sosiale rettar i folketrygda.

Andre ledd slår fast at diversestipend og etableringsstipend for unge kunstnarar blir utbetalt som eit tilskot, altså som ei sum ein gong. Det blir ikkje trekt skatt av stipenda, men dei er oppgåvepliktige.

Til § 11

Føreseгна gjeld bruken av stipenda.

Første ledd slår fast at stipenda skal brukast i samsvar med vedtaket om tildeling. Det følgjer implisitt at det òg må brukast i samsvar med forskrifta og bakgrunnsretten.

Andre ledd slår fast at mottakarar av stipend berre har plikt til å varsle utvalet dersom føresetnadene for å motta og bruke stipendet har endra seg «vesentleg».

Departementet viser til høyringsnotatet punkt 5.4.1.

Til § 12

Føresegna inneheld regler for rapportering. Departementet viser til høyringsnotatet punkt 5.4.1.

Til § 13 og 14

Utkastet § 13 gjeld utvalets kontroll med stipendmottakarane. *§ 14* heimlar bortfall av stipend og tilbakebetaling. Departementet viser til høyringsnotatet punkt 5.4.2.

Til § 15

Føresegna gjeld permisjon. Departementet viser til høyringsnotatet punkt 5.5.

Første ledd gir fire gyldige grunnlag for permisjon: Svangerskap, fødsel, adopsjon og sykdom. Lista er uttømmende. Ein kan ikkje få permisjon på andre grunnlag.

Andre ledd gjeld lengda på permisjonen for svangerskap og fødsel (samla) eller adopsjon. Permisjon ved svangerskap, fødsel og adopsjon kan ikkje vare lenger enn 12 månader utover perioden stipendmottakar har rett til stønad etter folketrygdeloven kapittel 14. Normalt er det tale om maksimalt to år permisjon. Det kan likevel bli gitt lenger permisjon i ein stipendperiode, til dømes dersom nokon får meir enn eit barn i same stipendperiode. Forslaget søker å stille stipendmottakarane så likt vanlege arbeidstakarar som mogleg, utan at arbeidsmiljølova kjem til anvending.

Tredje ledd slår fast at permisjon for sjukdom kan vare i maksimalt to år per stipendperiode. Dersom ein stipendmottakar har hatt permisjon for sjukdom i til saman to år, og ikkje kan gjenoppta aktiviteten som gir grunnlag for stipend fordi han framleis er sjuk, fell stipendet bort. Føresegna er ufråvikeleg.

Fjerde ledd slår fast at stipendperioden blir forskyvd tilsvarande permisjonstida ved innvilga permisjon.

Til § 16

Føresegna inneheld regler for klage. Departementet viser til høyringsnotatet punkt 5.4.3 om forslaga til endringar i ordlyden i reglane for klage.

Utkastet § 16 første ledd slår fast at Kultur- og likestillingsdepartementet er klageinstans for enkeltvedtak fatta av utvalet etter denne forskrifta.

Andre ledd slår fast at departementet ikkje kan overprøve utvalets kunst- og kulturfaglege skjønn. Det er høve til å overprøve anna skjønnsprega vurderingar som ikkje er kunst- eller kulturfaglege. Kor denne grensa går er ei konkret vurdering i kvar sak.

Tredje ledd slår fast ein klagefrist på tre veker. Føresegna er tatt inn av pedagogiske grunnar, og viser til den vanlege klagefristen i forvaltningsloven § 29.

Til kapittel 3

Til § 17

Føresegna gjeld arbeidsstipend. Sjå høyringsnotatet punkt 5.6.2.

Første ledd slår fast at alle yrkesaktive kunstnarar kan få arbeidsstipend. Med «yrkesaktiv» meinast personar som er kunstnarar av yrke. Det er ikkje eit krav til at dei

må ha kunst som hovudvirke eller ha meir enn halve inntekta si frå utøvande kunst, sjølv om det ofte vil vere tilfelle.

Andre ledd slår fast at arbeidsstipenda kan bli tildelt for eitt til fem år.

Til § 18

Føreseгна gjeld arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar. Sjå høyringsnotatet punkt 5.6.3.

Første ledd slår fast at yrkesaktive kunstnarar i ein etableringsfase kan få arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar. Sjå merknad til § 17 om «yrkesaktiv». Departementet finn ikkje grunn til å definere vidare kva som meinast med «etableringsfase». Dette bør definerast av utvalet gjennom praksis. Utvalet har allereie omfattande praksis knytt til omgrepet i dag, og den nye forskrifta inneheld ikkje realitetsendringar på dette punktet.

Andre ledd slår fast at stipend kan bli tildelt for eitt til tre år.

Til § 19

Føreseгна gjeld stipend for etablerte kunstnarar.

Første ledd slår fast at yrkesaktive kunstnarar under 60 år som har hatt kunstnarleg aktivitet som hovudvirke over mange år, kan få stipend. Sjå merknad til § 17 om «yrkesaktive» og elles høyringsnotatet punkt 5.6.4.2.

Andre ledd gjeld varigheita av stipendet.

Tredje ledd gjeld fornying. Sjå høyringsnotatet punkt 5.6.4.4.

Fjerde ledd slår fast at det skal gjerast ei vurdering av inntekta til stipendmottakarane, og at stipendet kan falle bort dersom dei har hatt ei medianinntekt over 6 gonger grunnbeløpet (G). Sjå høyringsnotatet punkt 5.6.4.5.

Til § 20

Føreseгна gjeld stipend for seniorkunstnarar.

Første ledd slår fast at yrkesaktive kunstnarar over 60 år som har hatt kunstnarleg aktivitet som hovudvirke over mange år, kan få stipend. Sjå merknad til § 17 om «yrkesaktive» og elles høyringsnotatet punkt 5.6.4.2.

Andre ledd gjeld varigheita av stipendet.

Tredje ledd slår fast at § 19 fjerde ledd første og andre punktum (inntektsvurderinga) gjeld tilsvarande. Sjå merknad til § 19 fjerde ledd.

Til § 21

Føreseгна gjeld diversestipend. Sjå høyringsnotatet punkt 5.6.5.

Til § 22

Føreseгна gjeld etableringsstipend for unge kunstnarar. Sjå høyringsnotatet punkt 5.6.6.

Første ledd slår fast at kunstnarar under 35 år som er tidleg i ein etableringsfase, kan få stipend. Departementet finn ikkje grunn til å definere vidare kva som meinast med «tidleg i ein etableringsfase». Dette bør definerast av utvalet gjennom praksis.

Andre ledd kjem til anvending ved vurderinga av dei søknadene som oppfyller vilkåra i første ledd. Regelen slår fast at utvalet kan leggje vekt på aktivitet under studietida og kor relevant den kunstnarlege utdanninga er, ved vurderinga av kunstnarleg aktivitet og kvalitet etter § 5. Det er opp til utvalet gjennom praksis å slå fast kor mykje vekt desse momenta skal ha. Tolkingsregelen i andre ledd gjeld berre for dei kunstnarane som har utdanning. For andre kunstnarar meiner departementet at hovudregelen er tilstrekkeleg.

Tredje ledd slår fast at ein berre kan få etableringsstipend ein gong.

Fjerde ledd slår fast at § 21 andre ledd gjeld tilsvarende, altså at stipenda skal dekkje konkrete kostnader til den kunstnarlege verksemda. Sjå høyringsnotatet punkt 5.6.5.

Til kapittel 4

Til § 23

Føresegna gjeld utvalet for Statens kunstnarstipend.

Første ledd slår fast at utvalet for Statens kunstnarstipend forvaltar ordninga.

Andre ledd gjeld samansetninga av utvalet. Utvalet består av leiar, nestleiar og tre medlemmer, samt fire varamedlemmer.

Tredje ledd første punktum slår fast at Kultur- og likestillingsdepartementet oppnemner utvalet. Det følgjer av *andre punktum* at leiar, nestleiar og ein medlem, samt to numeriske varamedlemmer blir oppnemnde på fritt grunnlag. Det følgjer av *tredje punktum* at to medlemmer med personlege varamedlemmer blir oppnemnde etter felles innstilling frå organisasjonar med oppnemningsrett til stipendkomitéane. Det ligg i «felles innstilling» at organisasjonane må gi ei samla innstilling. Det er ikkje reglar for korleis dei kjem fram til innstillinga, da departementet meiner organisasjonane bør ha fridom til å lage egne prosedyrar for arbeidet med innstillinga. Det ligg likevel i føresegna at alle organisasjonar med oppnemningsrett til stipendkomitéane skal ha høve til å delta i prosessen. Føresegna inneber ikkje at alle organisasjonane faktisk må delta for at innstilling kan bli gitt. Det avgjerande er at det var mogleg for alle å gjere det.

Fjerde ledd gir departementet heimel til å sette fristar for når organisasjonane må gi innstilling etter tredje ledd, og fritt oppnemne alle medlemmene av utvalet om innstilling ikkje ligg føre innan fristen.

Femte ledd slår fast at utvalet blir oppnemnd for fire år av gongen og at ny oppnemning kan skje.

Til § 24

Føresegna inneheld reglar om når utvalet er vedtaksført.

Første ledd slår fast at utvalet er vedtaksført når minst tre personar, inkludert minst ein kunstnarrepresentant og leiar eller nestleiar, er til stades. Med kunstnarrepresentant meinast medlemmer som er oppnemnt etter innstilling frå organisasjonar med oppnemningsrett til stipendkomitéane, jf. § 23 tredje ledd tredje punktum. Vilråa er kumulative, altså må både ein av dei to kunstnarrepresentantane og leiar eller nestleiar vere til stades.

Andre ledd slår fast at leiaren, eller nestleiaren dersom leiar ikkje er til stades, har dobbelstemme ved stemmelikskap.

Til § 25

Føreseгна gjeld dei sakkunnige stipendkomitéane. Departementet viser til høyringsnotatet punkt 6.3.

Første ledd slår fast at det skal vere stipendkomitéar i samsvar med inndelinga i kunstnargrupper i kvotefordelinga, jf. utkastet § 31 andre ledd.

Andre ledd slår fast at utvalet fastset storleiken på kvar stipendkomité. Storleiken skal vere tilpassa søknadsmengda og ta omsyn til «særlege trekk» ved kunstnargruppa. Med særlege trekk meinast til dømes den faglege breidda i porteføljen til den enkelte stipendkomité. Nokre stipendkomitéar dekkjer større fagområde enn andre. Til dømes er det to ulike stipendkomitéar for komponistar, medan det er ein felles komité for biletkunst. Det kan vere behov for å tilpasse storleiken til breidda i porteføljen. Det kan òg vere andre trekk ved kunstnargruppa eller kunstarten som kan gi grunn til å ha ulik storleik på komitéane.

Til § 26

Føreseгна gjeld rett til å oppnemne medlemmer av stipendkomitéane. Departementet viser til høyringsnotatet punkt 6.4.2, der det er ein omfattande omtale av føreseгна.

Til § 27

Føreseгна gjeld samansetninga av stipendkomitéane. Departementet viser til høyringsnotatet punkt 6.4.3.

Til § 28

Føreseгна slår fast at likestillings- og diskrimineringsloven § 28 gjeld tilsvarande for oppnemning til både utvalet og kvar enkelt stipendkomité. For utvalet følgjer dette klart og direkte av loven. Sidan stipendkomitéane ikkje er eigne organ i forvaltningsrettsleg forstand, og medlemmene blir oppnemnt av kunstnarorganisasjonar, er det ikkje heilt openbart at krava til kjønnsbalanse gjeld for kvar enkelt komité. Departementet foreslår difor at dette blir slått fast i forskrifta.

Til § 29

Føreseгна gjeld sekretariat for både utvalet og stipendkomitéane. Sjå høyringsnotatet punkt 6.6.1 og 6.6.2.

Til § 30

Føreseгна gjeld delegering. Sjå høyringsnotatet punkt 6.6.3

Til § 31

Føreseгна gjeld «kvotefordelinga», altså den årlege fordelinga av stipendheimlar mellom dei ulike kunstnargruppene. Sjå høyringsnotatet punkt 6.7.

Første ledd slår fast at fordelinga blir fastsett av Kultur- og likestillingsdepartementet etter innstilling frå utvalet for Statens kunstnarstipend. Utvalet skal altså levere ei slik innstilling til departementet.

Andre ledd slår fast inndelinga i kunstnargrupper som ligg til grunn for kvotefordelinga.

Til § 32

Føreseгна gjeld høyring av forslaget til kvotefordeling, sjå høyringsnotatet punkt 6.7.

Første ledd slår fast at utvalet lagar årleg forslag til kvotefordeling, og at Kultur- og likestillingsdepartementet skal sende forslaget på høyring. Høyringsfristen skal vere seks veker, om ikkje spesielle forhold gjer det nødvendig med ein annan frist. Med «spesielle forhold» meinast til dømes ein situasjon der seks vekers høyringsfrist ikkje vil gjere det mogleg å fatte avgjerd om kvotefordelinga i tide til å fatte vedtak om stipend tidleg på året.

Andre ledd slår fast at forslaget som blir sendt på høyring etter første ledd, skal baserast på den økonomiske ramma som følgjer av Kultur- og likestillingsdepartementets årlege budsjettproposisjon.

Dersom Stortinget vedtar ei anna økonomisk ramme for kvotefordelinga enn den som følgjer av Kultur- og likestillingsdepartementets budsjettproposisjon, følgjer det av *tredje ledd* at Kultur- og likestillingsdepartementet fastset den endelege kvotefordelinga utan ny høyring.

Til kapittel 5

Til § 33

Føreseгна gjeld ikraftsetjing. Det er for tidleg å slå fast når forskrifta skal tre i kraft. Departementet gjer merksam på at det ikkje er aktuelt at forskrifta trer i kraft slik at forskrifta blir gjeldande for søknadsfristen i 2025. Saksbehandlinga av søknader til fristen i år (hausten 2025) vil difor skje etter gjeldande forskrift.

Til § 34

Føreseгна gjeld stipend som blei tildelt før forskrifta tredde i kraft. Føreseгна gjeld berre dei stipendtypane som blir vidareført i ny forskrift, altså ikkje for garantiinntekt og stipend for eldre fortente kunstnarar (sjå merknad til § 35).

Første ledd slår fast at den nye forskrifta gjeld for behandling av saker knytt til stipend som blei tildelt (etter den gjeldande forskrifta) før den tredde i kraft.

Andre ledd slår fast at stipend som blei tildelt før den nye forskrifta tredde i kraft, har den varigheita som følgjer av vedtaket om tildeling. Føreseгна er ikkje strengt nødvendig, men er tatt inn av pedagogiske omsyn for å hindre forvirring knytt til at aldersgrensene for dei langvarige stipenda blir endra.

Til § 35

Føreseгна avgjer kva føreseigner i den nye forskrifta som skal gjelde for mottakarar av garantiinntekt og stipend for eldre fortente kunstnarar. Heile kapittel 1 og 4, samt §§ 3, 6

første ledd, 11, 13, 14 første ledd og 16, gjeld «så langt dei passar». Tilføyninga av «så langt dei passar» er berre meint å sikre tilfelle der ordlyden i fellesføresegnene ikkje passar heilt språkleg for dei utfasa stipenda. Det er ikkje meininga at reglane (som gjeld) skal tolkast annleis for desse stipenda. Formålet med føresegna er å gjere forvaltninga av ordninga smidig, utan å gjere vesentlege endringar for mottakarar av dei utfasa stipenda.

Til § 36

Føresegna gjeld det valet mottakarar av garantiinntekt har om å gå over på stipend for etablerte kunstnarar (SEK) eller stipend for seniorkunstnarar (SSK). Departementet viser til høyringsnotatet punkt 7.

10 Utkast til forskrift

I

Forskrift om Statens kunstnarstipend

Kapittel 1. Innleiande føresegner

§ 1. Formål

Statens kunstnarstipend skal bidra til å nå måla i den statlege kunstnarpolitikken ved å leggje til rette for at enkeltkunstnarar, gjennom direkte tilskot frå staten, kan bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv.

Stipenda skal gi kunstnarar høve til å utvikle sitt kunstnarlege virke og ha kunstnarleg aktivitet som hovudvirke.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld òg for Svalbard og Jan Mayen.

Kapittel 2. Fellesføresegner

§ 3. Saksbehandling

Vedtak om tildeling av stipend etter denne forskrifta blir fatta av utvalet for Statens kunstnarstipend på bakgrunn av innstilling frå sakkunnige stipendkomitéar. Utvalet er ikkje bunde av innstillinga.

Utvalet for Statens kunstnarstipend kan gi instruks som er bindande for stipendkomitéane.

Ein søknad skal ikkje vurderast av meir enn seks komitémedlemmer. Dersom det er nødvendig for at komiteen skal kome fram til ei felles innstilling, kan enkelte søknader likevel vurderast av fleire komitémedlemmer.

§ 4. Kven kan få stipend

Kunstnarar som i hovudsak bur og arbeider i Noreg, kan få stipend.

Det kan gjerast unntak frå første ledd dersom søkjaren si verksemd har innverknad på kunst- og kulturlivet i Noreg.

§ 5. Kriterium for tildeling

Ved vurdering av søknader som oppfyller vilkåra i § 4 og kapittel 3, skal det berre leggjast vekt på kunstnarleg aktivitet og kvalitet.

§ 6. Utdanning og andre arbeidsforhold

Kunstnarar som tar utdanning som tilsvarende 15 studiepoeng eller meir per semester, kan ikkje motta stipend.

Den som får stipend etter §§ 17–20, kan ikkje vere tilsett i stilling over 50 prosent. Dette gjeld likevel ikkje dei første seks månadane av det første året av stipendperioden.

§ 7. Fleire stipend

Ingen kan motta meir enn eitt stipend nemnt i §§ 17–20 samtidig.

Mottakarar av stipend etter §§ 17–20 kan i tillegg få stipend nemnt i §§ 21–22.

Mottakarar av statsstipend kan ikkje motta stipend frå Statens kunstnarstipend.

§ 8. Storleiken på stipenda

Storleiken på stipenda i §§ 17–20 blir fastsett av Stortinget.

Storleiken på andre stipend blir fastsett av utvalet for Statens kunstnarstipend.

§ 9. Søknad

Utvalet for Statens kunstnarstipend fastset og kunngjer søknadsfristar og krav til søknaden.

§ 10. Utbetaling

Stipenda i §§ 17–20 blir utbetalt månadleg og rekna som skattepliktig arbeidsinntekt. Staten skal betale arbeidsgivaravgift til folketrygda for slike stipend.

Stipenda i §§ 21–22 blir utbetalt som eitt tilskot. Det blir ikkje trekt skatt av stipenda, men dei er oppgåvepliktige.

§ 11. Bruken av stipendet

Stipendet skal brukast i samsvar med vedtaket om tildeling.

Mottakarar av stipend skal varsle utvalet dersom føresetnadene for å få stipendet har endra seg vesentleg.

§ 12. Rapportering

Mottakarar av stipend skal levere ein årleg rapport.

Rapport om stipend nemnt i §§ 17–20 skal beskrive den kunstnarlege aktiviteten og korleis stipendet er brukt.

Rapport om stipend nemnt i § 21–22 skal innehalde ei økonomisk oversikt over korleis stipendet er brukt.

Utvalet kan fastsetje nærmare krav til rapportering som er nødvendig for å føre kontroll etter § 13.

§ 13. Kontroll

Utvalet fører kontroll med at stipendet er brukt i tråd med føresetnadene, basert på ei vurdering av risiko og kva som elles er vesentleg å kontrollere.

Mottakarar av stipend skal på førespurnad gi alle opplysningar som er nødvendige for at utvalet kan føre slik kontroll som er nemnt i første ledd.

§ 14. Bortfall av stipend og tilbakebetaling

Om det er utbetalt stipend i strid med forskrifta eller vedtaket, eller stipendet er nytta i strid med føresetnadene, kan utvalet bestemme at retten til stipend fell bort og krevje tilbake heile eller delar av stipendet.

Dersom mottakarar av stipend ikkje har levert rapport etter § 12, kan utvalet bestemme at retten til stipend fell bort og krevje tilbake heile eller delar av stipendet det ikkje er rapportert for.

§ 15. Permisjonar

Mottakar av stipend omtalt i §§ 17–20 kan få permisjon ved svangerskap, fødsel, adopsjon og sjukdom.

Permisjon ved svangerskap, fødsel og adopsjon kan ikkje vare lenger enn 12 månader utover perioden stipendmottakar har rett til stønad etter folketrygdeloven kapittel 14.

Permisjon ved sjukdom kan ikkje vare lenger enn til saman to år.

Ved innvilga permisjon blir stipendperioden forskyvd tilsvarende permisjonstida

§ 16. Klage

Kultur- og likestillingsdepartementet er klageinstans for enkeltvedtaka utvalet for Statens kunstnarstipend fattar etter denne forskrifta.

Departementet kan ikkje overprøve vedtak fatta av utvalet når det kjem til det kunst- og kulturfaglege skjønnet, jf. forskrift 20. november 1987 nr. 924.

Klager skal sendast til utvalet innan tre veker etter at melding om vedtaket har kome fram til søkjaren, jf. forvaltningsloven § 29 første ledd.

Kapittel 3. Føresegner om dei enkelte stipenda

§ 17. Arbeidsstipend

Alle yrkesaktive kunstnarar kan få arbeidsstipend.

Stipendet kan bli tildelt for eitt til fem år.

§ 18. Arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar

Yrkesaktive kunstnarar i ein etableringsfase kan få arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar.

Stipendet kan bli tildelt for eitt til tre år.

§ 19. Stipend for etablerte kunstnarar

Yrkesaktive kunstnarar under 60 år som har hatt kunstnarleg aktivitet som hovudvirke over ange år, kan få stipend for etablerte kunstnarar.

Stipendet skal bli tildelt for ti år. Stipendet fell bort seinast månaden etter at mottakaren har fylt 70 år.

Stipendet kan bli fornya. Dette gjeld sjølv om kunstnaren har fylt 60 år. Søknad om fornying skal vurderast på like vilkår som ein ordinær søknad om stipend. Vedtak i sak om fornying skal vere fatta minst åtte månader før stipendperioden går ut.

I år fem av stipendperioden skal det gjerast ei vurdering av inntekta til stipendmottakaren. Dersom medianverdien av alminneleg inntekt med fråtrekk av stipendet i dei fire første åra er høgare enn 6G, fell retten til stipendet bort frå og med den fjerde månaden etter vedtak er fatta. Dersom stipendet blir fornya, skal det gjerast ei tilsvarende vurdering i år ti og i femte år i ny periode. Alle åra med stipend som ikkje har blitt vurdert tidlegare, skal vurderast.

§ 20. Stipend for seniorkunstnarar

Yrkesaktive kunstnarar over 60 år som har hatt kunstnarleg aktivitet som hovudvirke over mange år kan få stipend for seniorkunstnarar.

Stipendet blir tildelt fram til mottakaren er 70 år. Stipendet fell bort frå månaden etter at mottakaren har fylt 70 år.

§ 20 fjerde ledd, første og andre punktum gjeld tilsvarende.

§ 21. Diversestipend

Alle yrkesaktive kunstnarar kan få diversestipend.

Diversestipend kan dekkje konkrete kostnader knytt til den kunstnarlege verksemda.

§ 22. Etableringsstipend for unge kunstnarar

Kunstnarar under 35 år som er tidleg i ein etableringsfase, kan få etableringsstipend for unge kunstnarar.

Ved vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet, jf. § 5, kan det for etableringsstipenda leggjast vekt på aktivitet under studietida og kor relevant den kunstnarlege utdanninga er.

Ein kunstnar kan berre få etableringsstipend ein gong.

§ 21 andre ledd gjeld tilsvarende.

Kapittel 4. Forvaltning og organisering

§ 23. Utvalet for Statens kunstnarstipend

Utvalet for Statens kunstnarstipend forvaltar Statens kunstnarstipend.

Utvalet består av leiar, nestleiar og tre medlemmer, samt fire varamedlemmer.

Kultur- og likestillingsdepartementet oppnemner utvalet. Leiar, nestleiar og ein medlem, samt to numeriske varamedlemmer blir oppnemnde på fritt grunnlag. To av medlemmene med to personlege varamedlemmer blir oppnemnde etter felles innstilling frå organisasjonane som etter § 26 har rett til å oppnemne medlemmer av stipendkomitéane.

Departementet set fristar for når organisasjonane må gi innstilling etter tredje ledd. Blir det ikkje gitt innstilling innan fristen, vil departementet oppnemne medlemmer til utvalet på fritt grunnlag.

Utvalet blir oppnemnt for inntil fire år av gongen. Ny oppnemning kan skje.

§ 24. Når utvalet er vedtaksført

Utvalet er vedtaksført når minst tre personar, inkludert minst ein kunstnarrepresentant og leiar eller nestleiar, er til stades.

Leiaren har dobbeltstemme ved stemmelikskap. Dersom leiaren ikkje er til stades, har nestleiar dobbeltstemme.

§ 25. Sakkunnige stipendkomitéar

Det skal vere sakkunnige stipendkomitéar i samsvar med inndelinga i kunstnargrupper etter § 31 andre ledd.

Utvalet for Statens kunstnarstipend fastset storleiken på stipendkomitéane. Storleiken skal vere tilpassa søknadsmengda og ta omsyn til særlege trekk ved kunstnargruppa.

§ 26. Rett til å oppnemne medlemmer av stipendkomitéane

Medlemmer av stipendkomitéane blir oppnemnde av organisasjonar som representerer ein betydeleg del av dei yrkesaktive kunstnarane i den aktuelle kunstnargruppa, jf. § 31 andre ledd. Utvalet for Statens kunstnarstipend oppnemner medlemmer av stipendkomitéen for andre kunstnarar.

Som yrkesaktive kunstnarar etter første ledd blir rekna personar som har det aktuelle kunstområdet som hovudvirke og ikkje er under grunnutdanning.

Kulturdirektoratet avgjer om ein organisasjon er representativ etter første ledd, basert på søknad frå organisasjonen. Søknaden skal innehalde opplysningar om kor mange kunstnarar i den aktuelle gruppa organisasjonen representerer og gjere greie for dei kriteria organisasjonen har brukt for å definere den aktuelle kunstnargruppa.

Dersom fleire organisasjonar har rett til å oppnemne etter første ledd, skal organisasjonane bli einige om kor mange medlemmer kvar organisasjon skal oppnemne.

Kulturdirektoratet set fristen for semje etter fjerde ledd. Dersom organisasjonane ikkje blir samde, bestemmer Kulturdirektoratet kor mange medlemmer kvar organisasjon kan

oppemne. Ved vurderinga skal Kulturdirektoratet leggje vekt på kor stor del av dei yrkesaktive kunstnarane i kunstnargruppa kvar organisasjon representerer.

Kulturdirektoratet sine avgjerder etter denne føresegna kan påklagast til Kultur- og likestillingsdepartementet.

§ 27. Samansetning av stipendkomitéane

Medlemmer av stipendkomitéane skal ha sakkunnig kompetanse på det aktuelle kunstområdet.

Ved oppnemning skal det ikkje leggjast vekt på medlemskap i organisasjonar som er omtalt i § 26. Desse organisasjonane skal sikre system for at uorganiserte kan bli oppnemnt og foreslå medlemmer.

Organisasjonar med rett til oppnemning etter § 26 vel kor lenge komitémedlemmene skal bli oppnemnt for. Ingen kan sitje lenger enn fire år til saman.

Stipendkomitéane vel elles si eiga organisering.

§ 28. Kjønnssbalanse

Likestillings- og diskrimineringsloven § 28 gjeld tilsvarende for oppnemning til både utvalet og stipendkomitéane.

§ 29. Sekretariat

Kulturdirektoratet er sekretariat for utvalet for Statens kunstnarstipend.

Kvar stipendkomité skal ha sekretariat anten i den organisasjonen som oppnemnde medlemmene eller i Kulturdirektoratet. Dersom meir enn éin organisasjon har rett til å oppnemne medlemmer til ein stipendkomité og organisasjonane ikkje blir einige om kven av dei som skal vere sekretariat, skal sekretariatet vere i Kulturdirektoratet.

I stipendkomitéar der Kulturdirektoratet ikkje er sekretariat, har Kulturdirektoratet møte-, tale- og referatrett i komitémøta.

§ 30. Delegering

Utvalet for Statens kunstnarstipend kan delegere myndigheit til Kulturdirektoratet i saker som klart ikkje inneber vurdering av kunst- og kulturfagleg skjønn.

Utvalet kan òg delegere til Kulturdirektoratet å godkjenne rapportar.

§ 31. Kvotefordeling

Den årlege fordelinga av midlane mellom dei ulike kunstnargruppene som er lista opp i andre ledd, blir fastsett av Kultur- og likestillingsdepartementet etter innstilling frå utvalet for Statens kunstnarstipend.

Følgjande kunstnargrupper kan få tildelt stipendkvote etter første ledd:

- a. Andre kunstnargrupper
- b. Barne- og ungdomslitterære forfattarar

- c. Biletkunstnarar
- d. Dansekunstnarar
- e. Dramatikarar
- f. Faglitterære forfattarar og omsetjarar
- g. Filmkunstnarar
- h. Folkekunstnarar
- i. Fotografar
- j. Komponistar
- k. Kritikarar
- l. Kunsthandverkarar
- m. Musikarar, songarar og dirigentar
- n. Populærkomponistar
- o. Sceneinstruktørar
- p. Scenografar og kostymedesignarar
- q. Skjønlitterære forfattarar
- r. Skjønlitterære omsetjarar
- s. Skodespelarar og dukkespelarar
- t. Teatermedarbeidarar

§ 32. Høyring av kvotefordelinga

Utvalet for Statens kunstnarstipend lagar årleg forslag til kvotefordeling. Kultur- og likestillingsdepartementet sender forslaget på høyring. Høyringsfristen skal vere seks veker om ikkje spesielle forhold gjer det nødvendig med ein annan frist.

Forslaget som blir sendt på høyring etter første ledd, skal baserast på den økonomiske ramma som følgjer av Kultur- og likestillingsdepartementets årlege budsjettproposisjon.

Dersom Stortinget vedtar ei anna økonomisk ramme for kvotefordelinga enn den som følgjer av Kultur- og likestillingsdepartementets budsjettproposisjon, fastset departementet den endelege kvotefordelinga utan ny høyring.

Kapittel 5. Overgangsføresegner og slutføresegner

§ 33. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft x.y.2026.

§ 34. Stipend som blei tildelt før forskrifta tredde i kraft

Denne forskrifta gjeld òg for behandling av saker knytt til stipend som blei tildelt før forskrifta tredde i kraft.

Stipend som er tildelt før forskrifta tredde i kraft, har den varigheita som følgjer av vedtaket om tildeling.

§ 35. Garantiinntekt og stipend for eldre fortente kunstnarar

Denne forskrifta §§ 3, 6 første ledd, 11, 13, 14 første ledd og 16 gjeld for mottakarar av garantiinntekt og stipend for eldre fortente kunstnarar så langt dei passar. Dei andre fellesføresegnene gjeld ikkje.

Forskrifta kapittel 1 og 4 gjeld så langt dei passar.

§ 36. Frå garantiinntekt til langvarig stipend

Mottakarar av garantiinntekt under 60 år som seier frå seg garantiinntekta, har rett til å få eit stipend for etablerte kunstnarar etter § 19.

I året dei fyller 60 år, har mottakarar av garantiinntekt rett til å få stipend for seniorkunstnarar etter § 20, dersom dei seier frå seg garantiinntekta.

Frå og med året etter fylte 60 år, har mottakarar av garantiinntekt ikkje rett til andre stipend, men dei kan søkje på vanleg måte.

II

I forskrift 16. september 1998 nr. 936 om statens stipend og garantiinntekter for kunstnere, gjøres følgende endringer:

Punkt 1–19 og 22–25 oppheves.

Punkt 20.5 første ledd skal lyde:

Garantiinntekt varer til og med den måneden kunstneren fyller 67 år. Garantiinntekt kommer til utbetaling også under sykdom som berettiger til sykepenger. Staten har til gjengjeld rett til overfor trygdemyndighetene å kreve sykepengene utbetalt direkte til seg. Blir kunstnere berettiget til annen stønad fra folketrygden som er ment helt eller delvis å erstatte garantiinntekten, faller garantiinntekten bort i samme utstrekning for den perioden stønaden gjelder.

Punkt 20.6 første ledd skal lyde:

For å beholde rett til å motta garantiinntekt, må kunstneren være yrkesaktiv som kunstner. Når det er gått fem år fra tildelingen av garantiinntekt til en kunstner, og senere hvert tredje år, foretas en vurdering av om vedkommende fortsatt kan anses som yrkesaktiv kunstner. Slik vurdering kan også ellers skje når det finnes særlig grunn til det.

Nytt punkt 20.8 skal lyde:

Det tildeles ikke nye garantiinntekter.

Nytt punkt 21.5 skal lyde:

Det tildeles ikke nye stipend for eldre fortjente kunstnere.